



”Kampen om den gode staden”

Ei sosiokulturell studie av korleis planar om
bergverksindustri kan innverke i stadsforteljingar om
Naustdal kommune og bygda Vevring

SPL - 3900

Ørjan Stubhaug

Masteroppgåve i samfunnsplanlegging og kulturforståing
Institutt for sosiologi, statsvitenskap og samfunnsplanlegging
Universitetet i Tromsø
Våren 2011

Oppgåva inneheld 29 118 ord frå og med kapittel 1 til og med kapittel 6

Forord

Masteroppgåva er endeleg i boks og Naustdal, Vevring og Nordic Mining blir for min del lagt i ei teoretisk dvale. No gjenstår det berre å sjå kva framtida faktisk vil bringe for Naustdal og Vevring.

Eg har mange å takke for at oppgåva mi har oppgåva har kunna blitt realisert. Tusen takk til informantane mine, dykk har alle gitt meg mykje ny kunnskap og har alle tatt meg godt imot. Uansett utfall av Engebøprosjektet så får eg berre håpe på best mogleg resultat for alle partar i Naustdal og Vevring. Tusen takk alle saman.

Tusen takk til min rettleiar Anniken, takk for alle dine kritiske og konstruktive tilbakemeldingar. Takk for at du har hjelpt til med å strukturere og fokusere mitt til tider så kaotiske arbeid.

Takk til min medstudent Ingeborg for våre to år i lag på planlegging, det kan nesten ikkje overvurderast kor viktig den gode samtalen med deg har vore.

Takk til alle på program for samfunnsplanlegging og kulturforståing for to særslig lærerike år.

Den største takken fortener min kjære sambuar og mor til vårt barn. Utan deg ville eg aldri greidd å leve masteroppgåva på normert tid. At du i tillegg til å vere fulltidsstudent også til tider har fungert som aleinemor for at eg skal fullføre mastergraden på normert tid er ei gáve så stor at eg er deg evig takknemleg. Kanskje er det din tur til å ta ein mastergrad?

Tromsø 29.mai.2011

Kapittel 1: Innleiing – Tematikk og forskingsområde	1
1.1 Introduksjon	1
1.2 Analytisk tilnærming	2
1.3 Bakgrunn for Engebøprosjektet	3
1.3.1 Sjødeponiets omfang	4
1.3.2 Engebøsaka, ein pågåande prosess.....	5
1.3 Utvikling i Naustdal	6
1.3.1 Engebøprosjektet medverkar i lokale spenningar i Naustdal kommune	7
1.4 Tilnærming til problemstilling	8
1.5 Oppgåvas gang	10
Kapittel 2: Ei diskursanalytisk tilnærming til stadsforståing.....	13
2.1 Innleiing.....	13
2.2 Diskursanalytisk perspektiv.....	14
2.2.1 Diskursanalysens utgangspunkt	14
2.2.2 Diskursanalysen tar form	14
2.2.3 Språket.....	15
2.2.4 Diskursanalytiske implikasjonar.....	16
2.2.5 Diskurs.....	17
2.2.6 Representasjonar	18
2.2.7 Sosialkonstruktivisme	19
2.3 Å studere stader diskursanalytisk	21
2.3.1 Når diskursar om staden er fokuset for analysen	21
2.3.2 Den essensialistiske staden.....	21
2.3.3 Den relasjonelle og den sosialt konstruerte staden	22
2.3.4 Metodologiske implikasjonar	22
2.4 Diskurs- og sosiokulturell stadsanalyse oppsummert.....	24
Kapittel 3: Feltarbeid og datainnsamling.....	27
3.1 introduksjon	27
3.2 Ei kvalitativ undersøking.....	27
3.3.1 Feltarbeid og datainnsamling.....	27
3.3.2 Intervju	29
3.3.3 Tematikk i intervjuja	32
3.3.4 Feltsamtale	33
3.3.5 Tekstanalyse	34
3.3 Forskingsetiske omsyn.....	36
3.4 Vegen vidare etter innsamling av empiriske data	37
3.5 Korleis sikre kunnskapsproduksjon?	38
Kapittel 4: Naustdal og Vevring, ulike stadsforteljingar.....	39
4.1 Introduksjon	39
4.2 Vevring, den gode staden	40
4.2.1 Ei alternativ stadsforteljing.....	45
4.2.2 Engebøprosjektet innverkar i stadsforteljingar i Vevring	47
4.3 Naustdal, ein trist og kjedeleg kommune	47
4.3.1 Engebøprosjektet innverkar i stadsforteljingar om Naustdal kommune.....	50
4.3.2 Vevring og Naustdal, konkurrerande stadsforteljingar	50
Kapittel 5: Det er framtida som står på spel	53
5.1 Innleiing.....	53
5.2 Bergverksindustrien vil kunne redde Naustdal	53
5.3 Engebøprosjektet, ein trussel mot eksisterande stadsutvikling.....	55
5.4 Naustdal treng vekst og utvikling	56
5.4.1 ”Utan arbeidsplassar vil Naustdal døy ut”	58

5.5 ”Den positive stadsutviklinga i Vevring står i fare”	60
5.6 Nasjonale og internasjonale diskursar i ein kommunal samanheng.....	63
5.7 Å utdefinere den politiske motparten	65
5.8 Vitskapleg usemje er sentral for det lokale debatten	67
5.9 Å konstruere framtidforteljingar om Naustdal og Vevring	70
5.10.1 Den gode staden.....	71
5.10.2 Spøkelsesstaden	72
Kapittel 6: Avslutning.....	75
6.1 Innleiing.....	75
6.2 Ei sosiokulturell stadsanalyse på Naustdal og Vevring.....	75
6.2.1 Naustdal og Vevring, nye diskursar	78
6.3 Ei generell betrakting av kva denne studien kan bidra med på å rette søkelys mot.....	79
6.3.1 Arbeidsplassar som einaste mål for positiv distriktsutvikling i Noreg	80
Litteraturliste	84
Avisartiklar	85
Internettressurser	86
Andre dokument.....	86
Vedlegg 1	88
Vedlegg 2	89
Vedlegg 3	90

Kapittel 1: Innleiing – Tematikk og forskingsområde

1.1 Introduksjon

I Noreg er det i dag venta stor vekst innan bergverksnäringa, fleire har uttrykt at ei slik näring ser ut til å bli det nye ”industrieventyret” i Noreg. I følge Norges geologiske undersøkelse (NGU¹) er Noreg svært rik på mineralressursar, i lausmasse og fast fjell finst det i dag kjende mineralressursar til ein potensiell verdi av meir enn 1500 milliardar kroner. I frå regjeringa si side er bergverksindustrien rekna for å vere ei typisk distriktsnäring spesielt knyt til kystområda (Nærings- og handelsdepartementet²). I så måte er denne näringa rekna for å ha eit stort potensial for å sikre busetnad i distrikta langs heile Noregskysten. På same tid har industrien eit stort konfliktpotensial ved at den må gjere beslag på relativt store areal. Areal som allereie blir nytta til ulike formål av ei lokalbefolkning.

I min oppvekstkommune Naustdal i Sogn og Fjordane, har Nordic Mining ASA planlagd oppstart av gruvedrift, det såkalla Engebøprosjektet. Dette prosjektet skal etter planen etablerast i bygda Vevring, ei bygd kor det finst nokså stor motstand mot gruvedrifta. Gruveplanane har skapt ein omfattande offentleg debatt i Naustdal kommune der lokalbefolkninga er svært ulikt innstilt til kor vidt dette er noko som ønskjast velkommen eller ikkje. Det er stor usemje om kva som vil skje med Naustdal kommune dersom Engebøprosjektet realiserast. I denne samanhengen ønskjer eg å fokusere på forventningar ulike aktørar i lokalsamfunnet har til gruvedrifta. Lokalbefolkninga har svært ulik forståing av kva prosjektet vil kunne medføre for Naustdal kommune og bygda Vevring som stader. Mange trekkjer på ulik forståing av kva stad Naustdal og Vevring er og burde vere for fortida, notida og framtida, og dette blir brukt for å skape legitimitet for kva befolkninga forventar Engebøprosjektet vil medføre. Eg håpar eit slikt fokus vil kunne bidra til ei forståing av korleis slike omfattande industritiltak kan innverke på ei lokalbefolkning, der slike prosjekt skriv seg inn i og utfordrar etablerte relasjonar, prosessar og meiningskonstruksjonar. Engebøprosjektet medverkar til ein stadstransformasjon i ein kommune som tidlegare

¹

http://www.nussir.no/opplastet/filer/201012231844_76250_Media%20Forskningsrådet%20Store%20mineralmuligheter%20i%20nord%20des10.pdf

² <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/presesenter/pressemeldinger/2009/ny-minerallov.html?id=555903>

aldri har hatt industri av ein slik storleik. Naustdal kommune og bygda Vevring blir arenaer for interessekonfliktar, der ulike aktørar kjemper om retten til å definere og bestemme over korleis framtida skal og burde sjå ut. Slik sett har bergverksnæringa eit stort konfliktpotensial sidan industrien er avhengig av å etablerast der kor mineralførekomstane finst. I så måte er det ikkje noko forhandlingsgrunnlag på kvar industrien skal ligge reint geografisk og dermed er kampen om Naustdal og Vevring i gang, sidan det finst ulike interesser som definerer korleis staden skal og burde takast i bruk.

Årsaka til at eg har valt å studere den planlagde gruvedrifta si innverknad på lokalbefolkinga i Naustdal kommune er fleire. For det fyrste har desse planane skapt ein omfattande debatt om i kva grad lokalbefolkinga faktisk ønskjer ei gruvedrift velkommen, ein debatt eg synes er interessant i seg sjølv. For det andre representerer dette noko relativt nytt i forskinga; ved at oppgåva studerar industrietablering i ein kommune som aldri tidlegare har hatt industri og i ei bygd der det finst relativt stor motstand mot prosjektet. For det tredje meiner eg det er interessant å kunne gjere ei samfunnvitskapleg studie av ein industri som er rekna for å vere i startfasen av det fleire har uttrykt som det nye ”industrieventyret”.

1.2 Analytisk tilnærming

Denne oppgåva vil vere inspirert av ei sosiokulturell stadsanalyse som i stor grad bygg på det teoretiske og metodologiske grunnlaget ein kan finne i diskursanalysen. Ei sosiokulturell sett aktørar og aktørars relasjon til stader i fokus, i så måte studerer vil eg studere sosiokulturelle aspekt ved stader (Røe, Eidheim og Schmidt 2002). I ei slik stadsanalyse blir ikkje ein stad forstått som ei objektiv gitt verkelegheit, men som eit kryssingspunkt for ulike erfaringar, meningar og interesser. Dermed vil eg gjennom denne oppgåva forstå omgrepet stad som noko relasjonelt og som ein sosial konstruksjon. Eg har i så måte valt ein sosialkonstruktivistisk posisjon, der eg forstår verkelegheita til menneske og korleis menneske held seg til verkelegheita som sosialt konstruert og produsert. I sosialkonstruktivistisk forstand eksisterer stader berre gjennom at menneske knytt erfaringar og meningar til den. Gjennom forteljingar om staden kan eg avdekke diskursive konstruksjonar, kunnskap og makt i tilknyting til Engebøprosjektet. For meg blir det eit mål å spore kva som kan vere uttrykk for gyldig kunnskap for dei som deltar i det meiningsfellesskapet ein offentleg debatt utgjer.

Mi stadsanalyse vil vere ei kartlegging av ulike stadsforteljingar slik dei blir fortalt i tilknyting med Engebøprosjektet. Eg meiner at slike stadsforteljingar gjer der mogleg å seie noko om korleis lokalbefolkninga i Naustdal kommune forstår positive og negative ringverknadar i frå den planlagde gruvedrifta. Ambisjonen er å synleggjere korleis forteljingar om staden i realiteten omhandlar eit ”spel om staden” eller eit spel om å definere kva som reknast for å vere den ”rette” stadsforteljinga. Gjennom stadsforteljingar legitimerar lokalbefolkninga i Naustdal og Vevring for kvifor det er ønskjeleg, eventuelt uønskjeleg med bergverksindustri kommunen.

1.3 Bakgrunn for Engebøprosjektet

I Engebøfjellet i Vevring finst det ein bergart som heiter eklogitt. Globalt sett er eklogitt rekna for å vere ein sjeldan bergart. Eklogitt består av ei rekkje ulike typar mineral, men det er spesielt mineralet rutil Nordic Mining ønskjer å utvinne. I følgje NGU³ er det i det geologiske fagmiljøet anerkjend at førekomstane i Engebøfjellet representerer ei av dei viktigaste kjende mineralressursane i Noreg i dag. Nordic Mining peiker på store bruksområdet for rutil, der det blir i dag nytta innan medisin/helse, miljøteknologi og forbruksvarer. Eksempelvis blir rutil brukt i produksjon av kunstige hofter og kneledd og i pigmentindustrien.

På 1970-tallet blei det anerkjend at det fantes ein stor rutilforekomst på Engebøfjellet i Vevring i Naustdal kommune. Sidan har det vore undersøkt kva for moglegheiter som finst for kommersiell uttak av mineralet. Førekomsten vart undersøkt i løpet av 1995 til 1997 i eit samarbeidsprosjekt mellom titanprodusenten DuPont og oljeselskapet Conoco. Undersøkingane påviste ein omfattande førekomst av mineralet. Førekomsten dannar ein ca. 2.5 km lang sørvestlig/nordøstlig fjellrygg på nordsida av Førdefjorden mellom Engebø og Vevring. I dag er førekomsten i Engebøfjellet rekna for å vere den største funne ressursen i Noreg⁴. Fjord Blokk (eit lokalt føretak) forsøkte midten av 90-talet å få i stand produksjon av eklogitt til spesielle byggeformål, noko som var mislukka og enda med konkurs for verksemda. DuPont/Conoco inngjekk då ein avtale med Fjord Blokk i 1995 om vidare undersøking av rutil-mogleheitene. Dette resulterte i at det i løpet av 1995-97 blei bora til saman ca. 15.000 m fordelt på 50 borehull. Det vart oppdaga at ressursen er på cirka 400 millionar tonn eklogitt med gjennomsnittlig

³ http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_deposit_fakta.Main?p_objid=12376&p_spraak=N.

⁴ For meir informasjon <http://www.ngu.no/mineralforekomster/engebofjellet/index.php>.

ca. 4% rutil. Den industrielle prosessen rundt uttak av rutil frå eklogikk reknast for å vere "ny" i den forstand at ingen selskap har tidlegare erfaring med dette. Vidareutviklinga av Engebøfjellet reknast å vere forbundet med relativt stor risiko, sidan Nordic Mining ser det naudsynt å deponere store mengder restmasse frå produksjonen på botnen av Førdefjorden.

I 2006 kjøpte Nordic Mining ASA ni mineralkrav på rutilførekomensten i Engebøfjellet frå Conoco Phillips Investment Norway AS. Nordic Mining har sidan satt i gang ein omfattande prosess som har enda med forslag til reguleringsplan med konsekvensutreilingar (KU), eit stort og omfattande dokument der forskjellige faginstansar har gjort sine utreilingar på kva konsekvensar Engebøprosjektet vil kunne ha å seie for;

- miljøet på land (landskapsinngrep, kulturminne, støv og støy)
- miljøet i Førdefjorden (djupvassdeponi for gruveavgang sine effektar på botnfauna og botnfisk, biologisk mangfold og laksefisk)
- naturressursar (oppdrettsnæringen, yrkesfiske, landbruk)
- for samfunn (trafikale forhold, sosiale forhold og trivsel)

På bakgrunn av Engebøprosjektet sitt omfang blir det rekna for å vere den største saka som er blitt handsama i Naustdal kommune si historie. Det som har fått mest merksemd i den offentlege debatten er at Nordic Mining gjev lovnadar om 170 arbeidsplassar direkte sysselsett i gruvedrifta og at dei søkt om å deponere store mengder knust steinmasse på botnen av Førdefjorden.

1.3.1 Sjødeponiets omfang

I den offentlege debatten er det ei stor usemje rundt potensielle konsekvensar som restdeponiet vil ha på sjølivet i Førdefjorden. Nordic Mining har søkt om ei utsleppsløyve på å tilføre fjorden ei produksjonsrestmasse på cirka 140 millionar m³ med steinmasse, over ein periode på ca 50 år (Asplan Viak og Nordic Mining). I eit forsøk på å sette desse tala i perspektiv har Sunnfjordavisa Firda rekna ut at massen som skal tilførast fjorden, svarar til 767 lastebillass i døgeret, 365 dagar i året, dei neste 50 åra (Firda: 06.09.10).

Mange fryktar for kva som vil skje med livet i fjorden i tida under og etter deponitida. Det ein kan lese ut frå Norsk institutt for Vannforskning (NIVA), koordinator for konsekvensutgreiinga, er at deponiet vil ha avgrensa effekt på livet i Førdefjorden. NIVA konkluderer med at miljøskadane vil avgrense seg til sjølve deponiområde, noko som ikkje alle faginstansar seier seg eining i. Blant anna har Havforskningsinstituttet (HI) og fiskeridirektoratet sagt seg kritisk til NIVA sine påstandar om deponiet. HI seier at NIVA ikkje har samla tilstrekkeleg med data for å hevde det dei gjer og i tillegg peiker HI på at det finst gyteplassar for kysttorsk og ein raudlista ål-bestand i det planlagde deponiområde. Saka blir oppleve å vere noko ekstra komplisert sidan NIVA og HI som vitskaplege aktørar er så usamd.

1.3.2 Engebøsaka, ein pågåande prosess

Planprosessen starta våren 2007 med tinging av reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Fyrste forslag til reguleringsplan med konsekvensutredning frå Nordic Mining ASA var klar sommaren 2009. Saka har vore tre gonger til handsaming i kommunestyret på bakgrunn av ny tilleggsinformasjon i saka. Tredje gongs handsaming måtte til fordi fiskeridirektoratet gjekk til motsegn på reguleringsplanen. Naustdal kommune forsøkte då å gå til mekling med fiskeridirektoratet, men det første ikkje fram og motsegna til direktoratet står ved lag.

Fleire sentrale aktørar har sagt seg positiv til Engebøprosjektet som blant anna Landsorganisasjonen i Norge (LO), Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane og kommuneadministrasjonen og kommunestyret i både Naustdal kommune og i nabokommunen Askvoll.

Den endelege handsaminga av reguleringsplan for utvinning av rutil i Engebøfjellet i Naustdal kommune vart handsama 11 mai 2011 og blei vedtatt med eit stort fleirtal. Sidan motsegna i frå Fiskeridirektoratet står ved lag, må saka sendast direkte til Miljøverndepartementet for endeleg handsaming og eventuell stadfesting.

1.3 Utvikling i Naustdal



Faksimile Bergens Tidende: 30.08.2010

I Naustdal kommune bur det om lag 2700 menneske og folketalsutviklinga har sidan år 2001 hatt ei svak negativ utvikling (SSB⁵). Dette er ein jordbrukskommune der det finst lite privat næringsverksemd og kommunen er i dag den største arbeidsgjevaren. Kommunen kan sjåast som ein pendlarkommune der storparten av innbyggjarane dagpendlar til småbyane Florø og spesielt Førde. Byane Florø og Førde er svært viktig for utviklinga som føregår i Naustdal kommune. Begge desse bykommunane har oppleve ei stabil befolningsvekst over lengre tid. I Naustdal kommune er det i dag fleire av kommunens innbyggjarar som arbeider i Førde enn i eigen heimkomme. Dei som er busett i Naustdal sentrum brukar om lag 12-15 minuttar køyretur til Førde og er ein busett i ytterkantane av kommunen må folk belage seg på omlag 30 minutters kjøretur. Kommunen profilerer seg sjølv som ein perfekt plass å bu for pendlarar og ein stad med stor klimatisk og visuell variasjon frå fjellheim til kyst som høver godt til eit aktivt friluftsliv. Likevel er det sakna arbeidsplassar i kommunen og fleire har uttrykt at Naustdal må vere noko anna en ein såkalla ”sovekommune” for Førde. Mange seier at det er i Førde all utvikling føregår og at Engebøprosjektet gjev ein unik moglegheit til at Naustdal også kan få oppleve ei positiv utvikling.

Engebøprosjektet skal etter planen etablerast ved Engebøfjellet i Vevring, ei bygda kor det finst relativt stor motstand mot prosjektet. Vevring var ein eigen kommune fram til 1964, då blei Vevring slått saman med Naustdal til ein kommune. Bygda har per i dag cirka 300 innbyggjarar fordelt på grondene Gryta, Kvellestad, Redal og Vevring. Befolkinga i bygda har over lengre tid arbeida for å skape ny tilflytting til bygda, noko

⁵ <http://www.ssb.no/kommuner/1433>

dei til ein viss grad har fått til. I Vevring er det få tradisjonelle næringar, men det finst noko landbruk, ein lokal matvarebutikk, barnehage og ein barneskule, det blir også satsa på noko turisme. Fleire av innbyggjarane dagpendlar til nabokommunane Flora og Førde. Vevring er nasjonalt sett kjend for sitt yrande kulturliv som ved blant anna Vevringutstillinga. Erlend Hammer, ein Kunsthistorikar og journalist i Dagbladet skriv at;

Vevringutstillinga er utvilsomt en av Norges viktigste utstillinger.

(Dagbladet: 17.09.17)

Fleire av innbyggjarane føler seg trua av ei eventuell gruvedrift, sidan staden blir oppleve som ei kunst- og kulturbygd i nær tilknyting til natur. Engebøprosjektet blir oppleve å gå på tvers av den stadsutviklinga folk i bygda over lengre tid har arbeidd med å få til. Befolkningsrekryttering føregår ved freistingar som kunst, kultur, natur, skule, barnehage og gode rekreasjonsmogleigheter.

1.3.1 Engebøprosjektet medverkar i lokale spenningar i Naustdal kommune
I denne oppgåva vil eg legge til grunn eit perspektiv på stader ved at dei er flyktige og omskiftelege og at stader i prinsippet er eit sosialt og relasjonelt produkt (Røe 2010). Stader eksisterer ved at mennesket knytt erfaringar og meningar det. Det skapast biletet av stader som justerast eller bekrefast i kommunikasjon mellom menneske. Sidan det er så mange som uttrykker seg om ein stad så eksisterer det til ein kvar tid mange ulike versjonar av staden. Men desse er ikkje berre reine subjektive fenomen, dei blir danna av intersubjektive og kollektive erfaringar og oppfatningar av ein stad. Doreen Massey (i Røe, Eidheim og Schmidt 2002) viser at stader ofte er gjenstand for opprivande interne konfliktar. Stader er altså ein arena for interessekonfliktar, og territoriale spørsmål knytt til stader kan vere kjelde til konflikt mellom ulike grupper. Slike spenningar treng ikkje komme til overflata slik at den sett preg på eksempelvis den offentlege debatten. Spenningar kan ligge latent for så å bluse opp i forbindning med sosiale prosessar som aktualisrar konflikttema. Den planlagde gruvedrifta verkar i stor grad å aktualisere og forsterke lokale spenningar. Det skapast eit skilje mellom Vevring til forskjell frå resten av kommunen og omvendt. Eit biletet både gruvetilhengarar og gruvemotstandarar aktualisrar og forsterkar. Engebøprosjektet slik det er presentert i

dag har skapt stor usemje med tanke på kor vidt bergverksindustri er noko befolkninga ønskjer velkomen til kommunen eller ikkje.

Fleire personar busett i Vevring arbeider aktivt for å motarbeide ei eventuell godkjenning av oppstart av gruvedrift. Planane om gruvedrift i Vevring er oppleve å gå på tvers av eksisterande kvalitetar i bygda. Vevring blir av mange sett på som ei spesiell bygd både innanfor kommunegrensene og i regionen Sunnfjord. Noko av årsaka til dette må seiast å kunne relaterast til den kunst- og kulturaktiviteten som finst i bygda. Det blir sett på som ein enorm god moglegheit å kunne få lov til å kunne bu i Vevring, slik bygda oppfattast å vere i dag. Fleire seier at dei vil flytte vekk i frå Vevring dersom ei gruvedrift kjem til bygda, fordi ein ikkje vil ha denne storindustrien som nabo. Slik mange definerer Vevring så opplevast dette å vere i direkte kontrast til det Engebøprosjektet representerer, mellom anna fordi omfanget av prosjektet opplevast å vere alt for stort og omfattande. Då reguleringsplanen endeleg vart vedtatt i kommunestyret 11 mai 2011 var det berre fire av totalt tjueein kommunestyrerrepresentantar som stemde i mot. Tre av desse fire representantane er busett i Vevring.

På den andre sida så er det nettopp storleiken av tiltaket som verkar tiltrekkande for mange. Fleire i Naustdal kommune framhevar at det er snakk om 170 arbeidsplassar direkte sysselsett i gruva som igjen vil medføre store positive ringverknadar. Viktige ringverknadar for ein kommune som for mange opplevast å vere i økonomisk og befolkningsmessig nedgang.

Det kan verke som om debatten rundt Engebøprosjektet er eit døme på korleis eksisterande og lokale spenningar får komme fram i lys. Ulik definering av Naustdal og Vevring kan ha noko å seie for kvifor lokalbefolkninga er imot eller tilhengjar av gruveprosjektet. Ulike stadsforteljingar i kommunen og Vevring blir eit viktig reiskap for å skape legitimitet for eigen innstilling til Engebøprosjeket.

1.4 Tilnærming til problemstilling

Ulike aktørar er med på å definere eller framstille gruvedrifta som ei redning eller som øydeleggande for Naustdal kommune og Vevring. Gruvedrifta skal gje tiltrengte pengar og arbeidsplassar til kommunen. Ei vanleg forståing av tiltaket er at ei slik storsatsing

vil kommunen aldri få tilbod om igjen dersom ein vel å seie nei til dette. Då seier kommunen nei til omlag 170 såkalla ”kompetansebaserte” arbeidsplassar som skal til for å drifte ei slik gruvesatsing og ein seier nei til uana positive ringverknader. Mange håper at 170 arbeidsplassar direkte sysselsett i gruva vil kunne gje synergieffektar av andre såkalla ”kompetansebaserte” næringar. Problematisk blir det når ei slik gruvedrift skal etablerast i ei bygd der store delar av befolkninga ikkje ønskjer dette velkomen. Ein stad som profilerer seg på andre verdiar enn det fleire oppfattar at Nordic Mining kan gje lovnadar om. Fokus i den offentlege debatten har vore på i kva grad fjorddeponiet vil påverke livet i fjorden, i kva grad Naustdal er avhengig av arbeidsplassar og korleis deponiet og storindustrien ikkje er sameinelig med eksisterande verdiar i Vevring. Eksempelvis skal Vevringutstillinga i prinsippet vere ein nøytral instans med tanke på Engebøprosjektet, men likevel har alle deltagande kunstnarar skrive under på eit opprop imot prosjektet. I september 2009 på 30 års jubileet til utstillinga vart den opna med Maja Ratkjes verk «Desibel», som er ei åtvaring mot rasering av naturen og fjorden i Vevring. Desibel er eit ti meter langt mobilt hornhøgtalarsystem som dekkjer mellom 15 hz og 15 000 hz. Vekta er på to tonn, og lengda på ti meter. Kunstverket Desibel blir rekna som ei av verdas største mobile høgtalarsystem. Desibel vart produsert for Vevringutstillinga som ein protest mot det planlagde gruveprosjektet på Engebøfjellet.

Eg har valt å fokusere på den debatten som Naustdal kommune sine eigne innbyggjarar skaper og deltar i. Ulike aktørar fortel og konstruerer nokre stadsforteljingar for å seie noko om korleis Naustdal og Vevring er og burde vere i fortida, notida og framtida. Slike forteljingar blir brukt for å skape legitimitet for eige syn på Engebøprosjektet. Stadsforteljingane blir (re)fortalt i ulike former, i ulike settingar og til ulike tider.

I ein kommune med svakt dalande innbyggjartal er det mange som håpar at Engebøprosjektet med sine 170 arbeidsplassar vil kunne snu den negative trenden. På same tid er det også fleire som er kritisk til Engebøprosjektet slik det er presentert i reguleringsplanen. Noko som har vore interessant for meg er dette spennet av ulike forventningar av kva dette tiltaket vil medføre. Det verkar å vere ei kopling mellom ulike forventningar og korleis Naustdal og Vevring definerast som stader. Ulik definering av Naustdal og Vevring som stader kan ha noko å seie noko for kor vidt ein er for eller imot Engebøprosjektet.

Denne oppgåva vil som sagt vere inspirert av ei sosiokulturell stadsanalyse der eg studerer lokale forventningar til kva Nordic Mining sin planlagde gruveetablering vil kunne medføre for Naustdal kommune og bygda Vevring. Kommunen har aldri hatt industri av ein slik storleik, noko nabokommunane har hatt i ei årrekke. Ei slik planlagd gruvesatsing gjer noko med stadsforteljingar om Naustdal kommune og bygda Vevring, fordi ulike aktørar er med på å fryse fast og konstruerer nye forteljingar. Forventningar til kva prosjektet vil kunne medføre forstår eg å vere nært knytt saman med ulik bruk og erfaring av stadane, og ulik definering av Naustdal og Vevring får konsekvens for kva slags utvikling befolkninga ønskjer. Gjennom ein studie av forventningar håper eg å kunne få tilgang til forteljingar om staden/kommunen. Problemstillinga som er utarbeida lyder som følgjer;

Korleis innverkar planlagd bergverksindustri i lokale diskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere?

(1)Kva for nokre stadsforteljingar finst og produserast om Naustdal og Vevring slik dei kjem fram i tilknyting til Engebøprosjektet?

(2)Korleis blir politisk legitimitet skapt i Engebøsaka?

Det å studere forventningar tilbyr eit mogleg inntak for å studere lokale stadsforteljingar om kva Naustdal og Vevring er, burde og skal vere. Eg har som illustrert ovanfor delt opp problemstillinga mi i to delspørsmål. Eg meiner at den planlagde gruvedrifta sett i kraft nokre prosessar der lokalbefolkninga bevisst og ubevisst legg til grunn nokre stadsforteljingar for kva for stad lokalbefolkninga opplever at dei bur på. Stadsforteljingar kan bli eit viktig ledd for korleis ulike aktørar legitimerer for sine standpunkt på Engebøprosjektet.

1.5 Oppgåvas gang

Oppgåva er delt inn i seks kapittel

I dette kapittelet har eg gitt ei kort innleiing for det overordna forskingsområde, der eg har presentert kva eg skal studere og med kva slags innfallsinkel. Deretter har eg gitt

ein kort presentasjon av tingas tilstand i kommunen slik eg finn i mine data. Så har eg greidd ut om problemstillinga og dei to delspørsmåla.

I kapittel to handsamast mitt analytiske og teoretiske rammeverk. Mitt analytiske perspektiv vil vere inspirert av ei sosiokulturell stadsanalyse som har sitt utspring frå diskursanalyse. Slik sett vil eg gjere greie for det analytiske perspektivet og synleggjere relevansen dette har for problemstillinga.

I kapittel tre handsamast dei forskingsmetodar eg har tatt i bruk for å gjennomføre mi datainnsamling. Eg viser korleis eg har gått fram under mitt feltarbeid i min eigen oppvekstcommune Naustdal og kva fordelar og utfordringar eg stod ovanfor. Det vil bli klargjort kva slags data eg har fått tilgang til og kva eg les ut av dei ulike data.

I kapittel fire byrjar min analyse for fullt. Her skal eg forsøke å gje eit slags svar på mitt fyrste delspørsmål til problemstillinga. Eg skal vise korleis tilhengjarar og motstandarar av Engebøprosjektet definerer kommunen i samanheng med prosjektet. Det er lite felles forståing i dei to leirane om kva Naustdal er og kva slags behov staden treng.

I kapittel fem skal eg forsøke å svare på det andre delspørsmålet til problemstillinga. Her skal eg søker eg å finne ut korleis politisk legitimitet blir skapt i Engøprosjeket. Eg vil vise at det føregår eit omfattande diskursivt arbeid for å forme framtidforteljingar om korleis Naustdal og Vevring vil sjå ut med og utan gruvedrift.

Heilt til slutt i siste kapittel skal eg oppsummere mine hovudfunn der målet å svare på sjølve problemstillinga. Eg skal forsøke å seie noko om korleis Engebøprosjektet innverkar i lokale diskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere. Før eg sett endeleg punktum vil eg vise kva eg meiner denne oppgåva bidrar med å rette sokelys mot.

Kapittel 2: Ei diskursanalytisk tilnærming til stadsforståing

2.1 Innleiing

I dette kapitelet vil eg gjere greie for det teoretiske og metodologiske grunnlaget for mi masteroppgåve. Dette er eit viktig aspekt i samfunnvitskapen, det fortel noko kva slags ”briller” ein ser med og korleis ein ser med dei. I nyare samfunnvitskap er det i dag brei semje om at det ikkje er mogleg for forskaren å stå utanfor det som studerast og objektivt skildre det ein ynskjer å seie noko om. Donna Haraway har introdusert omgrepet *situering* i forsking for å sikre ein viss grad av objektivitet og på den måten sikre kvaliteten til forskinga (i Kramvik 2007: 60). Haraway peiker på at det ikkje er tilstrekkeleg å syne kvar kunnskapen kjem i frå, men forskaren må også syne sjølve kunnskapssynet i kunnskapsproduksjonen. Forskaren er utstyrt med ein ryggsekk full av bagasje som er med på å styre kva han ser og kva han ser etter. Det vi ser og korleis vi ser det avhenger av kva for briller og andre tekniske innrettingar ein er utstyrt med, og dermed skal eg også gjere eit forsøk på å illustrere sjølve kunnskapssynet for min kunnskapsproduksjon.

Denne oppgåva vil som sagt i stor grad vere inspirert av ei sosiokulturell stadsanalyse. Røe (2010) peiker på viktigheita av eit konstruktivistisk perspektiv på stader, noko som leiar fram til ei diskursanalytisk tilnærming. Ei sosiokulturell stadsanalyse sett diskursar om staden og stadens utvikling i fokus. Eg meiner dette vil vere formålsteneleg med tanke på mi problemstilling, fordi den planlagde bergverksindustrien verkar å sette i kraft ein diskursiv kamp om å få definere stadane Vevring og Naustdal, kor innbyggjarane trekker på forskjellige representasjonar for å tilskrive stadane meining. Dermed vil representasjonar av Naustdal og Vevring vere sentralt for i mi masteroppgåve. Eg vil vere opptatt av samanstøyt mellom aktørars ønskjer om å definere kva Naustdal er historisk, i notida og for framtida. Eg meiner den planlagde gruvedrifta aktualiserer ein slik kamp og at det er ein arena kor det trekkjast på fleire forskjellige diskursar for å gje meining til Naustdal og Vevring som stader.

Det overordna formålet med dette kapittelet vil vere å gjere greie for det teoretiske og metodologiske fundamentet som eg brukar for å framanalysere korleis lokale diskursar om Naustdal og Vevring blir innverka av planane om gruvedrift.

2.2 Diskursanalytisk perspektiv

Mi diskursanalyse vil vere i stor grad vere inspirert av ei sosiokulturell stadsanalyse, slik denne skildrast av Per Gunnar Røe (2010). Dette er ei form for diskursanalyse som trekker på antropologisk, sosiologisk og samfunnsgeografisk teori. Men før eg går inn på den sosiokulturelle stadsanalysen vil eg fyrst gjere greie for det diskursanalytiske synet på kunnskap.

2.2.1 Diskursanalysens utgangspunkt

Jørgensen og Phillips (2010: 14) seier det finst mange forskjellige måtar å bruke diskursteori på, men dei peiker på fire felles nøkkelpremiss for alle diskursanalytiske tilnærmingar. (1) Ein diskursanalytikar vil for det første ha ei kritisk haldning til det som er forstått som sjølvsagt og naturleggjort. Det er ikkje mogleg å ta vårt medvit av verda og dermed forstå det som ei objektiv sanning. Verkelegheita er berre tilgjengeleg gjennom våre kategoriar, og vår kunnskap og våre verdsbilete er ikkje spegelbilete av verkelegheita der ute, men eit resultat av våre måtar å kategorisere verda på. (2) For det andre forståast verda som noko historisk og kulturelt spesifikt. Menneske er grunnleggande historiske og kulturelle vesen, folks syn på verda og kunnskap er alltid kulturelt og historisk vevd inn. Her er eit sentralt poeng at vårt verdsbilete alltid kunne ha vore forskjellig, og verdbilete kan og vil sannsynleg forandrust over tid. Diskursiv handling er også ei sosial handling som er med på å konstruere den sosiale verda (kunnskap, identitetar og sosiale relasjonar). Slik sett er diskursar med på med på å oppretthalde sosiale mønster. (3) For det tredje vil det vere ein samanheng mellom kunnskap og sosiale prosessar. Slik menneske forstår verda, blir skapt og opprettholdt i sosiale prosessar. All kunnskap blir skapt i sosial interaksjon kor ein både bygg opp felles sanningar og der blir det kjempa om kva som blir rekna for å vere sant og falskt. (4) Og for det fjerde meiner ein det er samanheng mellom kunnskap og sosial handling. I eit bestemt verdsbilete blir nokre former for handlingar naturlege, andre utenkelige. Ulike verdsbilete fører på den måten til forskjellige sosiale handlingar og den sosiale konstruksjonen av kunnskap og sanning får dermed konkrete sosiale konsekvensar.

2.2.2 Diskursanalysen tar form

Fleire av dagens diskursanalytikarar trekk i stor grad på Michel Foucault, spesielt når fokuset rettar seg i mot forholdet mellom diskursar, kunnskap og makt (ibid: 28). Noko av målet til Foucault var å avgrense diskursive praksisar som mål for analysen. Han ville identifisere kva slags reglar som former autoritative diskursar i konkrete historiske

situasjonar, for dermed å avdekke diskursens produksjonsvilkår. Ambisjonen var å avdekke reglane for, på eit gitt historisk tidspunkt og innanfor nokre institusjonelle rammer, kva som kunne vere uttrykk for gyldig kunnskap. Altså kva som kan reknast for å vere meiningsfulle og autoritative utsegn.

Foucault fokuserte på diskursar. Han peika på at diskurs ikkje berre er noko som eksisterer imellom språk og verkelegheit, men det refererer til nokre grunnleggande praksisar, og til dei reglane som kan utkome frå praksisen (Kaarhus 2009: 29). Det som er viktig er å forsøke og analysere korleis nokre konkrete diskursar konstruerast, under kva slags vilkår, og korleis desse diskursive konstruksjonane former vårt forhold til verkelegheita som går utover det reint språklege (Røe, Eidheim og Schmidt 2002). Eksempelvis meiner eg å hevde at debatten om Engebøprosjektet i stor grad omhandlar ein kamp eller ein forhandling om å definere kva Naustdal og Vevring er og burde vere. I form av stadsforteljingar konstruerast det og frysast fast nokre sanningar om desse stadane og det føregår eit omfattande diskursivt arbeid for å oppretthalde sanningane. Desse stadsforteljingane blir viktig for å forstå kva som blir rekna som meiningsfulle og autoritative utsegn.

2.2.3 Språket

Diskursanalyse dreier seg blant anna om å studere mening der den oppstår, nemleg i språket (Neumann 2001: 18). Språk er ikkje eit uproblematisk system av omgrep som refererer direkte til ting og fenomen, men eit sosialt system som følgjer sin eigen logikk som er verkelegheitskonstruerande for oss menneske. Den diskursanalytiske innfallsvinkel trekker på strukturalistisk og poststrukturalistisk språkfilosofi som seier at vår tilgang til verkelegheita alltid går gjennom språket. Ved hjelp av språket skaper vi representasjonar av verkelegheita som aldri berre er ei avspeiling av ei allereie eksisterande verkelegheit – representasjonane er med på å skape den. Då kan ein kanskje spørje seg om verkelegheita i det heile eksisterer? Også diskursanalytikaren vil innrømme eksistensen av den materielle verkelegheita, men betydingar og representasjonar av den er vel så viktig. Ein innrømmer eksistensen av at den fysiske verda eksisterer, men den får berre betydning gjennom diskursen. Gjennom diskursen erfarer vi altså verda og i diskursane utkommer forskjellige handlingar som er moglege og relevante for den gitte situasjonen. Slik eg forstår det så kan dette i prinsippet gjelde alle fenomen menneske ønskjer å forklare for å tilskrive det mening. Alt kan

handsamast som sosiale konstruksjonar, til og med stader. Dermed ser ein til språket som konstituerande for den sosiale verda, det gjeld også for konstitueringa av sosiale identitetar og sosiale relasjonar (Jørgensen og Phillips 2010: 19). Ein forandring i diskurs er også ein av dei måtane kor på det sosiale forandrast. Det føregår diskursive kampar som er med på å forandre og reproduusere den sosiale verkelegheita

Når ein studerer korleis språket konstituerar vår forståing av den fysiske materielle verda, på lik linje med sosiale identitetar og sosiale relasjonar, så medfører det nokre diskursanalytiske implikasjonar for korleis ein ser, oppfattar og skildrar verkelegheita. I følgje Røe (2010) så opnar det å studere korleis språket konstituerar ein fysisk materielle verda for at eksempelvis stader kan studerast som representasjonar for visse verdiar, interesser og maktforhold. Naustdal og Vevring blir analysert som ein språkleg konstruksjon og dermed blir stadane studert som om dei er og blir konstruert av menneske, og ved at det er menneske som tilskriv stadane mening.

2.2.4 Diskursanalytiske implikasjonar

I den diskursanalytiske litteraturen gjerast det liten skilje mellom teori og metode og slik eg forstår så er desse to veva saman med kvarandre. Det handlar om nokre analytiske premiss som er avgjerande for korleis ein som analyticar ser og tolkar verkelegheita. Neumann (2001: 15) seier vi må akseptere usikkerheita som ligg i å problematisere skiljet mellom verkelegheita forstått som fysisk gitt verkelegheit og verkelegheita forstått som sosial representasjon, og underkaste dei spenningane som omgir dette skiljet i ei vitskapleg undersøking. Diskursanalyse er eit av fleire alternativ som vil gjer dette til ei empirisk forskingsoppgåve, og dermed kaste nytt lys på dei føresetnadane og vilkåra som alltid er ein del av politiske praksisar. Neumann peiker på at om vi kjener diskursens føresetnadar og vilkår så får vi ei djupare forståing av spesifikke politiske handlingar.

Jørgensen og Phillips seier at diskursanalyse i prinsippet kan brukast på alle moglege område, men den kan ikkje settast inn i kva som helst form for teoretiske rammer (Jørgensen og Phillips 2010: 12). Det er ikkje mogleg å bruke analysen lausreve frå eit teoretisk og metodologisk grunnlag. Diskursanalyse er ikkje berre ein metode for datainnsamling, men også eit teoretisk og metodologisk heile. Det er ei pakke som innehold for det første filosofiske (ontologiske og epistemologiske) premiss angåande

språkets rolle i den sosiale konstruksjonen av verda, for det andre er det nokre teoretiske modellar, for det tredje metodologiske retningslinjer for korleis ein tar fatt på eit forskingsområde og for det fjerde teknikkar til ei språkanalyse. Altså heng teori og metode nært saman og ein må akseptere dei grunnleggande filosofiske premissane for å bruke diskursanalyse i empiriske studie.

Slik eg forstår så er den overordna tankegangen i diskursteori er at sosiale fenomen så å seie aldri er ferdige eller totale. Betyding eller mening kan aldri bli fastlåst, og dermed gjev diskursanalysen plass til konstante sosiale kampar om definisjonar av samfunn og identitet (*ibid.*: 34). Slike kampar får sosiale konsekvensar. Diskursanalysens formål er å avdeke kva slags forteljingar om samfunnet som finst som ein objektiv og naturgjeven realitet, som implementerast i tale og andre handlingar. Ein kan sjå på korleis nokre forteljingar kjem til å framstå som objektiv sanne og andre som umogleg, og ein kan analysere korleis forteljingar som flytande uttrykk blir fylt med forskjellig innhald av ulike aktørar i ein kamp om å gjere deira bilete av samfunnet som det gjeldande (*ibid.*: 52). Det blir eit hovudpoeng at det ein meiner det finst ei rekke handlingsvilkår for tale og handling, der utsegn sett i kraft ein serie med sosiale praksisar kor eit utsegn anten blir bekrefta eller avkrefta i desse praksisane (Neumann 2001: 83). Forskingsoppgåva er å syne korleis representasjonar blir konstituert og får sin utbreiing, og kva slags forskjellige spenn av forskjellige representasjonar som til ei kvar tid utgjer ein diskurs (*ibid.*:34).

Handlingsvilkåra er i stadig forandring, på bakgrunn av stadig nye (re)representasjonar (*ibid.*). Det betyr altså at analysen fokuserer på epistemologiske spørsmål, på kunnskapsproduksjonen, læra om korleis subjekt veit og korleis verda blir til. Ein fokuserer altså ikkje på ontologiske spørsmål, kva verden består av eller verden i sin veren.

2.2.5 Diskurs

Fleire hevdar at diskursomgrepet er det nye moteordet i akademia, likevel er det noko usemje akademikarene imellom om kva diskursar er, eller korleis diskursar skal studerast. Det som er felles er deira sosialkonstruktivistiske utgangspunkt, der dei fleste forstår diskursomgrepet som ein idé om at språket er strukturert i forskjellige mønster som våre utsegn følgjer når vi handlar eller agerer innanfor forskjellige sosiale felt

(Jørgensen og Phillips 2010: 8). Ei diskursanalyse er i så måte ei analyse av slike mønstre. Neumann (2001: 18) definerer ein diskurs som ”*et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og framstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sin bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner*”. Ein kan kanskje seie at diskurs er ein mekanisme som betyding skapast gjennom. Både Jørgensen og Phillips og Neumann sett diskursomgrepet inn eit system eller mønster, der utsegn og praksisar er nøydd til å ha ein viss grad av regularitet. Eit utsegn er over tid med på å prege visse sosiale samanhengar, og dette har ein påverknad på verkeområdet eller nedslagsfeltet til diskursen som er styrt av sosiale relasjonar. Slik konstituerar diskursen verkelegheita til oss menneske, og det er eit mogleg inntak til å sjå korleis diskursen skaper og held ved like ulike sosiale maktrelasjonar. Det same gjeld stadsdiskursar, ved at ulike aktørar kan ha interesser i gitte område og dermed blir staden eit potensielt konfliktområde.

Korleis vi menneske gjev mening til noko er eit produkt av noko sosialt som vi har til felles. Neumann (2001: 38) seier mening ikkje kan reduserast til noko anna, dermed må mening med i alle analyser av det sosiale. Meining er som regel tilstadesværande føresetnad for handling og diskursanalyse er blant anna studiet av føresetnadane for at handling i det heile kan finne stad. Måtane vi tolkar, observerer eller sansar verda på er ikkje på førehand gitt eller noko uformidla. Det finst altså ingenting som eksisterer prediskursivt (Søndergaard 2000). Den sosiale verda vil bestå av ei rekke fenomen som er slik dei er fordi systemet for danninga av utsegn som definerer den slik og slik.

Diskursteoretikaren ser på diskursar som konstituerande, men det betyr ikkje at det ikkje er verkeleg (Jørgensen og Phillips 2010: 163-164). Den konstituerande sosiale omverda utstikker handlingsmoglegheiter og produserer effektar på same måte som den handfaste omverda, og det får konsekvensar for korleis ein kan tenke forandring. Hjå Foucault er det eit sentralt poeng at tingas orden kunne enkelt vore heilt annleis, og difor er den observerbare verkelegheita for han noko kontingent (Neumann 2001).

2.2.6 Representasjonar

Dei sosialt reprodukserte *fakta* kan kallast for representasjonar (ibid.). Der er ting eller fenomen slik dei viser seg for oss, det er ikkje tinga i seg sjølv. Representasjonar er fenomen eller tinga silt gjennom det som kjem mellom oss og verda, eksempelvis

språket med sine kategoriar. Det er ein nemning for dei viktigaste pakkane av verkelegheitskrav ein diskurs består av. Representasjonar må fremjast igjen og igjen for å vere ein del av den diskursen den utgjer. Når innehavarar av same representasjon institusjonalisera seg utgjer dei ein posisjon i diskursen. Er ikkje ein representasjon utfordra i diskursen så viser den seg som naturgjeve eller som ei objektiv sanning.

Representasjonar er konstitututive ved at dei avgjer kva som sansast og kommuniserast, men dei kjem nødvendigvis ikkje med 100% fullgode og innebygde handlingsføringar (Neumann 2001:51). Ein representasjon kan gje rom for fleire forskjellige handlingar, og folk kan vere meir eller mindre medviten sitt forhold til denne representasjonen.

Den reine fysiske materielle verda er rett og slett ikkje diskursanalytikaren sitt forskingsobjekt, men interessa knytt seg til representasjonane av den fysiske verda. Eller i mi oppgåve korleis stadene Naustdal kommune og bygda Vevring blir til gjennom sosiale representasjonar, i form av stadsforteljingar. Den materielle verda blir ikkje forkasta, men ein hevdar det er umogleg å gripe den ikkje-sosiale verda direkte, uavhengig av representasjonar.

2.2.7 Sosialkonstruktivisme

Diskursanalyse er ei sosialkonstruktivistisk retning som har vore offer for mykje kritikk. I konstruktivismen handsamar ein verkelegheita og stader menneske held seg til som sosialt konstruert og produsert. Menneske er meir eller mindre medviten at dei er med på å reproduksere verkelegheita som opptrer som naturgjeven og objektiv (Neumann 2001). Ein handsamar all kunnskap og materialitet som noko kontingent og omskiftleg. Det vil seie at konstruktivisten studerer verkelegheita som noko sosialt konstruert og at den er konstitutiv for oss menneske. Uavhengig av om det er statlege institusjonar, kjønn eller stader så handsamar ein dette som ein del av det sosiale.

Ein sentral kritikk av sosialkonstruktivismen omhandlar at når all kunnskap og alle sosiale identitetar er kontingente, så blir konsekvensen at alt flyter og at all tvang og regelmessigkeit i det sosiale dermed er oppløyst. Jørgensen og Phillips (2010: 15) seier dette i all hovudsak er eit fordreia bilet av sosialkonstruktivismen. Dei fleste sosialkonstruktivistar oppfattar nemleg det sosiale felt som svært regelbunde og regulerande. Sjølv om kunnskap og identitet alltid i prinsippet er kontingent så er dei i

konkrete situasjonar alltid relativt fastlåst. I dei konkrete situasjonar finst det svært avgrensa rammevilkår for kva utsegn som kan aksepterast som meiningsfylle og det er avgrensa kor mange identitetar eit individ kan fyllast med.

Det er også ein kritikk om at sosialkonstruktivismen er ubrukeleg både vitskapleg og politisk. Vitskapleg ubrukleg fordi den ikkje kan avgjere kva som er ”riktig”, eit kvart resultat er berre ei historie av verkelegheita blant mange moglege. Fleire peiker også på at konstruktivismen er politisk ubrukleg fordi den ikkje maktar å seie noko om kva som er godt og därleg. Dersom ein ved sosialkonstruktivistisk utgangspunkt peiker ut samfunnsforhold, der den burde forandrast, så er det jo berre eit uttrykk for ein eigens kognitive mening. Jørgensen og Winters (*ibid.*) peiker på at slik utlegging at sosialkonstruktivisme er for pessimistisk, dei argumenterer for at diskursanalysen utmerket godt kan brukast i kritisk samfunnsforsking. Søndergaard (2000) viser at ingenting eksisterer prediskursivt og det å oppløyse eller sette lys på det relasjonelle ved ”naturgjevne” eller fastlåste kategoriar, er i seg sjølv ei politisk handling. Diskursanalysen er eit område som har særlig gode reiskapar for å bryte med fastlåste forståingsformer. Når eit omgrep er normalisert eller naturalisert så er det eit stort maktperspektiv ved omgrepet. Å sette fokus på fenomens relasjonelle konstituering er heilt grunnleggande i denne form for tenking. Det opnar for spørsmål som kva eller kven inkluderast eller ekskluderast i det såkalla normale? Kven hamnar innanfor eller utanfor omgrevsdefinisjonen?

I sosialkonstruktivismen brukar ein premissen om all betyding, eller kunnskap, sin kontingens for å framandgjere seg i frå det sjølvsagte eller det naturgjeve, og dermed kan ein stille ei rekke nye spørsmål. Eksempelvis når ein tenker at ein stad ikkje er på førehand gjeven, *kva er så ein stad?* Eller *korleis kan nokre enkelprosessar innverke i diskursar om ein stad?* *Kven inkluderast og ekskluderast i ei stadsforteljing?* *For kven er staden konstruert?* Når tankar om ideen om det sjølvsagde takast vekk så blir ein i stand til å tenke at tingas tilstand alltid kunne vore annleis. Når ein stad blir forstått å vere eit relasjonelt fenomen så meiner eg det opnar for å vise korleis representasjonar slik som stadsforteljingar faktisk er snakk om interesser og meiningsdanning slik dei kjem til uttrykk i forbindning med Engebøprosjektet. Stadsforteljingar blir viktig for å skape politisk legitimitet og korleis Naustdal kommune og bygda Vevring blir definert både i fortid og notid har noko å seie for kva forventningar folk har til Engebøprosjeket.

2.3 Å studere stader diskursanalytisk

Diskursanalyse kan for uerfarne studentar verke som eit alt for svært og omfattande fagfelt å gå inn i som masterstudent, likevel har eg valt ein slik metode då eg meiner dette vil bære fram nokre frukter i mitt analysearbeid. Ei sosiokulturell stadsanalyse, slik Per Gunnar Røe (2010) presenterer, kan etter mi oppfatning forståast å vere ei diskursanalytisk tilnærming fordi den i stor grad trekker på diskursanalytiske premiss. Den sosiokulturelle stadsanalysen tar eg i bruk for å spisse mi diskursanalyse, det er eit val eg har tatt då eg meiner den godt fungerar når Naustdal og Vevring skal studerast diskursanalytisk. Den gjev meg moglegheit til å sjå korleis sosiale og kulturelle prosessar er med på å forme stader og stadsoppfatningar. I mitt tilfelle korleis Engebøprosjektet er med på å innverke i diskursar om Naustdal og Vevring som stader. Den sosiokulturelle stadsanalysen er eit strategisk val som er tatt for å operasjonalisere mi problemstillinga.

Jørgensen og Phillips (2010: 154) seier at ofte vil det vere bruk for å trekke inn element i frå andre teoriar og tilgangar i sitt prosjekt, tilgangar som har andre premiss enn den diskursanalytiske. Dei legg vekt på at ved å kombinere ulike tilgangar så vil ein i større grad ta høgde for sakens kompleksitet, ved å sjå fenomen i frå forskjellige vinklar. Ei sosiokulturell stadsanalyse trekker i så måte på sosialantropologisk, samfunnsgeografisk og sosiologisk teori, som viser at stader kan studerast som sosiale konstruksjonar. Røe, Eidheim og Schmidt (2002) viser at analysen opnar for å studere diskursar om ein stad, og avdekke diskursiv praksis som gjev gode mogleheter til å studere sosialt liv og kulturelle uttrykk.

2.3.1 Når diskursar om staden er fokuset for analysen

I ei sosiokulturell stadsanalyse så studerast ein stad som noko relasjonelt og sosialt konstruert. Sidan stader er relasjonelle vil det dermed kunne gå føre seg ein diskursiv kamp om å bestemme over det gitte området. Røe (2010) viser korleis ei sosiokulturell stadsanalyse som metode kan nyttast til å undersøke korleis menneske erfarer, knytt seg til, identifiserer seg med, har forestillingar om og har interesser i ein stad.

2.3.2 Den essensialistiske staden

Røe (ibid.: 307) seier at den rådande metoden for dagens stadsanalyser bygger på ideen om *genius loci* som vil seie stadens ånd eller atmosfære. I denne metoden forståast ein stad som om at den har ein eigenart og karakter, ein slags identitet som kan direkte avdekkast gjennom grundige studiar. Slik stadsanalyse er tilbakeskodande og seier lite

om korleis menneske brukar, erfarer, knytt seg til og forstår ein stad. Denne metoden konsentrerer seg om å skildre stadens historiske utvikling, vurdere bygningars sin eigenverdi, analysere busetnaden sin struktur og studere landskapets form. I denne samanhengen sjåast stadsidentitet som ein essens ein må ta omsyn til og ei slik analyse opnar i liten grad for å sjå på staden som noko mangfaldig og noko som er i konstant endring. Ein slik måte å studere stader på vil ikkje eg bruke, eg vel å analysere stader som eit relasjonelt og sosialt produkt fordi det opnar for å studere sosiokulturelle aspekt ved stader.

2.3.3 Den relasjonelle og den sosialt konstruerte staden

Røe (ibid: 306) brukar i si stadsanalyse to måtar å forstå ein stad på; som noko relasjonelt og som ein sosial konstruksjon. Røe viser at desse to måtane å forstå stader på opnar for å kartlegge eit mangfold av erfaringar, interesser og identitetar. I tillegg opnar det for å undersøke korleis aktørar manipulerer, påverkar og produserer både representasjonar av staden og dei fysiske romma. Representasjonar kan i seg sjølv vere uttrykk for visse verdiar, interesser og maktforhold.

Forståast ein stad som noko relasjonelt så studerast staden som eit samlingspunkt, som eit resultat av ein kontinuerlig sosial prosess. Ein stad er ikkje på førehand ein avgjort, eintydig og motsetningsfri identitet. Staden blir til i møter og skjeringspunkt mellom mange ulike sosiale relasjonar. Altså forståast ein stad som open og dynamisk, målet er då å rette merksemld imot at menneske ønskjer å høyre til, ha interesse i og identifisere seg med ein stad på mange ulike måtar.

Å studere den sosialt konstruerte staden er ikkje uavhengig av den relasjonelle staden. Her forståast staden som ein sosial konstruksjon, at den faktisk blir til gjennom menneskets erfaringar og ved at der sirkulerer forteljingar, eller representasjonar, som samla sett er kan gje eit bilet av, eller bygger opp under ei myte om staden. Slike erfaringar, forståingar og biletar kan vere subjektive, intersubjektive eller kollektive og dei skaper meiningsfylte rom eller stader. Menneske er som regel ikkje seg sjølv bevisst at dei held seg til slike representasjonar.

2.3.4 Metodologiske implikasjonar

Ei sosiokulturell stadsanalyse er ein metode som studerer stader i eit sosialkonstruktivistisk perspektiv (Røe, Eidheim og Schmidt: 2002). Røe, Eidheim og

Schmidt peiker på at dersom vi studerer menneskjers sosiale konstruksjonar av stader, så vil det kunne gje eit innblikk i å studere diskursar om stader.

Denne analyseforma bryt eller er eit supplement til dei meir tradisjonelle stadsanalyser som er av ein meir essensialistisk karakter. Doreen Massey (1991) peiker på viktigheita av å forstå stader som noko prosessuelt, ein stad er ikkje stabilt eller eit varig moment. Stader handlar ikkje berre om fysiske bygningar og konstruksjonar. Stader er også i eit skjeringspunkt mellom sosiale aktivitetar og relasjonar. Det sentrale er at aktivitetar og relasjonar er dynamiske og i konstant forandring, dermed vil også våre måtar å definere stader på vere i konstant forandring. Nøkkelpoenget til Massey er at stader også kan handsamast som prosessar lik andre sosiale prosessar.

Røe (2010) seier folk flest i liten grad er seg sjølv bevisst at dei er med på å konstruere og produsere si sosiale og materielle verkelegheit. I staden for vil det i menneskelig kultur og verksemd alltid gå føre ein slags *maskeringsprosess* (i tråd med Roy Wagner). For folk flest opptrer den sosialt konstruerte verkelegheita som naturlig, sann og objektiv verkelegheit, slik *er* verda. Men staden *har* ikkje mening, den *tilskrivast* mening.

I ei sosiokulturell stadsanalyse er ein opptatt av å forklare menneskets forhold til sine omgjevnadar i fysisk og sosialt rom. Ein studerer kva slags mening og betyding dei sosiale og fysiske omgjevnadane tilskrivast, kva sosiale praksisar tar form på dei konkrete stadane. Den forskinga som studerer stader på denne måten forstår ein stad som noko sosialt konstruert, og ikkje noko som berre kan avlesast direkte. Som ein kanskje ser er dette veldig likt diskursanalysen, stader kan altså studerast og analyserast på same måte som andre sosiale fenomen i det dei opplevast som naturgjeve eller fastlåst.

Røe, Eidheim og Schmidt (2002) seier at ein stad først blir ein stad i folks medvit når den blir tillagt mening som kjem til uttrykk gjennom nemningar, bilete og metaforar. Slik sett blir omgrepa vi brukar for å dele opp rommet rundt oss heilt vesentleg for vår bruk og forståing av det same rommet. Menneskets oppfatning av stad kan dermed ha grunnleggjande betyding for vårt daglegliv, både praktisk og korleis vi opplever staden.

Eit sentralt poeng ved ei sosiokulturell stadsanalyse er ikkje å finne fram sanne eller usanne forteljingar, snarare tvert imot så er ein opptatt av å få fram ulike røyster og versjonar for å skildre korleis ein stad og oppfatningar av staden konstruerast gjennom sosiale prosessar på ulike måtar, og korleis desse fremjast eller haldast nede gjennom maktrelasjonar (Røe 2010: 310). Det finst ikkje ein sann kunnskap om staden og den sin utvikling, men innanfor visse sosiale samanhengar og tidsrom dannast det 'reglar' for kva som betraktast som gyldig kunnskap, i form av aksepterte og meiningsfulle utsegn om staden. Altså er det nokre diskursive handlingsvilkår aktørar må halde seg til.

Er ein ute etter å undersøke korleis stader opplevast og blir til gjennom sosiale og kulturelle prosessar, er det naudsynt å få eit innblikk i nettopp desse prosessane, anten gjennom eit tilbakeblikk eller mens dei går føre seg (ibid: 319). Stader er lik institusjonar og andre sosiale relasjoner ved at dei har ein viss fast struktur ved seg, men staden er på same tid dynamisk og i kontinuerlig endring. Det er særleg desse endringsprosessane samt kva slags aktørar og interesser som representerer drivkrefter eller motstand som er interessant for ei sosiokulturell stadsanalyse. Eg meiner å hevde at Engebøprosjeket bidrar til å skape ein slik endringsprosess der ulike aktørar og interesser representerer ei drivkraft for eller motstand imot prosjektet.

Stader har ikkje eintydige eller på førehand gitte identitetar. Gitt at stader er produkt av sosiale relasjoner så er stader ofte gjenstand for lokal spenningar og konfliktar (Massey 1991:75-77). Det finst eit stort mangfold av meininger om stader, som ulike sosiale grupper sitt inne med, spørsmålet om kva slags identitet som er den dominante vil vere eit resultat av sosial forhandling og konflikt. Stader er konstruert gjennom sett av sosiale relasjoner som er uløyselig knytt saman andre arenaer og stader. Som nemnt tidlegare blir stader dermed ein arena for interessekonfliktar, og territoriale spørsmål knytt til stader kan vere kjelder til konfliktar mellom ulike grupper. Og dette kan bli forsterka ved enkelte sosiale prosessar, så som planar av etablering av gruve drift i Naustdal kommune.

2.4 Diskurs- og sosiokulturell stadsanalyse oppsummert

Slik eg forstår så er noko av hovudpoenget med ei diskursanalyse å sjå på det diskursive nedslagsfelt som innverkar på aktørar utan at dei nødvendigvis sjølv er klar

over det, og at ein dermed kan få djupare forståing av politiske prosessar. Dette gjer ein med å få fram i lyset diskursars sosiale konstruksjon, dermed skape bevisstheit på korleis aktørar forstår verkelegheita. Heilt til slutt kan ein framanalysere korleis nokre dominerande diskursar konstruerer eit fenomen. Mi diskursanalytiske tilnærming vil heilt klart vere inspirert av ei sosokulturelle stadsanalyse, slik Røe skildrar den, noko som er gjort med tanke på problemstillingas karakter. Planane om gruvedrift i Naustdal kommune verkar å sette i spel ein diskursiv kamp om å få definere staden Vevring og Naustdal. Det argumenterast med kva forventningar ein har til kva Engebøprosjektet vil kunne medføre, og i desse forventningane leggast det til grunn ulik stadsforståing av nettopp bygda Vevring og Naustdal kommune. Det er ulike forståingar av kva Naustdal og Vevring er og burde vere i fortida, notida og framtida, noko som er viktig for å legitimere eigne synspunkt.

Det trekkjast på forskjellige representasjonar for tilskrive stader meining. I ei sosiokulturell stadsanalyse er staden og forteljingar om staden sentralt. Dessutan syner analysen at det er viktig å avdekke korleis tilsynelatande sanningar og objektive skildringar eigentleg er konstruksjonar og gjenstand for ulike interesser, og at dei dermed kan representera motsetningar. I tillegg er det sentralt å få fram i lyset korleis staden og forteljing om staden er sosialt konstruert. Som alle andre sosiale fenomen kan stader framanalyserast som ein del av det sosiale. Det føregår heile tida kampar om retten til å definere ein stad, og ein kamp om korleis staden burde sjå ut i framtida. Konkurranse fører til at nokre stader vinn, mens andre tapar. Slik eg forstår, er det ulike aktørar som konkurrerer om staden og aktørane må trekke på ulike diskursar for å tilskrive meining til staden. Diskursar om stader er bygd opp av eit sett med representasjonar, praksisar og uttrykksmåtar som meining produserast gjennom, og som er knytt saman i nettverk og dermed legitimerast (Rød, Eidheim, Schmidt 2002: 111).

Nokon tener på og driv fram den konkurranseorienterte stadsutviklinga, mens andre føler seg framand eller blir ekskludert. Eg er opptatt av samanstøyt mellom aktørar sine ønskjer om å definere kva Naustdal er både historisk, i notida og for framtida. Eg meiner Engebøprosjektet aktualisera ein slik kamp, og det er ein arena kor det trekkjast på nokre diskursar for å gje meining til Naustdal og Vevring som stader. Som Massey peiker på at på bakgrunn av den sosiale kompleksiteten er stader ofte gjenstand for interne konfliktar. Målet vil vere å få auge på ulike erfaringar, interesser og sosiale

relasjonar, eller som Røe, Eidheim og Schmidt (2002: 109) seier; å få auge på det staden eigentleg er samansatt av.

Kapittel 3: Feltarbeid og datainnsamling

3.1 introduksjon

I dette kapittelet vil eg vise korleis eg har gått fram under mi datainnsamling, der eg vil peike på nokre utfordringar og fordelar eg som feltarbeidar har møtt på. Eg meiner at val av metode eller forskingsteknikk vil vere avgjerande for den kunnskap som blir produsert i dei enkelte studia. Når eg refererarar til metodeomgrepet i dette kapittelet omhandlar det i hovudsak min framgangsmåte under mitt feltarbeid og anna datainnsamling.

3.2 Ei kvalitativ undersøking

Slik eg forstår så skal det vere problemstillinga, teori og tematikken ein ønskjer å studere som burde styre val av metode, ikkje omvendt. Slik sett blei val av metode for meg relativt uproblematisk, sidan eg meiner Problemstillingas karakter talar for ei kvalitativt orientert metodebruk. Eg har allereie gjort reie for kor vanskeleg det kan vere å forstå ein stad, og at eg er ute etter ulike stadsforteljingane slik dei kjem fram i samband med Engebøprosjektet og at eg dermed vil vere opptatt av å få fram ulike diskursive ståstadar. Ulik diskursiv ståstad kan knytast til ulike konstruksjonar av staden (Røe, Eidheim og Schmidt 2002), eller med andre ord så har ulik erfaring og interesse betydning for forståinga av kva Naustdal og Vevring er og kva dei burde bli.

Med dette i bakhovudet så må eg spørje meg sjølv om kva metode eller teknikkar som skal takast i bruk for min datainnsamling. Eg vel å støtte meg på Røe (2010: 119) som anbefaler at det burde gjennomførast ei kvalitativ undersøking dersom ein vil studere korleis stader opplevast for så å seie korleis staden blir til gjennom sosiale og kulturelle prosessar. Då er det naudsynt å få eit innblikk i desse prosessane, anten retrospektivt eller mens dei går for seg. I mitt tilfelle representerar den planlagde etableringa av gruvedrift noko som vil ha innverknad på bygda Vevring og kommunen Naustdal som stader. Engebøprosjektet sett i kraft nokre sosiale prosessar der det finst aktørar og interesser med ulik stadsoppfatning, noko som kan representera drivkrefter eller motstand mot tiltaket.

3.3.1 Feltarbeid og datainnsamling

Eg har som sagt gjennomført eit feltarbeid i Naustdal kommune kor eg sjølv har vekse opp. Det at eg er i frå Naustdal opplevde eg i all hovudsak å vere til stor fordel, skjønt med nokre utfordringar. Spesielt var det tre punkt som bidrog til at eg opplevde dette

som fordelaktig; 1) eg hadde i frå før av god kjennskap til gruveprosjektet, 2) eg hadde god kjennskap til kva for aktørar som var aktive i den offentlege debatten og 3) eg hadde god kjennskap til eksisterande sosiale nettverk i kommunen.

Skal ein inn å studere eit konfliktfullt felt er det avgjerande at forskaren forsøker å oppnå ein så nøytral posisjon som mogleg, der forskaren skal vere upartisk å stå utanfor grupperingane (Fossåskaret 2007: 98). Det kan nok diskuterast i kva grad dette er mogleg, i alle fall i diskursanalytisk forstand, men eg måtte uansett forklare mine informantar kva min posisjon var, og at målet mitt var ikkje å finne dei beste argumenta. Eg var ute etter informantane sin forståing og oppleving av Engebøprosjektet, og lurte på kvifor at tar dei standpunktene dei tar. Eg var ikkje ute etter å finne noko fasitsvar på kva som var rett eller gale oppfatningar.

Sjølv opplevde eg å få god tillit og tilgang til den ”gode” dialogen med mine informantar. Min strategi ifeltet var å forklare så godt som mogleg kva mi rolle som forskar i feltet var, og informantane var innforstådd med at eg skulle snakke med ulike partar i Engebøsaka. Eg valde under intervjuet å vere i ein lærande posisjon, der eg var ute etter å høre om informantanes forteljingar og deira ståstad i saka. På bakgrunn av mine kunnskapar om Engebøprosjektet, Naustdal og Vevring var det relativt enkelt å bli godtatt hjå både tilhengjarar og motstandarar av gruvedrifta.

I fleire av mine intervju spurte informantane meg spørsmål om kva slags kjennskap og tilknyting eg hadde til kommunen. Mine eksisterande sosiale nettverk i Naustdal blei kartlagd i forhold til kva vene og familie eg har, noko eg meiner ufarliggjorde intervjuasjoner noko. Eg var ikkje lenger berre ein forskar, men ein person med lokal tilhørsle, lokal kjennskap og eit lokalt nettverk. Eg hadde i frå før av ikkje nokon direkte kjennskap til mine informantar, men eg opplevde at indirekte kjennskap gjennom vene og familie bidrog til at eg fekk ein fortruleg relasjon til informantane.

Under feltarbeidet ryktas det tidleg at det var nokon i kommunen som studerte Engebøprosjektet i Naustdal og Vevring, og fleire eg møtte på ”gata” var ivrig å slå av ein prat om prosjektet. Alle ville fortelje meg noko, noko som gav meg ein rik tilgang til samtalar i feltet, også utanfor intervjuasjoner. Slik sett hadde eg i tillegg til mine intervju også fleire feltsamtaler.

Sjølv om eg hadde eit eksisterande sosialt nettverk som kunne bidra til å ufarleggjere intervjustituasjonen noko, så var det sjølve saka eg ville intervju folk om som var det sentrale. Det var ikkje min kjennskap til det lokale som gjorde at ulike aktørar sa seg villige til å la seg intervju, men det var nemleg saka i seg sjølv som vekte interesse og at dei hadde mykje å fortelje. Det var meg som ”forskar” som bidrog til at eg kunne sette i gang bandopptakaren og skrive i notatblokka.

3.3.2 Intervju

Sjølve feltarbeidet strakk seg over ein periode på fire veker i juli 2010. I denne perioden gjennomførte eg sju intervju der det eine var eit gruppeintervju med tre personar. Det kunne gå dagar imellom dei enkelte intervjuia noko som gjorde at eg fekk tid til å notere ned eigenrefleksjonar, samstundes som eg fekk tid til å forberede meg til neste intervju. Eg føler at kvaliteten på intervjuia betra seg for kvart intervju som blei gjennomført, noko som handlar om at trening gjer meister. I metodelitteraturen er det ofte omtalt vanskar med å få tilgang tilfeltet (Kvale 2009), det var noko eg hadde få eller inga problem med. Frå informantane side var terskelen lav for å stille til intervju.

Formålet med eit kvalitatittv forskingsintervju er å forstå sider ved informantars dagleliv i frå deira eige perspektiv (Kvale og Brinkmann 2009). Eit intervju er ein samtale som har ein viss struktur og hensikt. Intervjuet er lik den daglegdagse samtalen, men som eit profesjonelt intervju føre det også med seg ein bestemt metode, eller framgangsmåte. Forskaren lyttar mens intervjuobjekta med eigne ord uttrykker sine oppfatningar og meininger, og dermed kan eg som forskar lære noko om deira situasjon.

Intervjuforma eg hadde valt ut på førehand seiast å vere eit *semistrukturert forskingsintervju*. Som namnet tilseier kjenneteiknast denne intervjuforma i stor grad av å vere ein vanleg samtale, men som likevel inneholder det ein viss struktur. Eit semistrukturert forskingsintervju takast i bruk når tema frå dagleglivet skal forståast ut i frå intervjugersonens eigne perspektiv. Ein søker å innhente skildringar og særleg fortolkningar av meiningsa med fenomen som blir skildra. Forskingsintervjuet ligg nært opp til den daglegdagse samtalen, men har som profesjonelt intervju eit klart formål. Ein følgjer ein intervjuguide som sirklar bestemte tema, og som kan innehalde forslag

til spørsmål. Det som interesserte meg var informantenes engasjement i Engebøprosjektet og korleis dei erfarer og opplever dette i sine kvardagsliv. Spørsmål eg stilte omhandla kva Engebøprosjektet ville kunne ha å seie for natur, busetnad, kultur, økonomi, arbeidsplassar, vekst og utvikling. Diskusjonen var ofta knytt opp i mot forventa positive og negative ringverknadar for Naustdal og Vevring som stader. Dette utløyste i stor grad svar som belyste kvalitetar eller mangel på kvalitetar i Vevring og Naustdal.

Hjå personane som er negative til Engebøprosjektet og som er busett i Vevring var deira fokus at gruvetiltaket vil ha negativ innverknad for heile livskvaliteten til dei som bur der. At prosjektet vil øydelegge for den utviklinga som har skjedd innanfor kunst og kultur, i tillegg til at eit eventuelt deponi vil øydelegge matfaget til innbyggjarane. På den andre sida meiner meir positive røyster at det er heilt naudsynt med slike produksjonsarbeidsplassar eller og kalla kompetansebaserte arbeidsplassar for å oppretthalde eller forbetra tilbod innan kunst, kultur, skule, barnehage og andre offentlege tilbod. Dei meiner arbeidsplassar er eit heilt essensialistisk vilkår for livskvalitet og oppretthalding av busetnad.

I mine intervju hadde eg på førehand klargjort ein intervjuguide som skulle dekke over ei rekke spørsmål og tema, men den blei ikkje nødvendigvis følgt punkt for punkt. Eg måtte i intervjeta komme med oppfølgingsspørsmål i tråd med den retninga intervjet tok. Likevel fungerte det godt å ha klargjort ein intervjuguide fordi det gav meg ein viss grad av kontroll over intervjustituasjonen, samstundes som det sikra meg å vere innom dei tema eg hadde forberedt på førehand. Slik sett var intervjustituasjonen prega av ein viss grad av openheit med tanke på intervjugangen der informanten kunne styre intervjet i stor grad, men eg kunne også sikre ein viss grad av kontroll.

Utvjing av informantar skjedde i stor grad etter eigenvurdering med tanke på forarbeidet av feltarbeidet. Utvjinga føregjekk på bakgrunn av det eg ville undersøke, dermed var eg interessert i aktørar som var engasjerte i den offentlege debatten og som deltok på folkemøter. Desse aktørane opplever eg å vere personar som innehavar nokre viktige subjektposisjonar i lokalsamfunnet i Vevring og Naustdal (Jørgensen og Phillips 2010: 53), dei har og blir gitt ein viss autoritet til å uttale seg om Engebøprosjektet. Dei innehavar ein slags *ekspertposisjon*, som gjer at dei kan uttale seg om ulike konsekvensar

og ringverknadar knytt opp i mot gruvedrifta. I så måte intervjuet aktørar som i utgangspunktet har sterke interesser i og sitt inne med meir informasjon om Engebøprosjektet enn folk flest. Eg meiner likevel at denne studien gjev god innsikt i kva Engebøprosjektet handlar om for lokalbefolkninga i Naustdal. Sidan mine informantar har eit aktivt engasjement i den offentlege debatten meiner eg desse er sentrale i forma av lokalbefolkningas forståing og tolking av prosjektet. Eg valte ut to målgrupper der eg ville ha med både tilhengjarar og motstandarar av gruvedrifta.

Tabellen nedanfor viser mine nøkkelinformantar som inngår i oppgåvas empiri.

Tabell 1: oversikt over informantane som blei intervjuet

Informantane rolle i og deira innstilling til Engebøprosjektet då intervjuet vart gjennomført		
Informant 1	Ordførar AP, Naustdal Kommune	(Ventar med endeleg innstilling)
Informant 2	Tidlegare ordførar SP, kommunestyrerepresentant, bonde og konsulent for Nordic Mining (positiv)	
Informant 3	Grunneigar ved Engebøfeltet (positiv)	
Informant 4	Leiar av ungdomsrådet i Naustdal, medlem av AUF og AP (positiv)	
Informant 5	Kommunestyrerepresentant Raudt (negativ)	
Informant 6	Kommunestyrerepresentant SV (negativ)	
Informant 7	Representant Vevring og Førdefjorden Miljøgruppe (VFM) (Negativ)	
Informant 8	Representant VFM (Negativ)	
Informant 9	Representant VFM (Negativ)	
Alle intervjuet blei gjennomført individuelt, bort sett i frå eit gruppeintervju med informant 7,8 og 9		

Formålet med mine intervju var å få nokre svar på korleis planane om gruvedrift utløyser forhandlingar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere. Eg opplever at informantane gjer eit omfattande arbeid for å definere kva som er best for kommunen og korleis den burde vere. I tillegg skapast det forteljingar om korleis Naustdal og Vevring vil sjå ut i framtida med eller utan Engebøprosjektet. Det skapast forventningar til kva som vil skje med Naustdal og Vevring dersom Engebøprosjektet blir ein realitet, eg meiner dermed at eg blir i stand til å få fram i lys nokre stadsforteljingar, også dei

som vanlegvis ikkje er synleg og som kan representera ein motstand mot dominante og stadsformande maktsrelasjonar (Røe, Eidheim, Schmidt 2002: 83).

Eg opplever bruken av eit semistrukturert forskingsintervju som svært konstruktivt for min analyse. Alle mine informantar hadde solid innsikt i den tematikken eg tok opp, og var svært engasjert når eg stilte spørsmål. Intervjuguiden var til stor hjelp, den bidrog til at eg kunne ha ein viss kontroll og bidrog til å halde orden på ulike tema som blei tatt opp. Dei fleste intervjeta hadde omlag lik oppbygging og struktur, noko eg har oppleve i ettertid bidrar til å gjere analysearbeidet noko enklare.

3.3.3 Tematikk i intervjeta

Tematikken i intervjeta var skapt med tanke på problemstillinga si karakter der eg hadde eit ønskje å lære om mine informantens synspunkt, så langt det lét seg gjere skulle eg lære av informantane sine opplevelsingar på deira eigne premiss. Eg ville forstå fordelar og ulemper med Engebøprosjeket slik informantane mine ser det. Vi var innom følgjande tema i intervjeta

- spørsmål rundt betydninga av arbeidsplassar, natur, kultur.
- spørsmål om kva yrke og bustad, kor eg følgde opp med kvifor dette yrke og kvifor bur du der du gjer.
- spørsmål knytt til kva dei synes om Nordic Mining sine planar om gruvedrift, og kvifor dei meiner det dei meiner.
- Vi inn på ulemper og/eller fordelar informantane påpeiker prosjektet vil medføre? Og kvifor er dette ulemper eller fordelar?
- Eg gav informantane ei utfordring på å gje ei skildring på kva Engebøprosjektet vil kunne medføre for Vevring, Naustdal og regionen?

Ofte opplevde eg at informantane sjølv sirkulerte innom dei tema som eg hadde tenkt å spørje dei om, og det utan å bli spurt direkte. Spesielt viktige tema for informantane var arbeidsplassar, natur, kultur og korleis Vevring og Naustdal blir opplevd i dag og for framtida. Slik verka intervjuguiden å vere aktuell for mine informantar. Mine spørsmål utløyste ofte ein diskusjon om korleis framtida blir sjåande ut, og at framtida blei fortalt ut frå korleis forholda har vore fram til i dag kommunen. Eksempelvis utfordringar med

fråflytting og lite privat næringsverksem, eller på den andre sida kunne det fokuserast på fordelar med fortidas og eksisterande positive oppvekstvilkår.

3.3.4 Feltsamtale

I tida kor eg ikkje gjennomførte intervju hadde eg fleire samtalar med andre i lokalbefolkinga angåande Engebøprosjektet. Dette var verken ustrukturerte eller strukturerte intervju, det var ein samtal der eg fortalte like mykje som eg blei fortalt. Det bar preg av det Cato Wadel (1991: 47) kallar *feltsamtalar*. Desse feltsamtalene bidrog til at eg kunne kjenne på kroppen det lokale engasjementet som var knytt opp i mot gruveprosjektet. Eg deltok på fleire sosiale tilstellingar i Naustdal sentrum og i Vevring og i desse settingane var det fleire som var interessert i å diskutere gruvedrifta med meg. Eg hadde ønskja å delta på slike arrangement fordi eg dermed kunne vere tilstades å delta, observere og prate med folk i håp om dette kunne gje tilgang til viktig informasjon. Desse tilstellingane gav meg moglegheit til ein uformell og laus prat om Engebøprosjektet. Eg kunne få spørsmål som;

Ørjan, kvifor trur du at folk vel å busette seg her i kommunen?

Eg svarte som sant var, at det kunne eg ikkje gje noko godt svar på. Svaret eg fekk var

Det er i alle fall ein ting som er sikkert, at det handlar i alle fall ikkje om eit ønskje om å få bu på ein stad med storindustri. Fleire av dei som busett seg i Naustdal jobbar i Førde, det må vi ta vare på. Dei vel å flytte til Naustdal for å komme seg vekk frå Førde. Naustdal burde vere ein god stad å bu.

Når denne personen refererte til at Naustdal skulle vere ein god stad å bu, var det på bakgrunn av kvalitetar som finst i Naustdal i dag, noko personen meinte stod i kontrast til Førde. Dermed kan kommunen konkurrere på kvalitetar Førde ikkje har, og befolkninga kan nyte godt av dei arbeidsplassane Førde har å tilby. Arbeidsplassar som tross alt ikkje er så langt unna. Seinare same dag fekk eg eit spørsmål av ein person som hadde noko ulik innfallsvinkel av kva Naustdal trengte.

korleis skal vi kunne sikre at ungdomen ikkje flyttar her i frå, eller kjem tilbake etter enda utdanning?

Eg ramsa opp kvalitetar som jobb, barnehage, skule, natur og nærleik til Førde. Svaret på dette var

Nettopp, men arbeidsplassar er det absolutt viktigaste vi treng, og då må vi ha gruvedrifta hit til kommunen, vi kan ikkje drive å snylte på Førde. Vi må greie å skape noko for oss sjølv. Skal vi greie å oppretthalde busetnad her ute må vi få på plass arbeidsplassar. Vi kan ikkje satse på at folk gidd å pendle tjue minuttar til Førde kvar dag.

Denne personen legg vekt på andre behov enn fyrstnemnte, ho opplevde at avstanden til Førde var nokså lang og at kommunen er ein snyltekommune. På bakgrunn av dette meiner personen vi nøydd å skape arbeidsplassar lokalt i Naustdal kommune. Begge utsegna samanliknar Naustdal med Førde, noko som skulle vise seg seinare at det gjorde alle av mine informantar også. Forståinga av Naustdal blir ofte satt i kontrast til, eller samanlikna med Førde.

Desse to samtalane fortel noko om kva eg fekk ut av å vere med på sosiale tilstellingar og gjennomføre feltsamtalar. Det var aldri mangel på menneske som var interessert i å snakke med meg om kva dei meinte om Engøprosjektet. Før eg reiste på feltarbeid var min hypotese at det var eit stort engasjement rundt gruvedrifta på begge sider, det å gjennomføre slike feltsamtalar styrka berre min hypotese. Mi deltaking i det sosiale livet i Naustdal og Vevring gav meg moglegheit til å høyre korleis lokalbefolkninga haldt seg til dette gruveprosjektet. Det var gjerne folk som ikkje deltar i den offentlege debatten, men som hadde klare meiningar om Naustdal kommune, Vevring og Engebøprosjektet. I tillegg gav det meg ei forståing av kva lokalbefolkninga var opptatt av når gjeldte Naustdal og Vevring som stader. Eksempelvis vekstsenteret Førde er sentral for å forstå korleis lokalbefolkninga forstår utviklinga i Naustdal og Vevring.

3.3.5 Tekstanalyse

Sjølv om intervjju er ein viktig del av mi analyse så utgjer også tekster ein sentral del av empirien. Tekster i form av avisartiklar og lesarinnlegg publisert i Sunnfjordsavisa Firda blir spesielt viktig for denne oppgåva. Avisa blir i mitt masterprosjektet tatt i bruk på to måtar, for det fyrste som ein viktig del av mi førebuing av studien og feltarbeidet og for det andre som ein del av analysen.

Under førebuinga av feltarbeidet gav både avisartiklar og lesarinnlegg meg god innsikt i fokusområdet til den offentlege debatten om Engebøprosjektet. Noko som gjorde meg i stand til å forebu gode spørsmål og opparbeide meg kunnskap om gruveplanane i seg sjølv. Firda har vore særsviktig for førebuinga av feltarbeidet, den har i stor grad gitt meg eit inntak til feltet. Utan Firda ville det vore ein mykje større utfordring å sitte i Nord-Noreg å planlegge eit feltarbeid i ein liten kommune på vestlandet.

Firda blir ikkje berre brukt som bakgrunnsstoff for anna empiri, den utgjer også ein viktig del av min empiri. Silverman (2006: 154-157) peiker på at samfunnsforskarar ofte gjer feil i å unngå tekstuelle data. I kvalitativ forsking blir skrivne tekster ofte handsama som bakgrunnsmaterial for den ”reelle” analysen. Det gjer ikkje eg, då dei skrivne tekstane også tar del i det diskursive arbeidet om å definere kva Vevring og Naustdal er og skal vere. Når ein tar i bruk tekster i analysen blir oppgåva å identifisere dei element som blir tatt i bruk og dermed peike på kva for funksjonar desse tener. I mi oppgåve å identifisere korleis ein diskursivt konstruerer Naustdal og Vevring i samanband med gruvedrifta og korleis stadsorteljingar blir viktig for å skape politisk legitimitet.

Silverman (ibid.) peiker på nokre viktige fordelar med å ta i bruk tekster i analysearbeidet, der tekster er med på å påverke korleis menneske ser verda og handlar i den. I tillegg er tekster satt saman av folk som handlar der ute i verda, utan å vere avhengig av at forskaren stiller sine spørsmål. Eg meiner at det å inkludere avisartiklar i analysen gjev meg eit betre utgangspunkt for å forstå kva Engebøprosjektet betyr for folk. Ved å ta i bruk avisartiklar har eg eit større empirisk grunnlag enn om eg berre hadde brukt intervju som basis for mi analyse.

For mi analyse har eg hovudsakeleg valt ut artiklar utkomen i tida etter fyrste publisering av reguleringsplan med konsekvensutreiing (KU) på Engebøprosjektet 27.06.2009 og fram til 30.10.2010. Årsaka til at eg hovudsakeleg held meg til tida etter fyrste publisering er at den har satt i kraft ein omfattande debatt om kva dette gruvetiltaket ville kunne ha å seie for Vevring, Naustdal og regionen Sunnfjord. Framleis den dag i dag er det kontinuerleg publiseringar i Firda som omhandlar gruveplanane, men eg måtte på eit tidspunkt berre seie stop for datainnsamling og difor sa eg stopp november 2010.

3.3 Forskingsetiske omsyn

Som masterstudent er det ei rekke forskingsetiske omsyn eg er nøydt til å tenke på ved involvering av andre menneske som utgjer viktige delar av mitt empiriske material. I så måte er det viktig å reflektere over om informanten sine rettar blir ivaretatt? Det er viktig at deltakarar av studien ikkje skal utsettast for belastningar og skader i samband med studien. Informantane skal ha informert samtykkje som betyr at forskingsdeltakarane informerast om undersøkinga sitt overordna formål og om hovudtrekka i designen, og det skal informerast om moglege risikoar og fordelar ved å delta i prosjektet (Kvale og Brinkmann 2009:88). Informanten skal vite kven som har tilgang til intervjuaterialet og kva slags rett forskaren har til å offentleggjere heile eller delar av intervjuet. Her vil eg gje ein refleksjon over utfordringar ved konfidensialitet, informert samtykkje og moglege konsekvensar av denne studien.

Spørsmål om konfidensialitet omhandlar som oftast spørsmål om i kva grad privatpersonar skal anonymiserast (Aase og Fossåskaret 2007). Dette er sjølv sagt spørsmål eg har reflektert over og som illustrert i tabell 1 (på side 31) har eg valt å delvis anonymisere informantane. Likevel vil mine informantar bli kjend att i denne oppgåva, det er nokså enkelt å identifisere mine informantar på bakgrunn av kjønn, tittel, bustad eller politisk medlemskap. Dette har eg tatt høgde for i mi samtykkjeerklæring, men det fråtek likevel ikkje meg mitt ansvar for å sikre informantanes rettar. Det er inga løyndom kven ordføraren er, likevel har eg valt ei slik form for anonymisering. Det har sin bakgrunn i at eg opplever desse aktørane som sær viktige ved at dei er alle sentrale aktørar i den offentlege debatten, og har dermed ein viss grad av innflytelse på lokalbefolkinga i Naustdal og Vevring. Dermed syntes eg desse var interessante personar å intervju, på bakgrunn av engasjement og tittel. For at mine informantar ikkje skulle blitt kjend att i denne oppgåva, ville eg vore nøyd til å anonymisere dei fullstendig. Eg kunne ikkje brukt kjønn, busetnad, yrke, alder eller tittel sidan det er rimeleg stor sannsyn for at informantane framleis ville blitt identifisert. Sidan eg opplever desse som sentrale aktørar i lokalsamfunnet meiner eg det passar godt med ei slik delanonymisering. Det er ikkje namna deira som er interessant, men organisasjonstilhørsle og deira deltaking i den offentlege debatten. Når eg har gjort det slik så står eg overfor eit nytt dilemma, nemleg kva informasjon i frå intervjuet kan eg publisere? Kan den nyerverva kunnskapen frå intervjuet vere av ein slik sensitiv art at det kan kome til å skade informantane, eventuelt andre i kommunen som

ikkje har deltatt i undersøkinga? Mine informantar er innforstådd med kva formålet med denne oppgåva er, og korleis eg vil ta i bruk det som blir sagt under intervjuet. Såleis er det dermed gitt både munnleg og skriftleg samtykkjeerklæring. I tillegg har informantane fått tilbod om gjennomlesing av transkripsjonar frå intervjuet, og informantane har dermed hatt moglegheit til å trekkje tilbake visse utsegn, eventuelt kan dei trekkje seg i frå heile undersøkinga. Slik meiner eg å ha sikra informantanes interesser og rettar.

Kvale og Brinkmann (2009: 91) seier forskaren må spørje seg om kva konsekvensar denne studia kan ha for deltagarane, eventuelt kva fordelar den vil kunne få? Forskaren har også eit ansvar for å reflektere over konsekvensane også for den større gruppa den representerer, ikkje berre deltagarane i undersøkinga. Eksempelvis kan ein kome til å gjere skade på andre aktørar som ikkje har delteke i undersøkinga. I samsvar med mi analyse meiner eg denne oppgåva ikkje står i fare for å skade andre. Mi undersøking er ikkje avhengig av å publisere personsensitive opplysningar, og på bakgrunn av diskursanalysen og problemstillingas karakter er det ikkje enkeltindivid som er i fokus. Eg handsamar ikkje informasjon av veldig sensitiv og løynleg grad, alle mine informantar er allereie offentlege personar som kjemper for si sak.

Sidan intervjuet mine blei tatt på bandopptakar og i ettertid transkribert så er dette prosjektet meldepliktig til Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste (NSD). Prosjektet mitt blei funne tilfredstillande i samsvar med krava i personopplysningslova.

3.4 Vegen vidare etter innsamling av empiriske data

Om det er mogleg å tidfeste byrjinga på analysen vil eg seie dette byrja først når eg tok fatt på transkriberinga av intervjuet. Det å transkribere var ein langdryg prosess, men som eg fann svært nyttig. Det var først og fremst nyttig fordi at eg måtte repetere heile intervjuet med intensiv lytting. Eg må seie meg einig i Kvale og Brinkmann (2009: 188-189) som peiker på at når intervjuet transkriberas i frå munnleg til skriftleg form blir intervjuamtalane strukturert slik at dei er betre eigna for ei analyse. Det gjer det enklare å få oversikt over materialet og struktureringa er i seg sjølv ein start på analysen. Å ha intervjuet i skriftform gav meg større moglegheit for refleksjon utan noko form for forstyrring. Eg opplevde at det å transkribere gjorde materialet meir tilgjengeleg for analyse. Likevel gløymer eg ikkje lydbandet som eg har funne god

nytte av å bruke saman med transkripsjonane, fordi lydbåndet inneheld meir informasjon enn berre ord. Nokre gonger har eg komen i tvil om kva informanten faktisk meiner ut i frå det eg leser ut av transkripsjonen, difor gjev bandopptaket meg moglegheit til å repetere intervjuet på ein annan måte.

3.5 Korleis sikre kunnskapsproduksjon?

I dette kapittelet er det blitt illustrert korleis eg har gått fram i min datainnsamling. Eg viser også at det å gjennomføre eit feltarbeid på ein stad eg har vekse opp, i hovudsak har fungert på ein god måte. Eg opplever i at det ikkje er til noko hindring å gjennomføre ein studie og feltarbeid i eigen heimkommune, snarare tvert imot. Det at eg har eksisterande relasjonar i Naustdal bidrog til at tilgangen tilfeltet vart noko enklare, skjønt det kan nok ha hindre meg i å stille dei kritiske spørsmåla. I tillegg kan desse relasjonane skape visse forventningar i den eine eller andre retninga. Mi største utfordring er nok det at eg er fersk i dette med å gjennomføre forskingsintervju, men det at eg hadde inngåande kunnskapar om Vevring, Naustdal og Engebøprosjektet bidrog til at kvaliteten på intervjuet blei styrka. Eg kunne dermed stille spørsmål som informantane opplevde engasjerande og utfordrande.

I forkant av kvart enkelt intervju tok eg meg god tid til å fortelje informantane oppgåvas formål og kva informasjon eg var ute etter. Det at eg har eit lokal opphav gjorde det enklare å få ein god flyt i intervjuet. Eksempelvis hadde eg allereie god kjennskap til ulike lokale føretak, sosiale nettverk, stadsnavn og personar. Likevel trur eg den mest avgjerande faktoren for eit godt intervju var at eg hadde inngåande kunnskapar om den planlagde gruvedrifta og om Naustdal og Vevring

Det at mi datainnsamling består av ein kombinasjon av intervju, avisartiklar, lesarinnlegg og feltsamtaler meiner eg å hevde vil kunne styrke mi analyse. Spørsmåla under intervjuet eg stilte og kva dette utløyste viser kvifor ei sosiokulturell stadsanalyse fungerar for mi oppgåve og problemstillingas karakter. I mine to delspørsmål spør eg; Kva for nokre stadsforteljingar finst og produserast om Naustdal og Vevring slik dei kjem fram i tilknyting til Engebøprosjektet, og korleis kan politisk legitimitet skapast i Engebøsaka? I mine intervju kom det fram ulike stadsforteljingar om Naustdal kommune og skulekrinsen Vevring, noko som blir eit viktig ledd for korleis lokalbefolkinga forstår ringverknadar frå Engebøprosjektet.

Kapittel 4: Naustdal og Vevring, ulike stadsforteljingar

4.1 Introduksjon

I oppgåvas fyrste kapittel presenterte eg problemstillinga for denne studia. Eg spurte *Korleis innverkar planlagd bergverksindustri i lokale diskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere?* Her ønskjer eg å ta for meg problemstillingas fyrste delspørsmål; *Kva for nokre stadsforteljingar finst og produserast om Naustdal og Vevring slik dei kjem fram i tilknyting til Engebøprosjektet?*

Analysearbeidet i denne oppgåva vil vere knytt opp mot ulike stadsforteljingar som eg les ut av mine data gjennom intervju, internett og Firda, med sentrale aktørar som deltar i den offentlege debatten angåande gruveprosjektet. Dei ulike forteljingane haldast ved like av ulike aktørar og interesser som innbyggjarar, interesseorganisasjonar, lokalpolitikarar og næringsliv, noko eg meiner får stor betyding for korleis Naustdal og Vevring blir oppfatta som stad. Her vil eg gjere ei kartlegging av stadsforteljingar i Naustdal og Vevring slik eg finn dei i mine data.

Mitt inntak til denne problemstillinga er som sagt ved å fokusere på ulike forventningar hjå lokalbefolkinga knytt til den planlagde gruvedrifta. I forventninga leggast det til grunn forteljingar for å seie noko om kva Naustdal og Vevring er, burde vere og skal vere. Gitt at stader er produkt av sosiale relasjonar så er stader ofte gjenstand for lokal spenningar og konfliktar (Massey 1991). Engebøprosjektet verkar å aktualisere og forsterke det eg meiner er lokale spenningar i Naustdal kommune og Vevring. I tråd med Massey meiner eg at den planlagde gruvedrifta sett i kraft prosessar der lokalbefolkinga legg til grunn nokre premiss for kva for ein kommune ein ynskjer å bu, jobbe og leve i. Dette er interessekonfliktar og territoriale spørsmål som er med på å forme diskursar om Naustdal og Vevring. Ein prosess som blir aktualisert ved konflikttema som den planlagde gruvedrifta.

Eg meiner at i forventingar til Engebøprosjektet legg lokalbefolkinga til grunn nokre stadsforteljingar som kan seiast å vere uttrykk for gyldig kunnskap. Eller med andre ord så er korleis folk erfparar og har interesse i stadane Naustdal og Vevring eit viktig ledd for å legitimere for eigne standpunkt vedrørande Engebøprosjektet.

Mitt ønskje er at Naustdal skal vere noko meir enn ein «sovekommune» til Førde. Engebøprosjektet kan gje oss unike moglegheiter til å ta fatt på dette.
(Lesarinnlegg Firda 25.05.10)

Altså det er noko med det å hauste i frå fjorden. Hauste i frå naturen, vi plukkar sopp og lager soppstuing. Det å ha moglegheit til bruke og hauste frå naturen er for oss er det ein flott oppleving, det er jo difor eg flytta hit. Å bu sånn, eg syns det er kjempeherleg. Vi vil at borna våre skulle vakse opp nær naturen, setje garn i sjøen og ha ein barndom i eit reint miljø.

(To representantar frå VFM)

Desse utsegna ovanfor forstår eg som nokså vanlege utsegn som kommer ut i samband med det planlagde gruvedriften. Utsegna viser korleis folk fyller Naustdal kommune med ulikt innhald, der den fyrste representerer ei positiv innstilling til gruva, mens den andre representerer ein negativ innstilling. I samband med dette vil eg peike på kva forteljingar som finst av Naustdal og Vevring og til kva formål desse blir tatt i bruk.

Då fyrste publisering av KU med reguleringsplan blei lagd ut for offentleg høyring for fyrste gong i mai 2009, blei det gitt plass til mange artiklar og lesarinnlegg i Sunnfjordavisa Firda. Debatten har føregått ei god stund før dette, men ikkje i same omfang, om ein legg Firda sine artiklar og lesarinnlegg til grunn. Her debatterast det mykje bevisst og ubevisst kva stad Naustdal har vore, er og burde vere for fortida, notida og framtida.

4.2 Vevring, den gode staden

Motstanden mot gruveprosjektet på det lokale plan blir ofte formidla ved at prosjektet vil vere øydeleggande for eksisterande kvalitetar i Vevring. Fleire legg vekt på at Vevring er ei bygd med mykje aktivitet innanfor kunst, kultur, natur og landbruk, og Engebøprosjektet blir forstått å vere ein trussel imot den stadsidentiteten folket i bygda har skapt. Det er ikkje slik at motstandarar nødvendigvis kjem i frå Vevring, men det blir som oftast kommunisert som om at det er hovudsakeleg Vevring og Førdefjorden prosjektet vil vere øydeleggande for. I tillegg er dei mest sentrale aktørane som er imot og som offentleg debatterar gruvedriften busett i Vevring.

Vevring blir av mange forstått som ei noko spesiell bygd. Bygda har etablert seg som eit kunst- og kultursenter i Sunnfjord, kor det kvart år blir haldt ei kunstveke som får nokså stor merksemad både lokalt og nasjonalt. På 30 års jubileet i 2009 var det 1390

personar som hadde kjøpt billett til utstillinga. Kunsthistorikar Erlend Hammer seier til Firda;

Vevringutstillinga slik den framstår i dag, er på fleire måtar kunstverdas våte draum. Vevringutstillinga har grodd fram av seg sjølv, den er ikkje institusjonalisert, men den har vakse fram til ein institusjon av seg sjølv.

(Firda 21.09.09)

I same artikkel vil professor i europeisk kunsthistorie ved Universitetet i Bergen, Gunnar Danbolt trekkje fram kunsten i fjordlandskapet – såkalla Land Art. Han peiker på at her kjem du innom alt som er av viktige stader i denne vesle bygda, der han viste til kunstløypa mellom skulen, fjorden, nausta, kaia, sommarfjøsen, låven og gjødselkjellaren.

For dei eg intervjuer busett i Vevring var det naturlig å seie at dei kom i frå Vevring, ikkje Naustdal. Her er det mogleg å *leve det gode liv* slik fleire uttrykte det. Dette skyldes moglegheiter ved å bu ved og bruke fjorden, og dei framhevar utviklinga som føregår innan kunst, kultur og landbruk. Ein lokalpolitikar for SV som er busett i Vevring seier;

Mange av dei som er her no, er så sterkt tilknyta fjorden, naturen og kunsten som bygda er kjend for.

(Lokalpolitikar SV)

Ein annan politikar som representerer Raudt og er busett i Vevring på ein gard seier;

Vevringutstillinga den er stor, der er jo alle bygdene med inne i frå Redalen og ut til Horne. Alle er med, elles hadde ein ikkje fått det til å gått. Det er så stort at ein må ha så mykje folk for at dette skal gå rundt. Den er viktig.

(Lokalpolitikar Raudt)

Eit medlemmen i utstillingsnemnda seier til Firda (21.09.09) at dei har delt ut 350 dognadsband, noko som betyr at minst 60 fleire enn dei fastbuande i Vevring skulekrins har vore med på dognad. Vevringutstillinga er noko dei fleste av mine informantar i Vevring framhevar som viktig for innbyggjarane, og dei er stolte over at ei lita bygd som Vevring har greidd å skape ei utstilling som har oppnådd både nasjonal og skandinavisk merksemnd.

Under mine feltsamtalar var det mange som sa at alle var velkomne i bygda. Dersom nokon vil komme å besøkje bygda, spesielt under kunstutstillinga og fiskeveka så ville deltarane bli innlosjert rundt omkring på gardane og i husa til folk. Dørene står alltid open for utanforståande som vil komme på besøk. Det var berre å seie i frå på førehand så ville arrangørane ordne overnatting hos privatpersonar. Fleire peikte på at det er slik det er i Verving, eit svært ope og inkluderande miljø.

Forteljingane om Veving knytt seg til eit ope og inkluderande samfunn med kvalitetar knytt opp i mot fjord, natur, kunst, kultur og landbruk. Fleire av dei som bur i Veving brukar ikkje staden til arbeid eller næringsverksemd, skjønt det finst nokre arbeidsplassar innan barnehage, barneskule, butikk og noko landbruk. Mange uttrykker store fordelar ved å kunne bu slik og framleis vere i pendleavstand til Førde. Storparten av innbyggjarane dagpendlar ut av bygda.

Fleire legg vekt på at det inkluderande miljøet i bygda, eksempelvis under kunstveka og fiskeveka;

Det er noko med at ein bringer kunstnarar til ein liten stad, kor ein kombinerar dette med eit møte med menneske, natur og kunst. Det er dette møte med lokalbefolkinga som stiller opp, der sikkert 75% av befolkninga stiller opp på dugnad. Kunstnarar møter og bur hos lokalbefolkinga og dei er ute i naturen. Det er det same med fiskeveka, vi går ut og haustar av naturen. Det gjer vi også på Vevingutstillinga, det er fisk og mykje mat i tillegg til lokalt laga øl. Det er noko med den der stemninga som mange folk som kjem hit å beskriv som så unikt.

(Representant i VFM)

Det leggast stor vekt på at alle deltarane under kunstveka blir innlosjert i husa til dei fastbuande, og at dørene alltid er opne for dei som kjem på besøk. Under intervjuet med Veving og Førdefjorden Miljøgruppe (VFM), føregjekk også *Fiskeveka* i Veving. Informantane insisterte på at eg måtte ta del i arrangementet på kvelden og blei invitert opp på ein gard for å få servert brosme. Dette er eit årleg arrangement som blir satt stand av Veving og Omland Fjordfiskarlag under tittelen *Lyr, Lyre og lyrikk*. Fiskeveka er eit sosialt arrangement kor ein deltar i å hente mat i frå fjorden og serverer den til seg sjølv. Informantane insisterte på at dette var svært viktig for innbyggjarane,

og at eg måtte få oppleve kva som føregår i bygda og kor viktig dette er. Det var svært sentralt at fisken blir henta i frå den lokale fjorden, i det same området Nordic Mining tenkjer å deponere sin restmasse. Middagen blei servert i ein ombygd låve der alle deltakarane var tilstades og åt. *Lyr, Lyre og lyrikk 2010* hadde 90 påmeldte deltakarar (Fjordfiskarlaget⁶). Dersom ein ser dette i forhold til innbyggjartalet i Vevring så må det kunne reknast som eit nokså stort arrangement, med sine grender bur der omlag 300 personar.

To av mine informantar busett i Vevring og som begge er tilflytta i frå austlandet ynskjer å kunne drive småbruk og på same tid kunne arbeide i Førde.

Vevring er ein stad vi ønskjer å leve og bu, men det er også ein stad der vi ønskjer å kunne drive småbruk ved sidan av, drive økologisk med nokre høns og kyr. Det pleier jo naturlandskapet. Svært mange i Noreg har lyst til å jobbe og kunne drive jordbruk ved sidan av slik som vi gjer. Vi er i pendleavstand til Førde så det er ikkje noko problem.

(Representant VFM)

At Førde ligg i pendlaravstand blir sett på som eit gode, at det å kunne arbeide i Førde og på same tid leve det gode liv i Vevring. I Førde finst der nemleg arbeidsplassar for dei fleste arbeidsgrupper og fleire uttrykker at det er Førde sine arbeidsplassar som er noko av livsgrunnlaget for eksisterande busetnad i Vevring. Dei eg har snakka med i Vevring legg vekt på den korte vegen til Førde og at Naustdal og Vevring fungerar godt som ein forstad til Førde. Dermed stiller ein spørsmål ved kvifor så mange meiner at dei nye arbeidsplassane i gruva skal vere så viktig for Naustdal og Vevring.

Fleire av mine informantar peiker på viktigeita ved bruken av natur, kanskje spesielt med tanke på fjorden, men også det å kunne hauste sopp, bær og vilt blir sett på viktige kvalitetar.

Eg har jo vakse opp med ein far som fiskar, ikkje av yrkje, men far hans igjen var notbas og dreiv berre med fiske. Så eg stamma ikkje i frå ein gard, men i frå eit notbruk. Eg er jo fødd og oppvakse med fiske, fjord og sjø, så eg kjem nok aldri til å flytte vekk i frå sjøen. Naturen elles er jo ein del av det sjølvsagt. Eg er ikkje noko fjellmenneske, men eit fjordmenneske.

(lokalpolitikar SV)

⁶ <http://www.vevring.no/fjordfiskarlaget/Pameldte.html>

Denne informanten peiker vidare på at han brukar fjorden til å hente mat, dette blir sett på som eit viktig gode for hans og andres livsgrunnlag i Vevring. Han viser til at dette er i nær tilknyting til kunst og kultur.

Fjorden er ein av dei rikaste fjordane på vestlandet, det har konsekvensutreiinga vist, og det samsvare med ei rekje andre målingar. At fjorden er ein av dei rikaste fjordane på vestlandet, når det gjelder marint liv. Og det er jo klart at det er føresetnaden for mange av dei som bur her. Ikkje berre at ein har historiske føresetnadar, men dei som flyttar hit flyttar jo til det som finst her no. Mange av dei som er her no, har ei svært sterkt tilknyting til fjorden, naturen og kunsten som bygda er kjend for, for det er jo i eit samspel mellom desse.

(lokalpolitikar SV)

Det som denne personen seier er ei nokså typisk bygdeforteljing eg finn i media, i mine feltsamtalar og hjå mine informantar busett innanfor Vevring skulekrins. Representantane for VFM er alle på sett og vis tilflyttarar til Vevring. To av representantane er ikkje oppvokse i Vevring, mens den tredje har flytta tilbake etter å ha budd vekke i mange år. Dei legg vekt på at slik naturen eksisterer i dag og forhåpentlegvis i framtida er hovudårsaka til at dei har valt å flytte til bygda. Det er spesielt moglegheiter til å bu i nærliek med og bruk av naturen som oppfattast som viktig. To av informantane er begge inngift i ein familie med forankring i Vevring, og dei ønskjer at borna deira kan få oppleve same oppvekst som sine ektefellar.

Forteljingane ovanfor gjev eit bilet av det for er forstått å vere den ”gode staden”, med alle sine kvalitetar. Motstandarar av Engebøprosjektet og som er busett i Vevring ønskjer ei utvikling som er i samsvar med i denne retninga, kor nye tiltak ikkje må gå på tvers av eksisterande bruk og utvikling på staden. I følgje mine informantar busett i Vevring er det svært mykje som skjer på staden og det dei peiker at det finst aktivitetar som famnar alle aldersgrupper.

Forteljingane om Vevring refererar i stor grad til fortida, notida og framtida. Ein brukar fortida og notidas moglegheiter for å argumentere for korleis framtida burde vere. Som mine to informantar i frå VFM som seier at dei ønskjer at deira born kan få oppleve noko av den same oppveksten som ektefellane har hatt. Eller SV politikaren som fortel om sin oppvekst ved fjorden og notbruket. Eller Raudtpolitikaren som seier;

Ein burde bli meir restriktiv for å ta dyrka jord. Når alt skal vegast opp så tel vel ikkje desse jordlappane her så mykje. Skjønt om våre forfedrar har slite livet av seg for å få det til, så betyr vel ikkje det noko i den store samanhengen.

(lokalpolitikar Raudt)

Fleire legg stor vekt på gode kvalitetar som må bevarast og at utanforståande ikkje heilt skjønnar dette.

Ein må jo nesten bu ein stad for å vite korleis det er der. Det føler eg at vi må fortelje dei i Naustdal om, om kvifor vi har valt å bo her og kvifor vi trives så godt og kvifor vi føler at dette her er trua. Det endar jo opp med at ein blir stempla som ein miljøaktivist, utan at eg syns det er noko negativt, og at vi dyrkar det "idylliske" og at vi dermed er urealistiske. Det blir då vanskeleg å fortelje dei verdiane i Vevring og kva som går tapt.

(Representant VFM)

Fjorden med dagens kvalitetar går fram som svært viktig, i tillegg til at fleire ønskjer å bygge på dei tradisjonane som finst i bygda. Fjord, kunst, kultur og landbruk er viktig for stadsidentiteten i Vevring, og fleire snakkar om at utanforståande ikkje greier å forstå viktigheta av desse kvalitetane.

Lokalbefolkninga i Vevring verkar å snakke om ein eigen identitet lokalt forankra i bygda og i den grad Naustdal kommune blir dratt inn, er det fordi ein føler seg oversett. At det politiske og administrative systemet ikkje anerkjenner det spesielle og det bevaringsverdige miljøet i Vevring. Mange seier at kommuneadministrasjonen og politikarane har eit særskild ansvar for å anerkjenne og sørge for å ivareta fjorden og den kunst- og kulturaktiviteten som finst i Vevring.

4.2.1 Ei alternativ stadsforteljing

Det finst sjølvagt stemmer som ikkje erfarer Vevring slik det er skildra ovanfor, det er også dei som fortel ei alternativ bygdeforteljing. Eksempelvis finst det forteljingar som nyanserer biletet av Vevring som ein open og inkluderande stad. Ein grunneigar på Engebø fortel ei nokså annleis stadsforteljing enn mine andre informantar busett i Vevring, ho er grunneigar på det området som Engebøprosjektet etter planen skal vere. I intervjuet med henne var eg interessert i å vite kva dei ulike kulturarrangementa i Vevring betyr for ho. Eg visste nemleg at personen var positiv til gruveprosjektet, kanskje ville ho gje meg ei forteljing om bygda eg enno ikkje var blitt gjort kjend med?

Dei (kulturarrangementa) betyr omtrent ingen ting for meg, det gjer ikkje det, absolutt ikkje. Men det handlar jo sjølvsagt om at eg ikkje har kontakt med folk der borte. For dei er ein gjeng der borte som går saman på alle desse arrangementa. Dei er med i styra, dei er med i alt. Eg har vore her i alle desse åra og eg har aldri blitt spurt om eg ville vere med, eg driv jo med teikning og maling sjølv, men eg er aldri blitt spurt om å vere med i styret på Vevringutstillinga, aldri. Difor har ikkje eg brydd meg. Eg er svært kunstinteressert, men det reiser eg til Bergen for å sjå. Eg går på teater der og skal eg høre noko så går eg i Grieghallen. Der er slik det er her i bygda, det er for lite for meg.

(Grunneigar på Engebø)

Ho gav eit detaljert svar på hennar syn på Vevring, befolkninga og hennar bruk av staden. Ho fortel at ho ikkje tar del i det som føregår i Vevring i det heile, og at ho vil nemleg flytte inn til Naustdal sentrum kor ho opplever å ha ein større tilhørsle. Personen fortel ei historie om at miljøet i Vevring er ein stor klick ho ikkje har tilgang til. Denne forteljinga synes eg var veldig interessant sidan det i mine data ikkje finst så mange liknande stadsforteljingar. Den gjev eit alternativt bilet om Vevring som ein open og inkluderande stad med innslag av kunst, kultur og natur. Denne personen føler seg ekskludert og tar dermed ikkje del i aktivitetane i bygda, ho føler seg meir tilknyta Naustdal sentrum og tar del i det som føregår der. Dette har for meg ei analytisk interesse ved at informanten fortel om korleis ho erfarer og ”ikkje” brukar staden, og kva forståing ho har av stadens utvikling. Staden er for denne personen berre ein plass ho bur mot eiga vilje, dersom ho skal delta i noko sosialt gjer ho det andre stader. Men ho er ikkje den einaste i Vevring som uttrykker staden på ein negativ måte.

Sjølv bur eg på ein plass som kan vere eit skrekks eksempel på kor gale det kan gå med omsyn til bustadbygging, nettopp fordi offentlege etatar ikkje evner å tenkje vekst og utvikling. Vi i Vevring har ein veg frå kommunesenteret og ut fjorden som for mange kan opplevast som eit mareritt, spesielt for nysgjerrige som har vurdert og slå seg ned, mange er dei som har snudd i døra nettopp av den grunn.

(lesarinnlegg i Firda 01.10.2010)

Denne personen går vidare i sitt lesarinnlegg og seier at Vevring lever på eit minimum av eksistensgrunnlag og at det snart ikkje vil vere noko att i Vevring. Han fokuserer på andre forhold enn eg har illustrert, personen erfarer vegen ut til Vevring som eit mareritt og fokuserer på manglande evne til å skape ny busetting i bygda. Han seier også at det ikkje er mange som han i bygda som faktisk ønskjer Engebøprosjektet velkommen.

Sjølv om det finst personar som oppfattar Vevring som ein trist stad så tolkar eg deira forteljingar som noko atypisk for bygda. I mine data finn eg ikkje så mange liknande stadsforteljingar fortalt av Vevring sine eigne innbyggjarar.

4.2.2 Engebøprosjektet innverkar i stadsforteljingar i Vevring

Rød, Eidheim og Schmidt (2002) peiker på at enkelthendingar eller prosessar ofte kan vere med på å skyte fart i ulike konfliktar og at dette ofte vil prege diskursane om staden, eksempelvis ei etablering av gruvedrift. Engebøprosjektet verkar å sette i gang ein kollektiv kamp for å bevare Vevring slik staden blir fortalt å vere i dag. Ei forteljing mange av Vevring sine eigne innbyggjarar er med på å fryse fast og det er slik mange opplever at bygda er og skal vere for framtida. Utvikling i Vevring kan ikkje gå på tross av det som opplevast å vere ein stad i nær tilknyting til kunst, kultur, natur og landbruk. Dei som er kritisk til Engebøprosjektet og er busett i Vevring peiker på det spesielle og skjøre miljøet, og dei opplever at eit heilt bygdelag vil lide under storstilt bergverksindustri. Engebøprosjektet utgjer for fleire i Vevring rett og slett ein symbolsk trussel mot den etablerte stadsforteljinga store delar av befolkninga fortel. Engebøprosjektet verkar å styrke eller fryse fast Vevring som ei kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd. Bygda har kvalitetar som burde takast vare på og fleire peiker på at Vevring burde ha ein viss grad av sjølvråderett. Mange frykta at Vevring som den gode staden vil bli øydelagd av ei potensiell gruvedrift.

Det at mange skildrar Vevring som ein kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd, medfører at ikkje alle identifiserer seg med den eksisterande stadsutviklinga. Det er ikkje alle som føler seg som ein del av den rådande stadsforteljinga, slik som grunneigaren på Engebø som føler seg neglisjert. Det er også dei som meiner at bygda i realiteten vil døy ut dersom det ikkje skjer noko heilt spesielt, desse meiner Engebøprosjektet vil vere heilt naudsynt for at Vevring i det heile skal fortsetje å eksistere.

4.3 Naustdal, ein trist og kjedeleg kommune

Hos mine informantar som er tilhengjarar av Engebøprosjektet skildrast det ein identitet knytt til det som finst innanfor dei kommunale grensene. Det blir snakka om *vi* i Naustdal til forskjell frå motstandarane busett i Vevring som snakkar om *vi* i Vevring. Tilhengjarar av Engebøprosjektet skildrar ikkje ulike bygder innanfor kommunen, men

det blir ofte fortalt kommunale stadsforteljingar.

Det er mange som gjer eit skilje mellom Vevring til forskjell i frå resten av kommunen, der det blir lagt vekt på opplevde forskjellar mellom Vevring og resten av kommunen.

I samtaleemne blir det ofte ein slags oss og dei diskusjon. Det blir ofte oss i sentrum og dalen imot dei i Vevring. Til og med i daglegtalen gjer ein skilje mellom oss og dei i Vevring. Vi i sentrum pleier å sei at dei i Vevring bur avskilt i frå oss andre, avskilt i frå sentrum og dalen.

(AUF-medlem og leiar av ungdomsrådet)

Dette skilje mellom Vevring og resten av kommunen er noko eg er godt kjend med i frå eigen oppvekst, men også under feltsamtalar og under intervjuet gjerast det heile tida eit slikt skilje. Det kan verke som om Engebøprosjektet er med på å aktualisere og forsterke dette forholdet.

Informantane mine som er tilhengjarar av prosjektet fokuserer på moglegheiter og utfordringar for framtida i kommunen. Mens dei i Vevring peiker på eksisterande bruk og erfaring av staden, er ikkje dette like sentralt for informantane mine som er tilhengjarar av prosjektet. Det blir ofte fortalt om ein stad med lite aktivitet, därlege framtidutsikter, dalande innbyggjartal og om ein kommune med därleg økonomi.

(...) skal vi vokse som kommune så skal vi ha arbeidsplassar og du må ha næringsutvikling. Både i kommunen og regionen. Vi kan jo satse på at arbeidsplassane skal ligge i andre kommunar, men det går jo an å tenkje litt sjølv og vi har no gått til val på at vi skal skape arbeidsplassar. Det finst ni kommunar i Noreg som har mindre arbeidsplassar enn Naustdal i forhold til si eiga befolkning. Vi har desidert størst netto utpendling i Sogn og Fjordane med 55%, eller noko slikt, Noko som viser at vi har veldig lite arbeidsplassar til eiga befolkning her i Naustdal.

(Ordførar)

Sjølv om ordføraren, under intervjuet, ikkje ville kome med eigen innstilling til kva han meiner om Engebøprosjektet, så fortel han likevel ei forteljing om kva mange meiner er behovet i kommunen. Det opplevast som om at Naustdal kommune manglar næringsliv og dei naudsynte arbeidsplassane som skal til for å få til aktivitet i kommunen.

Mitt ønskje er at Naustdal skal vere noko meir enn ein sovekommune for Førde.

(Lesarinnlegg i frå ein lokalpolitikar Høgre, Firda 25.05.10)

Denne politikaren peiker på kva mange opplever som eit problem i Naustdal kommune, at kommunen sjåast på som ein stad kor ingenting skjer, ein stad som forsyner Førde med arbeidskraft og at dette er eit problem for kommunen. Det blir eit mål å gjere kommunen mindre avhengig av Førde, slik at Naustdal få til ønskja aktivitet og dermed ikkje lenger vere ein såkalla ”sovekommune”.

Naustdal kommune har relativt lite næringsverksemd utanom landbruk. Området utover langs fjorden har endå færre arbeidsplassar og avstanden til Førde er lengre. Her er det etter mi mening endå viktigare å tilføre området verksemd som kan styrke busetnad og levevilkår på sikt.

(Lesarinnlegg Firda 30.10.09:)

Slik Naustdal blir fortalt av tilhengjarar av Engebøprosjektet er det ein kommune med mange utfordringar, lite aktivitet, få næringar og for få innbyggjarar. I dag er kommunen rekna for å vere ein landbrukskommune, men fleire meiner landbruket har ei dårlig framtid i vente. Eksempelvis seier ordføraren at;

Vi er jo ein veldig næringsfattig kommune og landbruket har ikkje dei beste utsiktene.

(ordførar)

Leiaren i ungdomsrådet og AUF medlem er kritisk til å kunne etablere alternative næringar og peiker på därlege utsikter innanfor turisme.

Vi har ikkje heilt den særprega naturen som ein del av dei andre fjordane kan tilby. Vi har ikkje den store overgangen frå djup fjord og til høge fjell. Sognefjorden har jo oppimot 1400m høge fjell, rundt Førdefjorden ligg grensa på cirka 500-600m. (...) Naustdal sine turismemoglegheiter er heilt greie, men dei er ikkje noko spesielle, dei skil seg ikkje ut på ein einaste måte. Det er i alle fall veldig konkurransedyktig i forhold til Sogn. Ein skulle alltid ha klart å fått til ein del, men som for ei veke sidan kom det inn eit cruiseskip i fjorden, veit du kva som skjedde? `neida skipet hadde kjørt inn feil fjord. ` (...) Kjem ikkje dette tiltaket trur eg Naustdal blir nøydd til å slå seg saman med dei nærliggande kommunane. (...) Verdiskaping er grunnlaget for å skape god velferd. Naustdal treng sårt fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping for å kunne gje innbyggjarane gode kommunale tenester i framtida.

(AUF-medlem og leiar av ungdomsrådet)

Igjen blir det fortalt at Naustdal ikkje har gode utsikter for næringslivsetablering. Som leiaren av ungdomsrådet peiker på at Naustdal går tapande ut i konkurranse om å få

turisme til bygda. Atter ein gong så peikast det på manglar i Naustdal, denne gongen mangel på storlått natur.

I samband med gruvesaken så fokuserast det på utfordringar i Naustdal, men også generelle utfordringar distrikta står overfor. Den største trusselen for mange er at Naustdal har ein dårlig økonomi og opplever fråflytting. Dette meiner mange har sin årsak i at det ikkje finst arbeidsplassar i kommunen. Arbeidsplassar verkar å kunne representera heile grunnlaget for at nokon i det heile tatt vil ønskje å busette seg i Naustdal.

4.3.1 Engebøprosjektet innverkar i stadsforteljingar om Naustdal kommune

Den gode forteljinga om Naustdal kommune får ikkje komme til utan Engebøprosjektet, i så måte lar denne forteljinga vente på seg fram til prosjektetablering. Av dei som ønskjer Engebøprosjektet velkommen blir kommunen definert som ein distriktskommune med lite aktivitet, få innbyggjarar, lite næring og som ein sovekommune. Det er rett og slett alt for lite som føregår i kommunen. I samband med Engebøprosjektet er det er påfallande ofte forteljinga om Naustdal med alle sine utfordringar som blir fortalt. Det som blir oppleve som dagens utfordringar ved Naustdal blir skildra for å fortelje at Engebøprosjektet kan vere med på å løyse desse.

Naustdal med alle sine utfordringar er ei forteljing som blir fryst fast av dei som er positiv til Engebøprosjektet. Ei forteljing eg finn hos omrent alle dei som ønskjer prosjektet velkommen og fleire skildrar det som om Naustdal sin eksistens avhenger av om ein kan få til arbeidsplassar i kommunen.

4.3.2 Vevring og Naustdal, konkurrerande stadsforteljingar

Eg synes det er interessant å sjå korleis eit industriprosjekt bidrar til å trekke befolkninga i ein kommune i to forskjellige retningar. Korleis Engebøprosjketet bidrar til at lokalbefolkninga skaper eller forsterkar forskjellige stadsforteljingar i Naustdal kommune. Ulik bruk og erfaring gjennom stadsforteljingar om Naustdal og Vevring verkar å ha nær samanheng med kva slags innstilling lokalbefolkninga har til Engebøprosjektet. Ulike stadsforteljingar representerer ulike forståingar om kva behov, utfordringar og korleis framtida burde sjå ut for Naustdal og Vevring. Debatten om Engebøprosjektet peiker på stor usemje om kva som er viktig å byggje vidare på, endre

eller tilføre for at Naustdal skal få den ønskjelege utviklinga. Follo og Villa (2010) seier at parallelt med førestillingar om kva ein stad eller ei bygd er, eksisterer det også førestillingar om kva som ikkje høyrer til ein stad eller ei bygd. Planane om etablering av gruvedrift i Naustdal kommune verkar å skape ein kamp for å definere kva Vevring er og skal vere for innbyggjarane i bygda. Det føregår ein diskursiv kamp for å vise fram Vevring som ei kunst-, kultur-, natur og landbruksbygd. Likevel har eg også vist at dette biletet ikkje famnar alle på staden. På same tid førast det også ein kamp blant tilhengjarar av Engebøprosjektet om å definere Naustdal som ein kommune med dalande innbyggjartal, lite næringsliv, få arbeidsplassar, lite aktivitet og at det er noko som berre vil forverre seg dersom Engebøprosjektet ikkje realiserast.

Follo og Villa (2010: 123) peiker vidare på at diskursar om bygder i Noreg har særleg to dominerande perspektiv; bygda som *trist*, *kjedeleg* og *umoderne* og bygda som *idyllisk* og *god*. I tråd med Follo og Villa meiner eg å hevde at det i Vevring blir skapt eit biletet av bygda som idyllisk og god, på bakgrunn av kvalitetar som finst innanfor kunst, kultur, natur og landbruk. Å kunne bu i ei bygd med slike kvalitetar blir sett på som veldig positivt, mens befolkninga på same tid er i pendleavstand til Førde. På den andre sida skaper tilhengjarar av gruvedriftena i Naustdal kommune som ein trist, kjedeleg umoderne stad som manglar næringsliv og private arbeidsplassar og som er langt unna Førde. Blant tilhengjarar av Engebøprosjektet verkar det som om arbeidsplassar blir den overordna måleininga på om Naustdal kan bli oppfatta å vere vellukka, alt anna blir sekundært eller sett på som ein bonus.

Kapittel 5: Det er framtida som står på spel

5.1 Innleiing

Lokalbefolkninga i Naustdal og Vevring har store forventningar til kva som vil skje dersom Nordic Mining blir gitt løyve til å realisere Engebøprosjektet i Naustdal kommune. I mine data finn eg lokalbefolkninga sine skildringar om den gode og den vonde framtida som Vevring og Naustdal kan stå overfor, det er rett og slett framtida til stadane som står på spel. Det forteljast om Naustdal som endeleg kan få komme ut av den uføra kommunen opplevast å vere i, eller om Vevring som med alle sine kvalitetar vil bli lagt daud.

I dette kapittelet vil eg forsøke å svare på det andre underspørsmålet til problemstillinga mi; *Korleis blir politisk legitimitet skapt i Engebøsaka?* Omgrepet legitimitet forstår eg som den prosessen eller det band eit sosialt system rettferdiggjøres gjennom sine medlemmer (Korsnes, Andersen og Brante 1997: 180). Det vil seie mellom anna at stadsforteljingar er det bandet som blir viktig for å rettferdiggjere eller motarbeide Engebøprosjektet. Måten eg skal svare på dette delspørsmålet på er gjennom å identifisere dei strategiar lokalbefolkninga brukar for å oppnå oppslutning og styrke eigen argumentasjon. Eg skal belyse dei forventningar som presenterar ulike framtidige utfall for Naustdal og Vevring. I den offentlege debatten føregår det eit diskursivt spel for å oppnå mest mogleg oppslutning.

5.2 Bergverksindustrien vil kunne redde Naustdal

Naustdal har lenge vore ein kommune mellom dei to småbyane Florø og Førde. Befolkningsmessig har kommunen sidan år 1995 og fram til år 2011 vore relativt stabilt, men sidan år 2001 har Naustdal hatt ein svak befolkningsmessig nedgang sidan (SSB⁷). Per 01.01.11 var det registrert 2 687 personar i kommunen, mens i Førde kommune har det vore ein relativt kraftig befolkningssauke. I 1995 var innbyggjartalet om lag 8500 personar, og i 2011 er det talet steget til rett over 12.200 personar (SSB⁸). Eg vil ikkje peike på årsakssamanhangane til desse faktorane, men den befolkningsmessige utviklinga i Naustdal og Førde er sentralt for korleis informantane mine skildrar Naustdal.

⁷ <http://www.ssb.no/kommuner/1433>

⁸ <http://www.ssb.no/kommuner/1432>

Ei av utfordringane til distrikta i Sogn og Fjordane er jo i forhold til busetting og aktivitet, so tapar vi jo. Vi mistar stadig arbeidsplassar og vi blir færre innbyggjarar i fylket i forhold til den totale populasjonen i landet som stig. Dersom vi ikkje klarar å skape arbeidsplassar så vil jo denne utviklinga berre fortsetje. Skal vi i Sogn og Fjordane snu dette er vi i fylket avhengig av at det skjer noko. Då er det klart at naturressursane er ein av dei tinga som vi kan vekse på. Å skape nye arbeidsplassar som ved Engebøprosjektet.

(lokalpolitikar SP)

Denne ytringa peiker på noko av den utviklinga som har skjedd i Sogn og Fjordane og Naustdal, mens det på same tid er knytt ei tru på at Engebøprosjektet kan vere med på å snu denne trenden. I 2010 var det fleire busett i Naustdal kommune som på same tid arbeider i Førde enn i eigen heimkommune (Sogn og Fjordane Fylkeskommune⁹) Naustdal har hatt ei utvikling som verken har ført til vekst i sysselsetting, nye arbeidsplassar, ny kapital eller befolkningsvekst. Det synes å vere semje blant tilhengrarar at Engebøprosjektet vil kunne snu trenden i Naustdal og at det vil kunne gje den befolkningsauka kommunen treng, elles vil denne negative trenden berre fortsetje. Mange seier at det å få etablert om lag 170 arbeidsplassar vil skape ein stor etterspurnadvekst på mange område.

Utan samanlikning, men vi kan no ta Gardemoen flyplass og det å etablere ein heilt ny flyplass viser jo kva ein sett i gang. Ein byggjer ikkje berre ein ny flyplass, men ein sett i gong ein enorm næringsutvikling, fordi den eine dreg den andre med seg. Eg er ikkje i tvil om at Engebøprosjektet vil kunne virke omlag på same måte. Det å få på plass slike basisarbeidsplassar som ikkje berre er sørvis, men det er produksjonsarbeidsplassar. Ein får i gang ein ny type folk med ny type næring, disse folka vil etterspør alle dei tenesteytande tinga som vi allereie har. Det er fordelen med denne typen arbeidsplassar er at det er produksjonsarbeidsplassar som det finst lite av i dag.

(lokalpolitikar SP)

Det lokalpolitikaren peiker på at dei positive ringverknadane fleire meiner tiltaket vil kunne bidra med, at det også vil kunne gje gode rammer for anna næringsutvikling. Rammer som ikkje finst i dag. Ein skulle kanskje tru at med slike positive ringverknader at Engebøprosjektet ville få stor lokal støtte?

⁹ [http://www.sfj.no/cmssf/cmstell/cmpublish.nsf/\\$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA?OpenDocument](http://www.sfj.no/cmssf/cmstell/cmpublish.nsf/$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA?OpenDocument)

5.3 Engebøprosjektet, ein trussel mot eksisterande stadsutvikling

La bygda, kunsten, naturen og skulen leve! Vevring er ein del av Naustdal kommune. Kommunen kan ikkje la eit heilt bygdelag lide under storstilt gruvedrift.

(Firda.no¹⁰ : 21.09.10)

Den aktuelle bergverksdrifta derimot skaper arbeidsplassar stort sett for utlendingar, eksporterer verdiane ut av fylket og landet og øydelegg for ei rekke etablerte næringsverksemder, t.d. dei som er knytt til fjord og lakseelvar. Bergverksindustri med ope dagbrot, sjø- og landdeponi er rett og slett ei valdtekst som hindrar vår allereie planlagde alternative utvikling – slett ikkje det geniale og innovative vi har venta på!

(Lesarinnlegg i Firda 02.09.09)

Med tanke på dei positive forventa ringverknadane nemnt ovanfor så finst det også kritiske røyster til dette. Mange har ikkje trua på at det vil vere reelt med 170 arbeidsplassar og er skeptiske til om desse arbeidsplassane i det heile vil kunne komme lokalsamfunnet til gode. Kritikarane meiner det ikkje finst nokre garantiar for at arbeidarane vil velje å busette seg i kommunen. Ein fryktar at Vevring blir omgjort til ein brakkelandsby, med importert arbeidskraft som ikkje har nokon form for lokal tilhørsle. Fleire stiller spørsmål med viktigeita av desse arbeidsplassane dersom ein skal basere drifta på importert arbeidskraft, sidan det i dag ikkje finst lokal eller nasjonal ekspertise innan denne forma for bergverksindustri.

(1)Ein kan ikkje sjå på arbeidsplassar sånn isolert, det hjelper jo ikkje oss å få arbeidsplassar dersom ingen av dei som skal å jobbe der, ikkje skal bu i Vevring eller Naustdal. (...)Ein må sørge for at det ikkje berre blir ein brakkeby med utanlandsk arbeidskraft, eller folk frå Oslo eller Bergen som kommer på mandag og drar igjen på torsdag.

(2)Vist du ser på gruveindustri i eit internasjonal perspektiv så er gruveindustrien noko av den industrien som legg igjen minst lokalt. Det er ein veldig skitten industri. Det er erfaringane i frå det internasjonale, men også i Noreg, pengane blir ikkje lagt igjen lokalt.

(to representantar for VFM)

Av dei eg har intervjuat som stiller seg kritisk til Engebøprosjeket er elle er einige i at arbeidsplassar er viktig, problemet er at ein må betale ein alt for høg pris for at Engebøprosjektet skal komme til Vevring;

¹⁰ <http://www.firda.no/nyhende/article4150025.ece>

Mange stiller meg spørsmålet, korleis eg skal greie å skaffe 170 arbeidsplassar dersom Engebøprosjektet ikkje blir noko av, Det tykkjer eg er eit veldig urettferdig spørsmål. Eg og vil ha 170 arbeidsplassar.

(lokopolitikar SV)

Problemet for mange er at prosjektet opplevast som øydeleggande spesielt for fjorden og heile årsaksgrunnlaget til kvifor dei er busett i Vevring. Prosjektet representerer for fleire eit enormt skadeleg naturinngrep og noko som gjev eit dårlig bumiljø.

Dei planane som har blitt lagt fram no går jo på tvers av det som eg brukar naturen til. Det går i ei heilt annan retning. Der som eg hentar maten i frå vil jo dei legge avfallet sitt. Avfall er jo eit stygt ord, men det er jo avfall det er. Det er jo noko uønska i frå produksjonen som dei vil kvitte seg med, og da vil dei legge midt i fjorden.

(lokopolitikar SV)

Kritikarane av engebøprosjektet meiner det ikkje er truverdig at gruvedrifta vil gje 170 arbeidsplassar slik det står i konsekvensutreiinga, og at det ikkje finst garantiar for at arbeidsplassane i det heile vil gagne Vevring, Naustdal eller regionen elles. Implisitt vil det seie at prosjektet berre er forventa å vere øydeleggande for fjorden og lokalsamfunnet i Vevring, og at det heller ikkje vil vere teneleg for kommunen. Motstandarane er ikkje i utgangspunktet kritisk til Engebøprosjektet, men dei er kritisk til det omfanget slik det blir presentert i reguleringsplanen, og då spesielt deponiplanane.

5.4 Naustdal treng vekst og utvikling

At dei positive ringverknadene langt overgår dei negative med omsyn på ei sterkt ønska samfunnsutvikling er udiskutabelt.

(Lesarinnlegg lokalpolitikar SP Firda 29.09.2010)

KVA VIL VI MED BYGDA? Vi kan velje og ha det slik som no med fare for nedlegging av skule og eventuell handel og der på utflytting, vert dette realitet er bygda på veg til ein stille død, eller ein kan satse på den industrien som dette firma legg opptil, som utan tvil vil gi ringverknader ikkje berre i Vevring–Naustdal, men heile regionen.

(Lesarinnlegg i Firda 18.04.09)

Positive ringverknadar frå gruvedrifta verkar å gje håp om aktivitet, vekst og utvikling i Naustdal kommune og for Sunnfjordregionen. Engebøprosjektet vil kunne stimulere ein

form for aktivitet fleire meiner er heilt naudsynt for at Naustdal skal greie seg i framtida.

Ein lokal høgropolitikar i Naustdal seier i eit innlegg til Firda at det vil vere feil å seie nei til eit prosjekt som tilbyr moglegheiter innanfor kompetansearbeidsplassar, betre tenestetilbod og ein lettare budsjettsituasjon. Han peiker på at Sogn og Fjordane har rike tradisjonar innanfor uttak og foredling av mineralressursar, og at bergverksnæringa er ei viktig distriktsnæring i vekst.

Skal vi gjere det attraktivt for yngre menneske og familiar å bu i Naustdal må vi kunne tilby interessante og langsiktige arbeidsplassar. EG MEINER DET ER VIKTIG at vi vidareutviklar Naustdal som ein attraktiv kommune også med høg sysselsetjing og verdiskaping.

(Lesarinnlegg frå ein lokalpolitikar i Høgre, Firda, 25.05.10)

Bergverksindustrien representerer for mange ei viktig distriktsnæring, fordi næringa vil kunne tilby interessante og langsiktige kompetansearbeidsplassar som må til for å skape Naustdal om til ein attraktiv kommune.

Ordføraren peiker på at landbruket har därlege utsikter og at ein er nøydd til å få til noko nyskapning i Naustdal.

Vi må kunne vere i stand til å tenkje litt sjølve, at vi må kunne skape arbeidsplassar og ikkje vere avhengig av at Førde skapar alt for Naustedølingane.

(Ordførar)

Grunneigaren på Engebø peiker på kvifor ho meiner arbeidsplassar er viktig. Spesielt er det at dottera hennar har byrja å fatte interesse for geologi.

Dottera mi er jo ferdig på vidaregåande no, og ho kunne tenkt seg å studere noko som geologi eller liknande. For ho har jo følgt med, og møtt alle dei frå geologisk institutt ved NTNU som har vore innom her på Engebø. Ho har jo fått med seg ein del, og vi har jo gått oppe i brotet her, sitt på steinar og slikt.

(Grunneigar på Engebø)

Som mange andre peiker grunneigaren på at arbeidsplassar er veldig viktig, mellom anna fordi det gjer det attraktivt for dottera og andre ungdomar å komme tilbake til Naustdal etter enda utdanning. Ho meiner at dersom dette tiltaket ikkje blir noko av vil

heile bygda og kommunen bli lagt ned, noko som vil byrje med nedlegginga av skulen i Vevring. Betring av riksveg 611 frå Vevring og inn til Naustdal synes også å vere svært viktig. Ho seier at berre i løpet av vinteren år 2009-2010 var det to tilfeller kor ho nesten har oppleve å bli tatt av snø- og steinras.

5.4.1 ”Utan arbeidsplassar vil Naustdal døy ut”

Dei stadane som ikkje utviklar seg, dør ut. Vi må ha vekst og utvikling

(Lokalpolitikar FRP¹¹)

Fleire av dei utsegna eg har belyst peiker på den gode tida som vil komme i Naustdal dersom gruvedrifta blir etablert i kommunen. Det gjerast heile tida eit diskursivt arbeide for å konstruere framtida, gjennom ei tru på at Engebøprosjektet vil skape arbeidsplassar, ei betring av kommuneøkonomien og gjere Naustdal mindre avhengig av Førde. Engebøprosjektet vil kunne få Naustdal ut av den uføra kommunen er oppleve å vere i, ei uføre som verkar å vere grunngjeve i ein sakna næringsaktivitet og i befolkningsnedgang i kommunen. Som eg har poengt tidlegare så opplever mange det som om all utvikling føregår i Førde, mens Naustdal står på sidelinja og snyltar på eller forsyner Førde med arbeidskraft. For mange er arbeidsplassar og næringsetablering synonymt med aktivitet og dermed positiv utvikling på staden, og med dette vil difor kommunen omformast til den *gode staden*. At majoriteten av innbyggjarane i Naustdal arbeider i Førde, blir av mange betrakta som ei belastning for kommunen. Forventa ringverknadar frå gruvedrifta gjev ei stor tru på mykje ny aktivitet i Naustdal sentrum og i Vevring. Ei tru på at nye arbeidsplassar vil føre til enno fleire arbeidsplassar som igjen vil føre til befolkningsvekst og ei betring av kommunale velferdstilbod.

Utan Engebøprosjektet forteljast det om ein kommune som sakte men sikkert vil ende opp som ein ”spøkelseskommune”, fordi etterkvart som landbruket forsvinn har ikkje kommunen noko att og kommunen vil tappast for folk. I verste fall dersom blir Engebøprosjeket ikkje blir noko av kan kommunen berre bli slått saman med Førde kommune, fordi det då ikkje vil vere livsgrunnlag att i Naustdal.

¹¹ Sagt til NRK Sogn og Fjordane i forkant av kommunestyremøtet 11 mai 2011

Det eg trur som vil komme til å skje vist dette ikkje vil komme er at Naustdal kommunen vil måtte slå seg saman med dei nærliggande kommunane.

(AUF-representant og leiar av ungdomsrådet)

Det opplevast som om prosjektet har moglegheit til å redde Naustdal i frå å bli ein del av populasjonsstatistikken til disktrikskommunane elles i Sogn og Fjordane.

Det skapast nokre forteljingar om korleis Naustdal vil sjå ut utan Engebøprosjektet. At kommunen berre vil fortsette i det negative sporet som kommunen allereie er i. Grunngjeve i arbeidsplassar vil Engebøprosjektet skape menneskeleg aktivitet på staden.

Altså arbeidsplassar er jo alfa omega for å få folk til å flytte hit. Det handlar om at fyrst og fremst om at kommunen må overleve.

(AUF-representant og leiar av ungdomsrådet)

Som eg viste i førre kapittel definerar tilhengjarar av Engebøprosjektet Naustdal som ein kommune kor det finst lite aktivitet. Det er alt for få arbeidsplassar, for store økonomiske utfordringar, det er ein ”sovekommune” og desse forholda er forventa å berre forverre seg inn i framtida.

Statistisk sentralbyrå seier jo at Naustdal dei neste 15 åra kan forvente ei nedgang i befolkninga, mens på Florø og Førde kan forvente ein vekst. Det er ikkje ei bra utvikling.

(Ordførar)

Det er svært viktig for meg å få i gang meir næringsverksemد i Naustdal. Eg er redd det byrjar å haste. Når vi snakka om bærekraft, den økonomiske situasjonen i Naustdal er langt i frå bærekraftig. Vi treng sårt fleire arbeidsplassar og innbyggjarar.

(lokalpolitikar AP)

Tilhengjarar skapar eit bilet av at Naustdal ikkje vil klare seg utan desse arbeidsplassane. Potensielle tilflyttarar vil busette seg andre stader der dei enklare kan finne arbeid. Ein fortel om ungdomen vil flytte ut til meir urbane strøk og aldri kome tilbake.

Tilhengjarar skildrar ei trist framtid dersom gruvedrifta ikkje blir etablert, ei trist framtid som blir viktig for å fortelje kvifor kommunen er avhengig av at

Engebøprosjektet realiserast. Ei slik skildring som blir ein viktig strategi for å skape oppslutning om prosjektet.

5.5 "Den positive stadsutviklinga i Vevring står i fare"

Engebø i år 2062

Det føles rart å tenkje på tida eg er 100 år, Og veit at mange då opplever varige og djupe sår.

Vakre fjorden og fjellet er ikkje til å kjenne att, Maleri og historie viser kva vi kunne hatt.

Engebøfjellet i sin flotte prakt er knust og forlatt, Heller ikkje fjorden er til å kjenne att.

Mange har flytta frå sine eingong trygge heimar, Gårdane er forlatte, på uthuset henger morkna teinar.

Tare som frisk dansar i bølgene, fiskeliv og måkeskrik, Kva skjedde i vårt distrikt?

Dei gode fiskeplassane som pappa ein gong viste meg, Lange, Torsk, Sei, Makrell og andre er reist sin veg.

Bondene som streva med jord og grøde, År med slit gir ikkje lenger vekst og føde.

Vi som lever no i 2009 må stå saman og kjempe imot, For denne historia må ikkje få slå rot!

(Gerd Gjelsvik sitert i Firda: 28.10.2009)

Dei som stiller seg kritisk til Engebøprosjeket skaper eit svært så ugunstig framtidssbilete dersom prosjektet skulle realiserast. I framtida vil det som ein gong var, for alltid vere øydelagt. Med Engebøprosjektet vil bygda leve i skuggen av det den ein gong var; ei levande kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd. Diktet ovanfor syner for meg å oppsummere store delar av kva mange i Vevring fryktar prosjektet vil medføre, kva dei opplever og forventar at prosjektet vil vere øydeleggande for.

Sjølv om det finst mange som er kritisk til Engebøprosjektet og som ikkje er busett i Vevring, så er likevel storparten av den aktive, offentlege og lokale motstanden i kommunen busett i Vevring skulekrins. Det er som regel motstandarar i frå Vevring skulekrins som aktivt debatterar saka i avisa, arrangerer og deltar på folkemøte og som blir gitt plass i media. Desse blir på den måten viktige aktørar i den offentlege debatten og dei peiker på at Engebøprosjektet vil vere øydeleggande for sentrale og eksisterande verdiar i Vevring. Eit opplevd skjørt samfunn som har verdi i seg sjølv, og som ein ikkje kan gå på akkord med.

Vi har jo ein del arbeidsplassar i Naustdal som er verdt og ta vare på, ikkje minst jordbruksområdet. Dette storprosjektet blir for stort for den småbygda her, slik som det no er planlagd. Eg er absolutt ikkje imot industriarbeidsplassar, det veit no alle som kjenner til Raudt sin politikk. Men når det øydelegg for så mykje natur, der går grensa.

(lokalpolitikar i Raudt)

Mange fryktar at fjorden og den omkringliggende naturen vil kunne bli totalt øydelagd og at det ikkje vil vere mogleg å ta i bruk naturen.

Slik prosjektet ser ut no så ser eg faktisk ingen fordelar, for det vil i midt haud tvinge meg til å flytte her i frå. Fordi eg kan ikkje fortsette å bruke naturen slik som eg har gjort. Blir Engebøprosjektet slik som eg trur det vil bli så kan eg ikkje bruke fjorden i det heilettatt, til det som den er der for.

(lokalpolitikar i SV)

For mine informantar i Vevring går det fram at deira forståing av staden er nært knytt oppimot bruk og erfaring av korleis ein skal ivareta fjord og natur. Dette blir i stor grad nytta som legitimiseringsgrunnlag for kva ein forventar at gruveprosjektet vil øydelegge for. Eine representanten i VFM seier;

Det øydelegg jo naturen, Prosjektet er jo eit enormt naturinngrep, det blir et dårlig bumerke med tanke på støv og støy, det er også planlagt å bruke gift og kjemikaliar i deponimassen. Og så er det jo slått fast at fiske forsvinner og at ved fjorddeponi så øydelegger man fjorden som leveområde for ein del fisk.

(Representant i VFM)

Uavhengig av om heile fjorden vil ligge daud eller om det berre vil gjelde sjølve det planlagde deponiområdet, så går det fram at konsekvensane av fjorddeponiet uansett vil vere for stort. Det er brei semje i fagmiljøa og blant lokalbefolkinga at alt botnliv vil døy ut i sjølve deponeringsområdet, men dette blir i seg sjølv sett på som eit alt for stor inngrep på naturen. Det å deponere slik som dette blir sett på som om å gå tilbake på 70-talets industripolitikk kor ein ikkje hadde noko form for regulering av industrien.

Eine representanten frå VFM peiker på at det omrent ikkje finst arbeidslause i Vevring, og lurar på kva som vil skje med Vevring etter 50 år med gruvedrift? Til dette seier ein annan representant;

Vi skal ikkje bli som Odda, ein spøkelseby etter 50 år.

(Representant VFM)

Slike utsegn peiker på noko det ein er redd vil kunne skje med bygda, at den vil bli ein spøkelseby både under og etter gruvedrifta på Engebøfjellet. At det til slutt ikkje vil vere noko att i bygda, og i eit slikt perspektiv blir ikkje 50 år med gruvedrift rekna for å vere langsiktige og bærekraftige arbeidsplassar. På eit spørsmål om Engebøprosjektet bryter med dagens bilete av Vevring som ei kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd, svarar to representantar i frå VFM;

(1) Det er jo verkeleg ikkje sameineleg altså. Ikkje sameineleg ved at vi som er interessaert i dette, ikkje er interessaert i å bu ein stad kor det er mykje støy, støv og den forureininga. Det bryter med kulturen vår. Heile kommunen har jo eit potensial i forhold til å bygge på dette med kunst og kultur. Og heile Naustdal har jo moglegheit til å tiltrekke seg folk som syns dette er et flott sted å bo. Og så kan dei jobbe i Naustdal sentrum eller Førde.

(2) Det spesielle miljøet som er her med utstillinga, det er veldig sårbart. Naturen her er også veldig sårbar. Og slik det er med Engebøprosjektet for å få lønnsemrd i det, så ønskjer ein å gjere det på billigast mogleg måte, det blir for valdsamt for oss.

(to representantar i frå VFM)

Kritikarane av prosjektet er overbevist om at det vil øydeleggje for dagens kvalitetar og bruk av det som finst i Vevring. Det blir skapt ei framtid med ein daud kunst- og kulturbygd, daud fjord, daud natur og nedlagd landbruk. Med Engebøprosjektet vil bygda vil kunne bestå av oppsette brakker med arbeidskraft utan lokal tilhørsle, og som vil vere busett utanfor fylket.

Den eine informanten min i VFM og er tilflytta i frå austlandet peiker på at mange ikkje forstår verdigrunnlaget til kvifor mange vel å bu i Vevring. Denne personen er busett på ein av dei største gardane i Vevring. Ho fortel om eit tilfelle då ein forskar i frå Norsk institutt for by- og regionsforsking (NIBR) var på besøk på familiegarden for å gjere ei utgreiing for konsekvensutgreiinga. Informanten seier at dette er ei historie for seg sjølv;

Han forskaren kom jo opp på garden på Myra som er driven i generasjonar, det er jo liksom ein av dei eldre gardane. Min svigerfar som har bygd huset frå

botn. Han har nesten ikkje hatt inntening, han har levd i frå hand til munn. Altså levd av det dei har på garden. Dei har mjølk, kyr og sånn, han har hugga ned tømmer, han har smidd spikrane, han har drivet på det nivået der. Han har bygget opp huset Stein for Stein og tømmer for tømmer. Svigerfaren min seier til samfunnsforskaren; - at vi som bur så nære Engebøfjellet og må flytte i frå farsgarden er så trist-. Så seier forskaren; - men trur du ikkje at nokon som jobbar i gruva vil kjøpe huset dit da? - Han forskaren forstår jo ikkje, altså han er ikkje interessert. Han ser bare på det praktiske, eg trur han tenker at folk er redd for å ikkje få igjen den økonomiske verdien på huset, han ser ikkje dei andre verdiane som finst. Det er dette med å forklare folk kva ein verdi er, kva du syns er ein verdi er noko heilt anna enn kva eg syns er ein verdi. Når folk seier at dette blir det pengar av, mens andre sitter og ha drevet og drifta garden i generasjonar etter generasjonar.

(representant i VFM)

Det gode livet i Veving er opplevd truga, og for mange er det viktig å poengtere at dei ikkje bur i Veving på bakgrunn av økonomisk gevinst. Det peikast på at mange utanforståande ikkje greier å ta innover seg verdiane som finst i Veving. SV-politikaren held på å bygge eit nytt hus som han skal flytte inn og seier noko av det same som representanten i VFM. Han seier det er fullstendig idioti å bygge eit hus i Veving til tre-millionar kroner, dei pengane vil han aldri kunne sjå att. Likevel ønskjer han så stert bu i Veving slik han oppfattar bygda å vere i dag.

5.6 Nasjonale og internasjonale diskursar i ein kommunal samanheng

Sjølv om eg studerer lokale forventningar i Naustdal så er ikkje slike forventningar noko som oppstår i eit lokalt vakuum innan kommunen sine grenser. Debatten om industrietablering versus vern representerer ikkje noko særegne for Naustdal. Det er relativt enkelt å trekke parallellar til debattar rundt andre store industriprosjekt som har vore under planlagd etablering.

I Trond Nilsen (2002) si hovudfagsoppgåve ”*Eventyret Snøhvit?*” peikast det på korleis dei forventa positive ringverknadane blir styrande for heile den offentlege debatten. Nilsen har studert forventningar til kva *Snøhvitutbygginga* i Hammerfest verkar å vere motivert av. Han peiker på at Snøhvitutbygginga blir framstilt som redninga for byen Hammerfest og at utbygginga møter brei støtte i lokalsamfunnet. Den lokale oppslutninga til Snøhvit verkar å vere stimulert av forventa positive ringverknadar, at nye arbeidsplassar medfører enno fleire arbeidsplassar som igjen fører til vekst og utvikling. Snøhvitprosjektet skal snu den negative befolkningstrenden i byen og vil kunne virke positivt for heile Finnmark. Nilsen peiker også på at dei få personane som

var kritisk til prosjektet blir utdefinert som å vise mangel på patriotisme, det er folk som ikkje vil byens beste og som ikkje er glade i byen sin. Hammerfest blir utan Snøhvit definert som ein stad utan aktivitet, ein stad kor ingenting skjer og med nedgang i både privat og offentleg sektor. Den negative trenden vil berre fortsetje dersom Snøhvit ikkje realiserast i Hammerfest.

Også i Naustdal verkar dei forventa positive forventingane å vere stimulert av ønsket om arbeidsplassar som skal gje uana ringverknadar for kommunen og heile regionen Sunnfjord. Dersom industrien realiserast så blir det fortalt at både Hammerfest og Naustdal vil komme ut av det uføre stadene er oppleve å vere i, og arbeidsplassar vil gje uana vekst og utvikling. På same tid så konstruerast både Hammerfest og Naustdal som triste stader som opplever nedgang, lite aktivitet og fråflytting. Det skapast eit uhyggeleg bilet av kva som vil skje dersom industrietableringane ikkje blir realisert.

Det viktige å tenke på er at utsegn eller ytringar uttrykt i Naustdal og Veiring ikkje berre blir uttrykt lokalt, men at ulike utsegn skriv seg inn i nasjonale og globale diskursar. Det meiner eg kan forklarast ut frå Bakhtin som snakkar om den *snakkande bevisstheit bakom ytringa* (Bakhtin XX, i Imsen 2005: 291). Bakhtin peiker på at alle former for ytringar alltid er produsert av ei underliggende stemme, det er nokon som vil formidle noko ut i frå eit bestemt perspektiv. Ein bodskap gøymer seg difor ikkje berre i ein enkelt bodskap, men heile klangbotnen som personar snakkar utifrå. Eksempelvis ytringar som at arbeidsplassar blir synonymt med positiv vekst og utvikling handlar om at menneske eksisterer i eit spesifikt sosialt miljø, dermed vil personens «stemme» reflektere det. Isolerte «stemmer» finst ikkje slik Bakhtin ser det. Ei «stemme» blir difor den plattforma vi menneske snakkar ut i frå, og det blir den plattforma vi lyttar med. Vi hører ikkje berre med øyrene, vi oppfattar det som blir sagt til oss med heile vårt kognitive og situasjonsbundne meiningssystem. Stemma utgjer ei meiningsberande eining i språkleg kommunikasjon, og må forståast både i forhold til den personen som avgjer den og i forhold til situasjonen eller konteksten som finn stad. Det kan verke som om at tilhengjarar i Naustdal og Hammerfest snakkar ut frå den same «stemma», at det finst ei stor tru på at som ein direkte konsekvens av arbeidsplassar så medfører det stor positiv vekst og utvikling.

Vi ønskje jo vekst i folketal, og skal vi ha vekst i folketallet så må du ha

arbeidsplassar.

(Ordførar)

Denne ytringa viser noko av det som verkar å vere gjeldande for både i Hammerfest og Naustdal. At slike utsegn skriv seg inn i eller bygger på meir overordna diskursar om utvikling og vekst for å skape og bli gitt politisk legitimitet. Som sagt så er ikkje ein slik bodskap berre ein enkelt bodskap, men heile klangbotnen ordføraren snakkar ut i frå. Hans tiltru til arbeidsplassar er ei ytring som verkar å vere nasjonalt fundert. Eg tolkar slike utsegn som at dei bygg på etablerte sanningar for å skape legitimitet for den enkelte bodskapen. Eksempelvis oppfatningar som at dersom Naustdal skal kunne vekse i framtida så må arbeidsplassar etablerast, og difor avhenger Naustdal av Engebøprosjektet. Dette er til tross for at kritiske røyster peiker på at Førde som vekstsenter i fylket mogleggjer busetnad i Naustdal og at dermed er ikkje Naustdal så avhengig av prosjektet for å få til positiv vekst i kommunen. Fleire peiker på at busetnad i Naustdal for alltid vil vedvare så lenge Førde eksisterer.

5.7 Å utdefinere den politiske motparten

Slik eg les ut frå mine data så utdefinerer både tilhengjarar og motstandarar sin politiske motpart. Den politiske motparten blir ofte utdefinert som legitime meiningsytrarar. Det same kan vi sjå i dømet om Snøhvitutbygginga ovanfor, der Snøhvit-motstandarar blei utdefinert som at dei ikkje var ute etter byen sitt beste.

Slik eg viste i førre- og dette kapittelet så forsøker gruvemotstandarar busett i Vevring å seie at dersom folk ikkje deltar på det som føregår i bygda så er ein heller ikkje i stand til å forstå verdiane som finst, eller dei er ute av stand til å forstå kva Engebøprosjektet vil øydelegge for.

(1)Eg kan telle på ei hand dei som brukar fjorden og på same tid er for Engebøprosjektet

(2)Mange av dei som har uttalt seg positivt har ikkje deltatt på Vevringutstillinga og fiskeveka. Dei bur gjerne lengre unna, dei er på ein måte ikkje ein del av Vevring.

(To representanter i VFM)

Utsegna forstår eg å vere nokså vanlege hos dei busett i Vevring som på same tid er imot Engebøprosjektet. Det blir framstilt som at folk på mange måtar må bruke fjorden og naturen eller vere ein del av sosiale tilstellingar for å kunne vere i stand til å forstå verdigrunnlaget i Vevring. Det blir brukt nokre diskursive verkemidlar for å seie noko

om kven som har rett til å definere kva som må vernast. Gruvetilhengjarane som er busett i Vevring blir utdefinert som legitime meiningsytrarar og får dermed ikkje like stor rett til å definere kva som burde vernast og beskyttast. Tilhengjarar busett i Vevring blir forstått å ikkje ta del i det som opplevast som det ”verkelege” Vevring.

Det å utdefinere sin politiske motstandar er ikkje noko særeige for motstandarane. Dei som er positiv til prosjektet forsøker ofte å marginalisere motstanden i Vevring, at gruvemotstanden i realiteten ikkje er så stor. Fleire peiker på at motstanden i Vevring i realiteten er ei lita hardnakka motstandsgruppe som tar på seg retten til å definere kva som er best for bygda, og som ikkje tillét andre røyster å komme til.

Eg får ganske mange signal i frå folk i frå Vevring at dei ikkje tør og stå fram å seie at dei er redd for utviklinga i Vevring. (...) Ja, når eg blir oppringt og får signal om at ”vi tør ikkje sei kva vi meiner fordi vi er venar av nokon motstandarar, og vist vi seie kva vi meiner så blir vi uvenar resten av livet”. Ikkje sant, altså ein vil ikkje sette venskapen på spel, difor held ein stilt.

(Lokalpolitikar SP)

Debattane i Vevring er einvegs. Det burde vere rom for at dei som er for også kan få komme til, at dei tør å seie det dei seier til meg for eksempel. Ved neste møte så skal eg få både ein, to og tre til å reise seg ved møte. Eg syns at dei som er for Engebøprosjektet burde komme fram, for det gjer dei ikkje. Dei seier jo berre til meg i det skjulte at dei er for. Eg trur dei fleste er for gruva i Vevring.

(Grunneigar på Engebø)

Under fleire av mine feltsamtaler opplevde eg at det er nokså vanleg å stemple motstandarar av Engebøprosjeket som ”utvandrarar”. Det gjerast fleire forsøk på å skape eit bilet av at det eigentleg ikkje er kommunens innbyggjarar, men at det er folk som har flytta til Bergen eller Oslo som er imot dette prosjektet. At desse ”utflyttarane” berre er interessert i å bevare Vevring som ein feriestad.

Eg tykkjer denne saka blir feil framstilt når det er ”utvandrarar” som frontar saka for dei som er skeptiske til gruvedrifta. Denne saka er viktigast for dei som bur og vil bu i området i framtida både på godt og vondt.

(Lesarinnlegg firda.no¹² 24.03.03)

Når motstanden i Vevring blir forstått å vere ei lita gruppe eller menneske busett andre stadar så meiner fleire at motstanden ikkje er representativt for Vevring som eit heilt

¹² http://firda.origo.no/-/bulletin/show/270884_arbeidsplassar-eller-fraaflytting

bygdesamfunn. Dermed peikast det på at motstandarane får for mykje å seie i den offentlege debatten sidan dei ikkje talar majoriteten si stemme.

Eg meiner at å utdefinere dei blir oppfatta som den politiske motparten blir viktig for å seie noko om kven som skal få rett til å meine noko, og dermed blir det viktig for å styrke eigen argumentasjon og standpunkt.

5.8 Vitskapleg usemje er sentral for det lokale debatten

Også meir vitskapelege miljø debatterar moglege utfall av Engebøprosjektet, spesielt med tanke på sjødeponiet i Førdefjorden. Som eg har nemnt i fyrste kapittel så er det ein relativ stor usemje mellom Norsk Institutt for Vannforskning (NIVA) og Havforskningsinstituttet (HI) med tanke på korleis deponiet vil påverke Førdefjorden, dette er ein debatt som også innbyggjarane i Naustdal kommune fangar opp. Utan å gå inn på detaljar rundt skildringa av deponiet så vil eg berre peike på korleis NIVA og HI presenterer ulike versjonar av kva deponiet kan medføre.

NIVA og HI er ikkje samd i kor vidt steinmassane frå restdeponiet vil halde seg i det regulerte område. Usemja ligg på korleis steinpartiklane vil oppføre seg i vassmassane, og det er spesielt to spørsmål som debatterast; 1) vil steinpartiklane legge seg på fjordbotnen, eller vil steinpartiklane transporterast rundt i fjorden ilag med vassmassane? og 2) kva konsekvensar får dette for fjorden?

NIVA, som har hovudansvaret for Konsekvensutgreiingsdokumentet, seier at konsentrasjonane vil vere så låge at dei ikkje er skadelege for organismar eller har andre miljømessig negative konsekvensar.

Mye taler for at regulær drift av avgangsdeponeringen vil gi begrenseide økologiske virkninger på Førdefjorden i den tid deponeringen foregår og at full restitusjon av bunnsamfunnet på områdene som er blitt dekket av avgang vil skje innen et tidsrom på under 10 år etter avsluttet deponering

(NIVA 21.06.09)

HI på si side peiker på fleire manglar ved sjølve konsekvensutgreiinga, der det reagerast på at Nordic Mining enno ikkje har utvikla den industrielle prosessen. HI reagerar på at verksemda har søkt om deponiløyve utan å vite kor fint steinen må løysast opp og kor mykje kjemikaliar som må brukast i prosessen.

Vi mener at det omsøkte fjorddeponiet ikke fører til en rik og rein Førdefjord. Vår hovedkonklusjon i denne saken er at en så omfattende og langvarig forurensning som deponiet utgjør, vil få store konsekvenser for livet i fjorden. Det ligger klart innenfor vårt ansvarsområde å gjøre myndighetene og samfunnet oppmerksom på hvilke konsekvenser en utbygging av den størrelsesordenen som planlegges i tilknytting til Engebøfjellet, vil kunne få på livet i Førdefjorden.

(HI sitert i Firda: 29.10.10)

Med tanke på miljøkonsekvensar for Førdefjorden så framstiller altså HI og NIVA Engebøprosjketet svært ulikt. For Naustdal kommune sine innbyggjarar blir denne faglege usemja mellom NIVA og HI blir svært viktig for å fortelje om fjorden som blir lagt daud, eller at deponiet i realiteten ikkje vil ha noko særlege negative utfall. Ikkje overraskande så legg tilhengjarar av Engebøprosjektet sin lit til NIVA sine påstandar, mens motstandarar trur meir på det HI seier, i så måte skriv fagdebatten seg inn i den lokale debatten i Naustdal kommune. For mine informantar blir det viktig å styrke eigen argumentasjon og påstandar ved å referere til, eller kritisere NIVA og HI. Alle informantane har klare oppfatningar av kva slags institutt dei meiner har rett og kvifor. Korleis lokalbefolkinga argumerterer for kva som vil skje med Førdefjorden har også sin vitskapleg referanseramme.

Eg gjer ikkje anna enn å referere til faktaopplysninga. Du skal referere til fakta, eller så kan ikkje eg godta eit argument. (...) KU det er fakta for meg og den er laga av godt anerkjende forskarar. Eg stolar ikkje like mykje på Hayforskningsinstituttet fordi dei går rett og slett i mot ting som dei burde tatt omsyn til. Eg har gått igjennom dette med dei litt meir erfarte politikarane og dei var openbart einige i at det var veldig mange faktafeil hos HI. Fleire av dei feila var påpeikt til meg av politikarane.

(AUF og leiar av ungdomsrådet)

Det er eit nokså vanleg utsegn ungdomstyreleiaren fortel, nemleg at HI har mange ”faktafeil” og at desse faktafeila omhandlar at HI ikkje er ein nøytral part i denne saka. Fleire har ymta fram at HI blandar seg inn i forhold dei ikkje skal uttale seg om og at HI driv ein utilbørleg profesjonskamp, mens NIVA blir forstått å vere den objektive parten i saka. Til desse useagna meiner motstandarar av Engebøprosjektet at folk i realiteten fryktar kunnskapen HI bidrar med, fordi denne kunnskapen ikkje passar med ønskja resultat.

Hayforskningsinstituttet har jo bidrige litt på konsekvensutreiinga og har jo

faktisk i tillegg gjort litt ekstra. Ikkje mykje ekstra, men noko. Og med berre litt ekstra innsats har dei komme fram til at deponiet er veldig uheldig for fjorden. Då er det veldig vanskelig å stole på det NIVA har skrivet i sin rapport for fleire år sidan og det på eit dårligare grunnlag. Det er veldig vanskelig å forstå at når NIVA har gjort ei dårligare undersøking og at vi dermed skal tru på dei, det blir litt bakvendt. Det handlar faktisk om at HI har gjort ei grundigare undersøking, men når folk har så store forhåpningar til arbeidsplassar og økonomi så vel folk å sjå vekk i frå HI. Det blir litt sånn at det er gjort for grundige undersøkingar og fått for grundige svar, nei dette vil vi ikkje høre på. Dette var ikkje det svaret vi ville ha.

(representant VFM)

Mine informantar som er kritisk til Engebøprosjektet legg stor vekt tilleggsinformasjonen som HI har bidrige med, og dei peiker på mange manglar ved NIVA sine påstandar.

Konsekvensutreiingane ser veldig stor og flott ut, men om den vise eit riktig biletet synes ikkje eg, eg trur ikkje da. Eg syns da er litt for enkelt å berre kunne rekne seg fram til kva som kan skje med miljøet og fjorden. Eksempelvis har dei greidd å rekne seg fram til feil vindretning i Vevring. Dei fant jo blant anna ut at det er hovudsakeleg austavind her i Vevring, det er jo ikkje tilfelle. Det veit jo alle som bur her at det er jo ikkje austavind i Vevring. Dei kunne jo berre spurt oss om kva som er vindretninga her i Vevring.

(Lokalpolitikar SV)

Tilhengjarar er på den andre sida er opptatt av at det er konsekvensutreiinga (KU) som må brukast som kunnskapsgrunnlag, og at rapporten er ein av dei største og mest omfattande konsekvensutreiingane som er gjort i Noreg. Det peikast på at KU ikkje kan gje 100% garantiar, men det er likevel den beste informasjonen som føreligg, Eksempelvis har også kommuneadministrasjonen valt å anbefale godkjenning av Engebøprosjektet på bakgrunn av påstandane gitt i KU, og valt å ikkje ta HI sine påstandar til betraktning.

Rådmannen/administrasjonen legg til grunn at Havforskningsinstituttet ikkje har dokumentert tilstrekkeleg den tvil som dei peiker på i utgreiingane og i all hovudsak ikkje har kvantifisert miljøkonsekvensane av risikobilda og mogelege scenario som er beskrive i notat/uttaler og presentasjonar i møte Det er manglar i forhold til relevante samanlikningar/samanlikningområde.

Rådmannen/administrasjonen legg til grunn at tiltakshavar (Nordic Mining) har dokumentert og underbygd sine utgreiingar og utdjupingar. Rådmannen har forstått det slik at fagmiljøa tek som utgangspunkt modellar, fagkunnskap mm som dei i hovudtrekk er samde om.

(Arkivsaknummer 09/126: 24.06.2010)

HI oppfattar at administrasjonens mistillit som oppsiktsvekkande sidan administrasjonen manglar den faglige kompetansen. I ein høyringsutaling seier dei;

Niva får betalt for å gjøre undersøkelser og å skrive rapporter på vegne av Nordic Mining. Vår oppgave som høringsinstans er å vurdere det forliggende materialet, peke på mangler og svakheter.

(Misund og Søvik: 10.09.10).

Den vitskaplege usemja mellom HI og NIVA er svært viktig i debatten om Engebøprosjektet. For dei som deltar i den offentlege debatten brukast det mykje tid på å debattere, kritisere og referere til NIVA og HI sine påstandar. For gruvetilhengjarar er det viktig å vise til NIVA for å syne at det prosjektet i realiteten ikkje er særskilt skadeleg for miljøet og dermed har prosjektet nesten berre positive ringverknadar. Mens dei kritiske røystene kan vise til HI for å seie at heile fjorden risikerar å bli lagt daud og dette prosjektet ikkje berre vil vere øydeleggande for lokalbefolkinga i Veving.

5.9 Å konstruere framtidssforteljingar om Naustdal og Veving

Tabell 2

	<u>Motstandarar</u>	<u>Tilhengjarar</u>
<u>Slik situasjonen er i dag utan Engebøprosjektet</u>	Naustdal og Veving som idyllisk og god	Kommunen som trist, kjedelig og med lite aktivitet
<u>Slik situasjonen vil vere med Engebøprosjektet</u>	Naustdal og Veving som trist, kjedelig og øydelagd	Kommunen med mykje aktivitet, vekst og framgang

Tabellen meint å enkelt illustrere korleis Naustdal og Veving blir skildra med og utan Engebøprosjektet.

Ulike aktørar argumenterer fram ulike moglegheiter og avgrensingar ved Naustdal og Veving for å forklare korleis framtida burde, vil og skal sjå ut. Det føregår eit omfattande diskursivt arbeid for å skildre framtdsutsiktene til kommunen, både med og utan Engebøprosjektet. Slike framtidssforteljingar blir viktige representasjonar for å kunne legitimere for folk sine standpunkt på Engebøprosjektet. Representasjonar er praksisar som meinинг konstituerast og kommuniserast igjennom, ein praksis som produserer og sirkulerer meinинг blant medlemmer av sosiale grupper (Røe, Eidheim, Schmidt: 2002). Eg meiner at i framtidssforteljingar blir meinинг konstituert og kommunisert, det er bilete som sirkulerer blant lokalbefolkinga i Naustdal kommune.

Slike framtidsbilete knytast til ulike konstruksjonar av staden og korleis ulike erfaringar og interesser har betyding for forståinga av kva Naustdal og Vevring er og burde vere.

Ulik diskursiv ståstad kan knytast til forskjellige konstruksjonar av staden (Røe, Eidheim og Schmidt 2002), noko som vil seie at ulik erfaring og interesse av Naustdal og Vevring får betyding for forståinga av kva Naustdal og Vevring er og kva dei burde bli. Eksempelvis om stadane blir definert som *trist* og *kjedelig* eller som *idyllisk* og *god* så får det betyding for kva utvikling folk meiner er ønskjeleg på staden. Eg meiner også at ulik diskursiv ståstad får betyding for korleis lokalbefolkninga forstår positive og negative ringverknadane av Engebøprosjektet.

Slik eg les ut frå mine data blir det viktig å skape framtidsforteljingar av kommunen både med og utan Engebøprosjektet. Både gruvemotstandarar og gruvetilhengjarar skaper kvar sine to framtidsforteljingar, noko som blir viktig for å peike på kvifor Naustdal er avhengig av eller ikkje er avhengig av prosjektet. Framtidsforteljingar blir ein viktig strategi for å skape oppslutning om eigne standpunkt til prosjektet. Lokalbefolkninga skildrar Engebøprosjeket som at det anten vil vere redninga for eller øydeleggande for kommunen. Eg meiner å sjå konturar av to ”spøkelsesstader” som lokalbefolkninga i Naustdal og Vevring konstruerer for seg sjølv.

5.10.1 Den gode staden

Korleis lokalbefolkninga skildrar Engebøprosjektet sine forventa konsekvensar på Naustdal og Vevring som stader er svært viktig for å skape legitimitet. Dei som er positiv til prosjektet vektlegg korleis arbeidsplassar blir synonymt med positiv utvikling, aktivitet og framgang på staden, noko som vil gje uana positive ringverknadar. Forteljingane om den gode staden Naustdal lar vente på seg til Engebøprosjektet realiserast. Forteljingane om at Naustdal har potensial til bli til den gode staden har også eit formål, nemleg vise kvifor Engebøprosjektet er så bra for Naustdal. Engebøprosjektet representerer det som er forstått å vere den gode staden og det er stort sett på bakgrunn av talet på arbeidsplassar.

Hos motstandarar av Engebøprosjektet finst den gode staden her og no. Vevring som ei kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd blir forstått å vere svært viktig, noko som blir forstått å ikkje vere sameineleg med det Engebøprosjektet representerer. Å kunne leve i

og bruke naturen blir sett på som veldig gode kvalitetar og i tillegg er folk i pendleavstand til Førde som er årsaka for at mange har moglegheit til å bu å leve i Vevring.

5.10.2 Spøkelsesstaden

Alternativt til forteljingane om den gode staden meiner eg å sjå konturar av to framtidige ”spøkelsesstader” og som er nokre triste stadsforteljingar. Vevring som ei bygd med storlått kunst, kultur, natur og landbruk vil vere øydelagd av industrien med deponering av avfall, støy, støv, ei framtidsforteljing om det gode staden som er blitt øydelagd av bergverksindustrien. På den andre sida så fortel positive røyster om ei framtida utan menneske, utan økonomi, utan arbeidsplassar og utan skule. Dersom kommunen fortsett i same fotspor som no så vil den døy ut på bakgrunn av industrien som aldri kom. Innbyggjartalet går ned, landbruket forsvinn og alle arbeidsplassane vil framleis vere i Førde.

Det føregår altså eit omfattande diskursivt arbeid for å skape Naustdal og Vevring inn i den eine eller den andre framtidige spøkelsesbygda. Slik sett blir det er ikkje mykje håp att for Naustdal og Vevring, skjer det eine får det konsekvensar for det andre. Industrien vil øydelegge for kunst, kultur, natur og landbruk eller på den andre sida så vil Vevring som kunst-, kultur- og natur- og landbruksbygd blokkere for såkalla kompetansebaserte arbeidsplassar, utvikling, vekst og ei betring av kommuneøkonomien. Slik eg les ut av mine data kan det verke som om lokalbefolkinga skapar for seg sjølv eit val mellom to spøkelsesbygder utan framtid. Det å konstruere framtida i slike triste scenario blir viktige ledd for å skape legitimitet for eigne påstandar. Det blir på mange måtar Naustdal og Vevring som spøkelsesbygder lokalbefolkinga må unngå at realiserast. Desse to spøkelsesbygdene blir konstruert som sanne framtidsforteljingar, og blir brukt for å fortelje om kvifor og kva ein meiner om Nordic Mining si gruvedrift.

Representasjonar slik som stadsforteljingar om det som har vore, er og om det som vil skje med Naustdal og Vevring skriv seg alle inn i ein diskurs om det som forstått å vere den gode og den fortapte staden. På mange måtar er det den fortapte staden alle forsøker å unngå at blir realisert og på same tid som at alle vil ha moglegheit til å leve på den gode staden. Problemet er berre at lokalbefolkinga har ulik forståing av kva ein

god stad er og burde vere og dei har ulik forståing av kva vegen mot det gode staden skal vere.

Kapittel 6: Avslutning

6.1 Innleiing

Bakgrunnen for denne oppgåva har vore den offentlege debatten rundt Nordic Mining ASA sine planar om oppstart av gruvedrift i Naustdal kommune. Ved hjelp av ei sosiokulturell stadsanalyse har eg retta søkelys på den lokale debatten som kommunens eigne innbyggjarar skaper og deltar i. Dette er ein debatt som baserer seg på kva folk forventar prosjektet vil kunne medføre for Naustdal og Vevring som stader. Gjennom innbyggjarane sine forventningar har eg fått tilgang til ulike stadsforteljingar om Naustdal og Vevring, og desse forventningane speglar kvifor kommunen har behov for forandring eller at den må utviklast innanfor dei rammene som allereie eksisterer. På bakgrunn av ulik diskursiv ståstad har folk eit håp eller ei frykt for kva Engebøprosjektet vil kunne betre eller øydelegge for i Naustdal og Vevring.

Problemstillinga slik den blei presentert innleiingsvis lyder som følgjer; *Korleis innverkar planlagd bergverksindustri i lokale diskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere?* I det følgjande skal eg samle trådane som er lagt fram og diskutert i denne oppgåva og eg vil vise korleis Engebøprosjeket faktisk innverkar i lokale diskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere. Men før eg sett endeleg punktum vil eg heilt til slutt gje nokre generelle betraktnigar om kva denne analysen kan vere med på å belyse.

6.2 Ei sosiokulturell stadsanalyse på Naustdal og Vevring

Nyseth og Granås (2007) viser at stadstransformasjonar, slik som omstillingssbygder i frå industristad til kulturstad, ikkje berre omhandlar økonomiske, fysiske eller materielle endringsprosessar, men det rører også ved symbolske og identitetsmessige aspekt ved staden. Slike omstillingssprosessar kan medføre at folk si oppleving av staden endrast slik at den oppfattast som ein annan stad, i så måte er det mentale omstillingssprosessar som er i sving. Naustdal kommune og Vevring kan seiast å vere i starten av ei slik mental omstillingssprosess, ved at nokre stadsforteljingar blir forsterka og nye blir etablert. Kommunen blir framstilt som at gjennom Engebøprosjektet skal den endeleg skal få orden på kommuneøkonomien, få tiltrengte arbeidsplassar, vekst og utvikling noko som er rekna for å vere ein mangelvare i dag. Dermed vil kommunen endeleg til å bli til noko, til ein attraktiv og god stad med nye verksemder og befolkningsauke. Lovnadar om nye 170 arbeidsplassar verkar å vere det overordna

argumentet for viktigheita av prosjektet, og desse skal få kommunen ut av dagens uføre. På den andre sida så opplever fleire av innbyggjarane i Vevring at Engebøprosjeket vil omstille ei attraktiv og aktiv kunst- og kulturygd om til ein daud brakkelandsby. Engebøprosjeket blir såleis ein symbolsk trussel imot eksisterande utvikling på staden og ei kunst- og kulturygd med ein 30-års lang tradisjon opplevast å berre bli lagt daudt med storindustri og industribrakker.

Denne oppgåva er meint å vere eit bidrag til korleis stader kan studerast diskursivt og det burde vere kome klart fram kor komplekst og komplisert det kan vere å forstå ein stad. Røe (2010) seier folk flest i liten grad er seg sjølv bevisst at dei er med på å konstruere og produsere si sosiale og materielle verkelegheit. For folk flest opptrer den sosialt konstruerte verkelegheita som ei naturleg, sann og objektiv verkelegheit, slik *er* verda. Men staden *har* ikkje mening, den *tilskrivast* mening. Når menneske i Naustdal og Vevring fortel meg at slik *er* Naustdal og Vevring som objektive sanningar så er det eigentleg eit uttrykk for ulike diskursive ståstader, det vil seie uttrykk for ulike erfaringar og interesser. Korleis folk tilskriv mening til stader kan få store konsekvensar for kva slags utvikling lokalbefolkninga ønskjer.

Eit sentralt poeng ved ei sosiokulturell stadsanalyse er ikkje å finne fram sanne eller usanne forteljingar, snarare tvert imot så er ein opptatt av å få fram ulike røyster og versjonar for å skildre korleis ein stad og stadsoppfatningar konstruerast gjennom sosiale prosessar på forskjellige måtar. Eit sosialkonstruktivistisk syn på stader opnar for spørsmål som kva eller for kven er det stadsforteljingar blir fortalt for, kva slags interesser er det som blir uttrykt. Ei stadsforteljing er ikkje ein objektiv observert sanning om staden, dermed er det også ein stor politisk- og maktdimensjon ved slike stadsforteljingar. Det er mellom anna gjennom stadsforteljingar at tilhengjarar av gruvedrifta blir i stand til å rettferdigjere at Engebøprosjektet kan ta beslag på fjord og land. Eg har i denne oppgåva vist at ulikt diskursivt utgangspunkt får store konsekvensar for korleis lokalbefolkninga forstår konsekvensane til Engebøprosjektet og eg har vist korleis lokalbefolkninga i Naustdal og Vevring tar i bruk og konstruerar nokre forteljingar for å legitimere for sine synspunkt for den planlagde gruvedrifta.

Ei sosiokulturell stadsanalyse slik som det er presentert i denne oppgåva, kan ikkje gje anbefalte rettingslinjer eller seie noko om kva som vil fungere best eller dårligast for

Naustdal og Vevring, men analysen kan gje ei større eller djupare forståing av dei sosiale prosessane som føregår rundt Engebøprosjeket. Eg meiner at styrken til ei sosiokulturell stadsanalyse er at ein blir i stand til å avdekke diskursive praksisar på stader og at ein dermed har gode moglegheiter for å studere sosialt liv og kulturelle uttrykk. Slike kulturelle uttrykk blir svært tydlege i samband med Engebøprosjektet, fordi prosjektet provoserer fram ei forhandling eller ein konflikt om kva stad Naustdal kommune og bygda Vevring har vore, er og burde vere.

Eg meiner Engebøprosjektet bidrar til at forteljinga om Vevring som ei kunst-, kultur-, natur- og landbruksbygd blir forsterka fordi den opplevast å vere trua, og dermed blir det satt i gang ein kollektiv kamp for å bevare bygda. Fleire av mine informantar som er busett i Vevring peiker på at utanforståande ikkje greier å ta inn over seg dei eksisterande kvalitetane ved bygda. Dei meiner at Vevring blir forgått av lokalpolitikarar og kommuneadministrasjonen, og at kommunen lar eit heilt bygdelag lide. Mange av bygdas eigne innbyggjarar oppfattar Vevring som ein stad kor det finst mykje positiv aktivitet og utvikling og at fjorden går fram som ein viktig årsak til kvifor folk bur der i dag. Dei som er kritisk til Engebøprosjektet forsøker å presentere Vevring som idyllisk og god, og i denne samanheng blir Engebøprosjektet forstått å bryte med heile livsgrunnlaget til innbyggjarane. Dersom Engebøprosjeket realiserast blir bygda skildra som ei framtidig spøkelsesbygd, der dagens innbyggjarar har flytta vekk og blitt erstatta med industribrakker som innlosjerer menneske utan lokal tilhørsle og vil vere busett andre stader. Bygd, kunst, kultur, natur og fjord vil bli lagt daud og det på bakgrunn av det mange opplever som 70-tallets industripolitikk. Spøkelsesstaden Vevring blir fortalt som ein sann framtid og den blir dermed viktig for å skape legitimitet for eigne påstandar.

Tilhengjarar av Engebøprosjektet definerar derimot kommunen som ein trist og kjedeleg stad med lite næringsverksemeld og som er heilt avhengig av at ny næring etablerast. Det blir fortalt om ein stad utan nokre særlege kvalitetar, det er ein sove- og snyltkommune for Førde, landbruket forsvinn og kommunen opplever fråflytting. Naustdal blir på mange måtar skildra som ein kommune kor lite eller ingenting føregår. Forholda i kommunen ser ikkje ut til å betre seg heller, tvert imot så peiker mange på at desse forholda berre vil forverre seg i framtida. Naustdal taper i konkurransen om turismeauke, næringsetablering og befolkningsauke og slik sett ser ikkje framtida til

Naustdal kommune særleg lys ut, men dersom Engebøprosjektet realiserast så etablerast det såkalla kompetansebaserte arbeidsplassar som vil gje uana positive ringverknadar. Under kommunestyremøtet 11 mai 2011 seier ei kvinne som representerer Høgre;

Engebøprosjektet vil utløyse vekst, eg har ikkje fantasi til å tenke meg dei positive ringverknadane dette vil kunne medføre for Naustdal og Sunnfjord.

Den gode forteljinga om Naustdal kommune lar vente på seg fram til prosjektstart. Arbeidsplassar blir sett på som heile eksistensgrunnlaget til vekst og utvikling i kommunen. Prosjektet vil i følgje tilhengarane sikre befolningsvekst, betring av kommuneøkonomien, bevaring av skular, mindre snylting på Førde, etablering av andre næringar og ein har sikra at ungdomen flyttar tilbake etter enda utdanning. Naustdal vil på bakgrunn av arbeidsplassar framstå som ein attraktiv og interessant stad for unge menneske og familiarar å busette seg, og dersom prosjektet ikkje realiserast vil det gå ille med kommunen. Eg meiner å sjå konturar av ei anna spøkelsesforteljing som er viktig for å argumentere fram eit positivt bilet av Engebøprosjektet. Spøkelsesstaden blir forstått å vere ei sann framtidsforteljing dersom prosjektet ikkje realiserast og som blir skildra for å vise kva Naustdal ikkje må ende opp som. På same måte er det med forteljinga om den gode staden som skal vise kvifor Engebøprosjektet er så bra for Naustdal.

6.2.1 Naustdal og Vevring, nye diskursar

Innanfor visse sosiale samanhengar og tidsrom dannast det 'reglar' for kva som betraktast som gyldig kunnskap, i form av aksepterte og meiningsfulle utsegn om staden, altså er det nokre diskursive handlingsvilkår aktørar må halde seg til. Det eksisterer ikkje så mange ulike forteljingar om Naustdal og Vevring slik dei blir fortalt i samband med Engebøprosjektet, men forteljingane konkurrerer om kva slags forteljing som skal vere den "rette" og få størst nedslagsfelt i lokalbefolkninga. Det er eit sprik mellom ulike interesser i Naustdal angåande kommunens utvikling og det er ei usemjø om korleis kommunen er i dag og korleis den vil og burde sjå ut i framtida. I mine data finn eg to dominerande forteljingar; ei om Vevring og ei om Naustdal kommune, skjønt ikkje alle identifiserar seg med desse to. Det finst også dei som aktivt forsøker å distansere seg i frå desse bileta, men som Søndergaard (2000: 84-85) peiker på vil det alltid vere aktørar som går i mot straumen og som på ein eller annan måte klarar og

posisjonere seg imot dei rådande forteljingane. Men dei rådande forteljingane er nettopp rådande fordi det finst tilstrekkelig mange aktørar som imøtekjem denne i overeinstemming med eigne konstitueringsmoglegheiter.

Dei gode og dei triste forteljingane om Naustdal og Vevring blir fortalt og gjenfortalt gang på gang, dei blir satt i system. Forteljingane fungerer som viktige representasjoner for å argumentere fram eit legitimt syn på Engebøprosjektet og for å skape oppslutning om eigne standpunkt. Det er dagens stadsforteljingar befolkninga håpar Engebøprosjektet skal redde, eller frykta det vil øydelegge for.

Det føregår eit spel om staden der ulike aktørar og interesser kjemper ein innbiten kamp om å definere kva kommunen er i dag og korleis den burde og vil sjå ut i framtida. Spelet om å tilskrive mening til staden utspelar seg i aviser, daglegsamtaLEN, på folkemøte, internett og i andre sosiale tilstellingar. Innbyggjarane fyller stadane Naustdal og Vevring med nytt innhald eller forsterkar eksisterande kvalitetar og manglar. Slik innverkar Engebøprosjektet i lokale stadsdiskursar om kva stad Naustdal og Vevring er og skal vere. I tråd med Follo og Villa (2010) som seier diskursar om bygda i Noreg har spesielt to dominerande perspektiv, som *trist* og *kjedeleg* eller som *idyllisk* og *god*, så meiner eg dette også er gjeldande for Naustdal og Vevring. Forståinga av Vevring som *idyllisk* og *god* og Naustdal som *trist* og *kjedeleg* blir forsterka av Engebøprosjektet. I tillegg så medfører Engebøprosjektet at innbyggjarane konstruerar framtidsforteljingar om korleis stadane vil komme til å sjå ut både med og utan gruvedrift. Innbyggjarane konstruerer spøkelsesforteljingar som alle skriv seg inn i ein diskurs om den fortapte staden. På mange måtar er det den fortapte staden alle forsøker å unngå at blir realisert og på same tid som at alle vil ha moglegheit til å leve på den gode staden. Problemet er berre at lokalbefolkninga fyller biletet av den gode staden med forskjellig innhald. Alle kjemper om å få leve på den gode staden og alle vil unngå den fortapte staden.

6.3 Ei generell betrakting av kva denne studien kan bidra med på å rette søkelys mot

Det spesielle med bergverksindustri er at industrien er avhengig av å bli etablert på stader kor mineralforekomstane finst. I så måte er det ikkje noko forhandlingsgrunnlag på kvar industrien skal ligge reint geografisk. Det kan difor vere eit stort konfliktpotensial for denne type næring fordi den kan opplevast å gå på akkord med

eksisterande utvikling på stader. Eg meiner det kan vere naudsynt med fleire studiar som studerer liknande tematikk som eg har tatt føre meg i denne oppgåva. Det er ikkje utenkeleg at motstand mot gruveetablering berre vil auke i kraft med forventa vekst innanfor denne næringa, då den vil måtte etablere seg på stader som tradisjonelt sett ikkje har hatt industri tidlegare.

Det kan vere interessant å utvide forståinga av korleis slik industri påverkar lokalbefolkinga, kva sosiokulturelle transformasjonsprosesser blir satt i kraft av slike tiltak? Eg har eksempelvis forsøkt å peike på korleis Nordic Mining ASA sine planar innverkar i diskursar om kva Naustdal og Veving er og skal vere. I mi oppgåve viser det seg problematisk å få ei einsidig lokal støtte for prosjektet, nettopp fordi kommunens innbyggjarar erfarer og definerar staden ulikt og ikkje alle opplever at stadens eksistens avhenger av arbeidsplassar. Då kan det vere interessant å studere kvifor det er slik lokal motstand, og kva slags interesser industrien opplevast å bryte med eller øydeleggje for. Det er ikkje utenkeleg at framtidig bergverksetablering i Finnmark vil møte stor motstand i frå blant anna fiskeri- eller reindriftsnæringa, også der vil det kunne gå føre seg forhandlingar om retten til å definere bruken av eit gitt område. Denne oppgåva representerer noko nytt slik eg ser det. Oppgåva fokuserer på lokalbefolkinga og deira erfaring og forståing av kva ei etablering av storstilt industri vil kunne medføre for stader som tradisjonelt sett aldri har hatt industri.

6.3.1 Arbeidsplassar som einaste mål for positiv distriktsutvikling i Noreg

I mi litteratursøking finn eg svært lite stoff som studerer liknande tilfeller som i denne oppgåva. Det vil seie at eg ikkje finn studiar som studerer problematikk knytt opp i mot industrietablering på stader som tradisjonelt ikkje har hatt industri, eller industrietablering på stader der utvikling innanfor kunst og kultur allereie har føregått i ei årrekke. Etter det eg kan finne, har samfunnsvitskapen mellom anna satt fokus på stader med usikre framtidutsikter innanfor tradisjonelle bygdenæringer, eller vore opptatt med nødvendige omstillingss prosesser etter nedlegging av store verksemder kor det har blitt studert korleis folk på enkelte stader med originalitet får ”ting” til å skje.

Follo og Villa (2010) har mellom anna studert korleis nokre stader etter å ha opplevd ei eller anna form for pessimisme klarar å omstille seg til vere rekna som ein vellukka og særeigen stad. Eit eksempel på ei slik bygd er Vestfossen i Buskerud, som etter

nedlegging av industrien har greidd å omstille seg i frå eit rykte som ei daud og kjedeleg bygd til å få ei oppleving av å vere ein stad kor det skjer noko positivt. Etter at dei i Vestfossen bestemde seg for å bli ein kulturhovudstad har befolkninga greidd å snu ei pessimistisk oppleving av bygda til ei oppleving av å bu på ein særeigen og vellukka stad. Vestfossen er i dag ein stad kor folk opplever at det skjer noko, og det på bakgrunn av Morten Viskum sin etablering av Arena Vestfossen og Vestfossen Kunstlaboratorium i den nedlagde cellulosefabrikken vart Vestfossen eit nasjonalt og internasjonalt senter for samtidskunst.

Men kva skjer når det kjem inn ein industriaktør og lover omlag 170 arbeidsplassar på ein stad som allereie har etablert eit stadsimage som kunst- og kultursenter med ei 30 års lang historie. Ei bygd som av eigne innbyggjarar allereie opplever staden for å vere vellukka og særeigen, ei bygd med som greier å marknadsføre seg utanfor kommunens og fylkets eigne grenser. Korleis ser hierarkiet ut då? Har arbeidsplassar og kultur lik posisjon i norsk distriktsutvikling? I mi oppgåve kan det verke som om Vevring som kunst- og kultursenter berre blir anerkjend som god distriktsutvikling i den grad dette ikkje må konkurrere med industriarbeidsplassar. Det at det finst relativ stor motstand mot Engebøprosjektet lokalt i Vevring, verkar ikkje å påverke kommune- og fylkespolitikarane i nemneverdig grad.

Problemet oppstår når arbeidsplassar og kultur må konkurrere om retten til bruk og tolking av staden. Kva er best for staden? Om eg legg til grunn Trond Nielsen (2002) si studie av forventingar til Snøhvitutbygginga og mi masteroppgåve, så verkar det som om vekst og utvikling for distrikta i all hovudsak målast ved mengde arbeidsplassar, noko som får store konsekvensar for innbyggjarane i blant anna Vevring. Når konflikten i Naustdal står mellom etablering av arbeidsplassar kontra bevaring av eit kunst- og kultursenter ser det ut som om sistnemte vil tape, det blir rangert som sekundært. Fylkesrådmannen seier til Firda at han er samd i at Engebøprosjektet vil ha negative konsekvensar, men framhevar dei positive sidene med prosjektet.

Fylkesrådmannen er samd i at rutilgruva vil ha negative konsekvensar for befolkninga på Engebø som må flytte, og forstår at folk i Vevring og kunstnarmiljøet der ser det som problematisk å forene kunst og kultur med eit stort industriføretak 1–2 kilometer unna. Men utsiktene til 170 arbeidsplassar på Engebø og ca 90 avleidde arbeidsplassar i Forderegionen tel meir.

(Firda 24.09.09)

Svært innflytelsesrike aktørar i Sogn og fjordane har sagt seg positiv til Engebøprosjektet som NHO, LO, Fylkesadministrasjonen, Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane og administrasjonen og kommunestyret i Naustdal kommune. Då kommunestyret 11 mai 2011 skulle handsame Engebøprosjektet var det berre fire av totalt tjueein kommunestyrerrepresentantar som stemde i mot Engebøprosjektet og tre av desse fire politikarane er busett i Vevring. Om det hadde vore politikarane i kommunen og fylket som skulle tatt den endelige avgjerda så ville Engebøprosjektet blitt ein realitet. Arbeidsplassar med sine positive ringverknadar er hovudsakleg argumentet for kvifor folk ser på Engebøprosjektet som eit lovande prosjekt. Kritikk mot nødvendigheita av desse arbeidsplassane verkar ikkje å vinne fram. Ei rekke motstandarar av Engebøprosjektet peiker på at det i dag nesten ikkje finst arbeidslause i Vevring og i Naustdal kommune, at det er Florø og Førde som vekstsenter som moglegger busetnad i Naustdal og Vevring og at stadane dermed fungerer godt som ein forstad til desse to bykommunane. Mange reagerer på viktigheita med desse arbeidsplassane ettersom storparten av Naustdal kommune sine innbyggjarar er busett berre 15 minuttars køyretur unna Førde sentrum.

Det finst altså nokon som ikkje heilt ser nødvendigheita av desse nye arbeidsplassane. Likevel verkar det som om desse stemmene blir marginale i mot dei kreftene som hevdar at Naustdal sin eksistens avhenger av Engebøprosjektet. Kanskje det ikkje finst andre gode måtar å måle positiv distriktsutvikling enn gjennom mengde arbeidsplassar i distriktsfylket Sogn og Fjordane og elles i distrikts-Noreg? I eit hierarki mellom arbeidsplassar og kultursatsing så går arbeidsplassar fram som viktigare en kultur. Det kan verke som om Vevring blir berre anerkjend som vellukka i den grad det ikkje finst andre moglegheiter for bygda. Konkurranse fører til at nokre stader vinn, mens andre tapar, og den positive kunst og kulturaktiviteten som føregår i bygda blir ofra for noko som er oppleve som viktigare, nemleg arbeidsplassar.

Litteraturliste

Aase og Fossåskaret 2007: Skapte virkeligheter – Om produksjon og tolking av kvalitative data. Oslo: Universitetsforlaget.

Follo og Villa 2010: Å bygge staden Stein på Stein. I Borch og Førde (red.) *INNOVATIVE BYGDEMILJØ – Ildsjeler og nyskapningsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Fossåskaret, Erik (2007): Kapittel 4 – SAMFUNNSFORSKING OG SOILIDARITETSKAMP. Aase, Tor Halfdan og Fossåskaret, Erik (red), *Skapte virkeligheter – Om produksjon og tolking av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget.

Imsen, Gunn (2005): Elevens verden, innføring i pedagogisk psykologi. 4 utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.

Jørgensen, Marianne Winther og Phillips, Louise 2010: Diskursanalyse som teori og metode. 7 opplag. Gylling: Roskilde Universitetsforlag.

Kaarhus, Randi 2001: En Foucault-inspirert diskursanalyse. I sosiologi i dag. 4/2001.

Korsnes, Andersen og Brante 1997: Sosiologisk leksikon Olav Korsnes, Heine Andersen og Thomas Brante (red.) Oslo: Universitetsforlaget.

Kramvik, Britt 2007: flerstedlig og flerstement – som situeringsforsøk i lokalsamfunnsstudier. I Nyseth, Jentoft, Førde og Bærenholt (red), *disiplinenes grenseland. Tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Kvale, Steinar og Brinkmann, Svend (2009): *DET KVALITATIVE FORSKNINGSINTERVJU*. Andre utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Massey, Doreen 1991: The political place of locality studies. I Wilson, Thrift, Johnston, Clark (red), *Environment and planning A*, vol 23. London: Pion Limitet.

Neumann, Iver B 2001: Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse. Oslo: Fagbokforlaget.

Nilsen, Trond 2002: Eventyret Snøhvit – Forventninger til Snøhvit i Hammerfest. Tromsø. Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning, det samfunnsvitenskaplige fakultet, Universitetet i Tromsø.

Nyseth, Toril og Granås Brynhild (2007): Flerfaglig stedsforståelse i analyse av lokale transformasjonsprosesser. I Nyseth, Jentoft, Førde og Bærenholt (red), *disiplinenes grenseland. Tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Røe, Per Gunnar 2010: Hvordan forstå et sted? Om en sosiokulturell stedsanalyse. Album, Nordli Hansen og Widerberg (red), I *Metodene våre. Eksempler fra samfunnsvitenskapelig forskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Røe, Per Gunnar, Eidheim, Frøydis og Schmidt Lene 2002: Sandvika i støpeskjeen: En sosiokulturell studie av stedsutvikling. NIBR-rapport Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.

Silverman, David 2006: Interpreting qualitative data – Methods for Analysing Talk, Text and Interaction. London: SAGE Publications Ltd.

Søndergaard, Dorte Marie 2000: Destabiliseringe diskursanalyse: Veje ind i poststrukturalistisk inspirert empirisk forskning. I Hanne Haavind (red.): *Kjønn og fortolkende metode. Metodiske muligheter i kvalitativ forskning*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Wadel, Cato 1991: Feltarbeid i egen kultur – en innføring i Kvalitativt orientert samfunnsforskning. Flekkefjord: Seek AS.

Avisartiklar

Bergens Tidende 30.08.2010: ”*Unike gyteplassar truga av gruveslam*”

Firda 18.04.09:	” <i>Utbygging i Vevring?</i> ”
Firda: 06.09.10:	” <i>No må politikarane vakne</i> ”
Firda 21.09.09:	” <i>Vevring er kunstverdas våte draum</i> ”
Firda 24.09.2009:	” <i>Villig til å ofre kunstbygd</i> ”
Firda 29.09.10:	” <i>Engebøprosjektet gjev vekst</i> ”
Firda 29.09.10:	” <i>Ingen profesjonskamp i Førdefjorden</i> ”
Firda 25.05.10:	” <i>Arbeidsplassar er grunnleggjande for busetjing i lokalsamfunnet</i> ”
Firda 28.10.09:	” <i>Engebø i år 2062</i> ”
Firda 01.10.10:	” <i>Naustdalspolitikarane sin skjønnhetssøvn</i> ”
Firda 30.10.09:	” <i>Engebøprosjektet – problem eller ressurs</i> ”
Nrk 17.03.10:	” <i>LO går for Engebø-utbygginga</i> ”

Internettressurser

Dagbladet 17.10.09: ”*Den viktigste norske kunstutstillingen du ikke får sett i år*”.

Erlend Hammer.

<http://www.dagbladet.no/2010/09/17/kultur/kunst/utstilling/vevringutstillinga/1344301>

6/. Sist lest 28.04.11.

Nrk 17.03.2010: ”*LO i Sogn og Fjordane er positive til planane om utvinning av rutil i Engebøfjellet*”. http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.7043536.

Sist lest 19.05.11

Firda.no 25.02.09: ”*Dette blir konsekvensen av gruvedrift på Engebø*”.

<http://www.firda.no/nyhende/article4150025.ece>. Sist lest 10.05.11

Firda.origo.no 24.03.09:

http://firda.origo.no/-/bulletin/show/270884_arbeidsplassar-eller-fraaflytting.

Sist lest 30.03.2011

Nærings- og handelsdepartementet 20.03.2009:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/presesenter/pressemeldinger/2009/ny-minerallov.html?id=555903>. Sist lest 13.04.11).

Norges geologiske undersøkelse:

http://www.nussir.no/opplastet/filer/201012231844_76250_Media%20Forsknin_gsrådet%20Store%20mineralmuligheter%20i%20nord%20des10.pdf. Sist lest 24.05.10

<http://www.ngu.no/mineralforekomster/engebofjellet/index.php>. Sist lest 24.05.10

http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_deposit_fakta.Main?p_objid=12376&p_sprak=N. Sist selt 24.05.10

Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kommuner/1433>. Sist lest 30.03.11

Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kommuner/1432>. Sist lest 30.03.11

Sogn og Fjordane Fylkeskommune 10.03.11:

[http://www.sfj.no/cmssff/cmfpublish.nsf/\\$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA?OpenDocument](http://www.sfj.no/cmssff/cmfpublish.nsf/$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA?OpenDocument). Sist lest 29.03.11).

Veving og Omland fjordfiskarlag:

<http://www.vevring.no/fjordfiskarlaget/Pameldte.html>. Sist lest 28.04.11

Andre dokument

Arkivsaknummer 09/126 (24.06.2010): *Reguleringsplan for utvinning av rutil I Engebøfjellet I Naustdal – 2. Gongs handsaming*.

Asplan Viak og Nordic Mining (2009): *Reguleringsplan med konsekvensutredning for utvinning av rutil i Engebøfjellet i Naustdal kommune.*

Norsk institutt for vannforskning (21.06.09): *Effekter av sjødeponi av avgangsmasser fra gruvedrift i Engebøfjellet på Førdefjordens økosystem på kort og lang sikt.* Notat O-28466/3

Misund, Ole Arve og Søvik, Guldborg (10.09.10): *Høringsuttalelse fra Havforskningsinstituttet vedrørende reguleringsplan med konsekvensutredning for utvinning av rutil i Engebøfjellet i Naustdal kommune – Andre gangs høring.*

Vedlegg 1

Informert samtykkeerklæring

Dette er ein studie i forbindelse med Ørjan Stubhaug sitt masterprosjekt i samfunnsplanlegging og kulturforståing. Studien søker, gjennom ei diskursanalyse, å studere debatten angåande planane vedrørande oppstart av gruvedrift i Vevring i Naustdal kommune. Prosjektets formål er å studere kva som kan vere med på å konstruere forventningar til kva Nordic Mining ASA sitt gruvetiltak vil kunne medføre.

Informanten vil i intervjuet bli spurta om sitt engasjement til gruveprosjektet, kvifor han/ho har tatt eit slikt standpunkt og på kva dette vil ha å seie for Vevring, kommunen og regionen. Dersom det er i orden for informanten vil intervjuet bli tatt opp på diktafon. Datainnsamlingane vil bli oppbevart i eit låst skap som berre forskaren har tilgang til, og all data vil bli sletta når studien er avslutta. Studien er frivillig og informanten kan til ein kvar tid trekkje seg, utan nærmere grunngjeving. Informasjonen ein bidrar med vil ikkje bli brukt dersom nokon vel å trekkje seg ut av undersøkinga.

Informanten vil få tilsendt transkripsjonar av intervjuet per e-post og kan gje tilbakemeldingar av eventuelle missforståingar til forskaren. Informanten sitt namn vil ikkje på noko tidspunkt komme fram i oppgåva, men indirekte identifisering i form av tittel, yrkestilhørsle eller engasjement vil kunne bli brukt. Informanten vil få muligheta til å lese og godkjenne bruk av personopplysninga før dette blir brukt i masteroppgåva. Informanten vil, om ynskjeleg, kunne få tilsendt eksemplar av den ferdigstilte oppgåva som takk for deltagninga. Masteroppgåva skal vere klar for innlevering i 16.05.2011, og informanten har mulighet til å trekkje seg i frå undersøkinga fram til denne dato.

Dette prosjektet er meldt til personvernombodet for forsking, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD), for godkjenning. Forskaren er underlagt teieplikt og sensitive data vil bli handsama konfidensielt. Dersom det er nokon ekstra spørsmål vedrørande studien kan informanten kontakte forskarens rettleiar. Rettleiar er fyrsteamanuensis Anniken Førde, anniken.forde@uit.no, 776 45464.

Eg har moteke skriftleg og munnleg informasjon om studien til Ørjan Stubhaug og er på bakgrunn av dette villig til å delta i hans studie. Eg stadfestar å ha moteke ein kopi av denne samtykkjeerklæringa.

Stad og dato

Deltakarens underskrift

Forskarens underskrift

Vedlegg 2

Intervjuguide

Introduksjonsspørsmål

Kan du berre fortelje meg kva yrke, bustad og alder du har?
Kan du fortelje noko om kva arbeidsplassar, natur, kultur for deg betyr?
Kan du fortelje om kva du synes om Nordic Mining sine planar om gruvedrift?
Kva slags ulempar og/eller fordelar meiner du gruvedrifta vil medføre?
Om eg forstår deg riktig så seier du at (...)?
Kva meiner du dette prosjektet vil kunne medføre for Vevring, Naustdal og regionen?

Operasjonaliseringande spørsmål.

Kva tenker du om at Nordic Mining skal drive fjorddeponi?
Kva er det som gjer til at du fryktar/håpar/forventar gruvetiltaket vil kunne medføre for Naustdal kommune, Vevring, og regionen?
Korleis reagerar du/dykk på at nokon seier vi må la arbeidsplassar gå føre miljøomsyn eller omvendt?
Er det nokon andre moglege løysingar for (nærings-)utvikling i Vevring og Naustdal slik du/dykk ser det?
Er det nokon næringar/næringsinteresser som ikkje ynskjer gruvedrifta velkommen?
Har konsekvensutreiingane påverka noko av din innstilling til gruveprosjektet?
Kva skal til for at du endrar standpunkt i saka? Er det i det heile mogleg?
Når du diskuterar dette, kvar eller med kven blir dette gjort? Er det gjennom avisar, på skular, familie, omgangskrets eller andre stader?
Diskuterar du gruveplanane med personar som har eit ulikt standpunkt i saka enn kva du har?

Indirekte spørsmål

Korleis opplever du at denne debatten går føre seg? Har debatten fokus på det du meiner den skal ha, eller er det noko som ikkje kommer med?
Kva trur du/dykk kan vere årsaka til at dette prosjektet har skapt så store konfliktar blant folk? Kva er det folk reagerar på?
Er det er noko som ikkje blir tatt omsyn til i behandlinga av denne saka?

Klargjerande spørsmål

Du/dykk meiner altså at ...?
Kan du/dykk forsøke å klargjere (...)
Om eg seier ... vil du/dykk vere einig dette?
Korleis trur du Naustdal og Vevring vil sjå ut med og utan Engebøprosjektet?
Heilt til slutt er det noko du vil ha sagt som ikkje er kome med til no?

Vedlegg 3

Valfritt pensum SPL - 3900

Kvale Steinar, Svend Brinkmann 2009: *Det kvalitative forskningsintervju.* 2 utgåve. Gyldendal Norsk Forlag AS. Oslo. 313 sider

Røe, Per Gunnar 2010: Hvordan forstå et sted? Om en sosiokulturell stedsanalyse. Album, Nordli Hansen og Widerberg (red), I *Metodene våre. Eksempler fra samfunnsvitenskapelig forskning.* Universitetsforlaget. 17 sider

Silverman, David (2007): Interpreting Qualitative Data - Methods for Analyzing Talk. S63-240. 177 sider.

Flybjerg, Bent og Richardson, Tim (2002): In Search of the Dark Side of Planning Theory. I Allmendinger, P & Tewdwr-Jones, M (red). *Planning Futures - New Directions for Planning Theory.* London: Routledge. 20 sider

Forester, John (1989): Planning in the Face of Power. Los Angeles, University of California Press. Innleing, kapittel 1,2, 3. 53 sider

Jørgensen, Marianne Winther og Phillips, Louise 2010: Diskursanalyse som teori og metode. 7 opplag. Roskilde Universitetsforlag. Kap 1 og 2. 135 sider

Neumann, Iver B 2001: Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse. Fagbokforlaget. 189 sider

Søndergaard, Dorte Marie (2000): Destabilisering i diskursanalyse: Veje ind i poststrukturalistisk inspirert empirisk forskning. I Hanne Haavind (red.): *Kjønn og fortolkende metode. Metodiske muligheter i kvalitativ forskning.* Oslo: Gyldendal akademisk. 44 sider

Røe, Per Gunnar, Eidheim, Frøydis og Schmidt Lene 2002: Sandvika i støpeskjeen: En sosiokulturell studie av stedsutvikling. *NIBR-rapport* Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning. Kapittel 1,2 og 11, 46 sider.

Totalt 994 sider